Det tredje elementet, *medarbeidarskap* rettar merksemda mot medarbeidarar sine eigne roller i forhold til arbeidsmiljø, verdiskaping, innovasjon og gode og effektive arbeidsplassar. Medarbeidarskapet byggjer på dei same grunntankane som myndiggjerande leiing. Gjennom myndiggjerande leiing skal leiaren fremme og støtte den tilsette sitt ansvar, myndigheit og sjølvleiing i arbeidet, noko den tilsette responderer på gjennom eit aktivt medarbeidarskap. Amundsen konkluderer med at å praktisere eit konstruktivt medarbeidarskap bidreg til å realisere empowerment i organisasjonen sidan det er knytt til den styrke, kraft og myndiggjerande former for makt enkeltmedarbeidarar og arbeidsgrupper utviser når dei varetar ansvaret i sine arbeidsroller.

Taket representerer kva grunnmuren og innhaldselementa i huset skal føre til for leiarar og medarbeidar, nemleg ei oppleving av reell autonomi og innflyting, meiningsfulle arbeidsoppgåver, tilstrekkeleg kompetanse og tilhøyrsle i organisasjonen. Til slutt konstituerer modellen at reell empowerment er basert på dei tilsette sine opplevingar av å føle seg myndiggjort. Organisasjonar som ønsker å satse på empowerment, må difor stille seg kontrollspørsmålet: *I kva grad vil dei ordningane, praksisane og strukturane vi legg opp til bidra for å styrke- og oppretthalde tilsette si oppleving av motivasjon, prestasjon, helse (ift. stress og utbrentheit), samt autonomi og tilhøyrsle?* (Amundsen, 2019, s. 258).

Forsking

For å skape eit breiare kunnskapsgrunnlag og gi større moglegheit til forståing og vidare utgreiing om temaet, har eg innhenta forsking i form av artiklar og publikasjonar med utgangspunkt i søketermane *fosterheimar* og *fosterheimsarbeid*. Seinare i skriveprosessen skulle det vise seg nødvendig å også inkludere supplerande kunnskap om endringsarbeid og korleis endring går føre seg i ein organisatorisk praksis. På bakgrunn av at oppgåva er sentrert rundt ei endring som ikkje endå er

iverksett, var det utfordrande å finne kunnskap som spesifikt samsvarar med det oppgåva undersøker. Likevel var det mogleg å hente ut relevante element frå fleire av artiklane.

Forsking på problematikk rundt fosterheimsituasjonar

Dæhlen (2017) presenterer i sin publikasjon, *Betydningen av opphold i fosterhjem for livet som voksen*, forsking som viser til vanskar med å kartleggje eventuelle positive effektar av fosterheimsplasseringar. Angel (2011) viser i *Kurs til foreldre med barn i fosterhjem*, til barneverntenestas kunnskapsmessige ansvar i oppfølgjar-rolla. Ødegård et al. (2015) skildrar i *Utilsiktet flytting fra fosterhjem*, fosterforeldra si sentrale rolle og viser til tolv viktige områder som fosterforeldre ideelt sett skal beherske.

Forsking på endring og endringsprosessar

Kurt Lewin and the Planned Approch to Change av Burnes (2004) og *Lewin Change Model – A critical review*, av Hussain et al. (2016), skildrar begge Kurt Lewin sin modell for planlagt endring. Modellen bygger på tenkinga av at ein endringsprosess skapar eit moment, og at gruppene og- eller organisasjonar som går gjennom endring, gjer dette gjennom tre fasar: Unfreeze (tine) – Move (flytte) – Refreeze (fryse).

Metode

Denne oppgåva rettar seg mot problematikken som kan oppstå i at ansvaret for oppfølging og rettleiing av fosterheimar overførast frå Bufetat til dei kommunale barneverntenestene når den nye barnevernsreforma trer i kraft. Den skal fokusere nærmare på kva utfordringar dette kan medføre for barnevernstenestene som organisasjon, samt korleis det nye ansvaret påverkar profesjonsutøvarane som jobbar i feltet. Overordna skal oppgåva ved organisasjonsforsking sette søkelys på korleis dei kommunale barneverntenestene kan tileigne seg nye arbeidsoppgåver og gjennomføre desse på ein hensiktsmessig måte, samt skape kvalitativt gode praksisar i møte med nye ansvarsområde. For å belyse temaet og skaffe tilstrekkeleg informasjon vart det gjennomført intervju av tre ulike profesjonsutøvarar med forskjellige roller innanfor den kommunale barneverntenesta.

Val av metode

Gjennom heile prosessen er det anvendt kvalitative forskingsmetodar som gjer det mogleg å komme tett inn på temaet ein forskar på, og i tillegg gir godt grunnlag for tilstrekkeleg datainnsamling og supplerande informasjon for å svare på problemstillinga. Kvalitative forskingsmetodar kan gjere arbeidet både veldig spennande og intenst, men også utfordrande, og man må heile tida vere forberedt på å justere på eige prosjekt eller handlingar (Tjora, 2017, s. 15).

Det er i oppgåva anvendt djupneintervju, ein av mange datagenereringsmetodar (Tjora, 2017, s. 113). Djupneintervju gir moglegheit til å komme tett innpå dei tilsette som jobbar i feltet og få deira perspektiv og refleksjonar på temaet. Ein får og moglegheit til å kunne stille oppfølgande spørsmål undervegs, noko som kan bidra til vidare utfyllande og konkrete opplysingar i forhold til forskingsspørsmåla. Samtidig gir djupneintervju eit meir personleg preg på informasjonsinnhentinga, samt at ein kan undersøkje om det verbale harmonerer med det non-verbale i kommunikasjonen.

Noko som kunne vert unngått i forkant av første intervju var at informanten hadde fått tilsendt både prosjektskissa for bacheloroppgåva og intervjuguiden utarbeida til intervjua. I utgangspunktet kunne dette hatt innverknad på intervjuet i den grad at informanten hadde fått tid til å forberede seg til intervjuet, og allereie tenkt gjennom kva vedkommande skulle svare på dei ulike spørsmåla. Dette kunne påverka både dei spontane refleksjonane som skjer i møte med ukjende spørsmål og om det vart gitt opne og ærlege svar. Derimot vart både skisse og intervjuguide endra og oppgåvefokus for heile bacheloroppgåva omformulert etter drøfting med rettleiar i forkant av intervjuet, samtidig som informanten erkjente å ikkje ha fått tid til skikkeleg gjennomgå det som var tilsendt. Det vurderast difor at dette har hatt lite til ingen innverknad på kvaliteten av intervjuet, og at første intervju har hatt same utgangspunkt for spontan refleksjon og direkte, ærlege svar som intervju nummer to og tre. På den andre sida kan det å ha fått tilsendt utfyllande og konkret informasjon om temaet og spørsmåla tiltenkt, i forkant av fokusintervjua, ha gitt meir gjennomtenkte, grundige og gode svar.

Søksprosessen etter faglitteratur

I anvending av faglitteratur er det brukt både faglitteratur som har vært pensum tidlegare gjennom studiet, samt faglitteratur frå bøker av eldre og nyare tid frå biblioteket ved Høgskulen i Volda. Som utgangspunkt har søksprosessen fokusert på terminologiar som *fosterheim, fosterheimar, meistring og myndiggjering, og empowerment*. Dette har gitt utgangspunkt til relevante teoriar som belyser temaet.

Søksprosessen etter forskingsartiklar

I søksprosessen for relevante forskingsartiklar vart søkjemotorane Idunn.no, Oria.no og scholar.google.com brukt, og det vart nytta søketermar som: *fosterheim, fosterbarn, empowerment, leiing, sjølvleiing, medarbeidarskap, endringsarbeid og Lewin change model*. Samtidig vart det også søkt ein del basert på litteratur og kjelder oppgitt i faglitteraturen lånt på biblioteket.

Vidare vart det også nytta nettsider som statistisk sentralbyrå (SSB), bufdir.no, regjeringen.no, veilederen.no og fontene.no. Dette for å innhente statestikk og forsking på ulike sub-tema som *barn i fosterheimar, barnevernsstatestikken, barnevernsreforma (Prop. 73 L),* og *barnevernstilsette sine erfaringar* som kunne underbygge det empiriske og teoretiske materialet som blir presentert i oppgåva.

Djupneintervju

I samsvar med løyve gitt av NSD 12.01.2021 vart djupneintervju av profesjonsutøvarar innan fagfeltet brukt som datagenereringsmetode. Å anvende djupneintervju som datagenereringsmetode innanfor kvalitativ forsking, gjer det lettare for forskarar å skape ein situasjon der det er relativt fri samtale rundt spesifikke tema bestemt på forhand (Tjora, 2017, s. 113). Intervjua hadde ei tidsramme på 60 minutt og fylgde intervjuguiden som var utarbeida på førehand. Likevel vart det stilt oppfølgande spørsmål når det vart opplevd at dette kunne vidare underbygge tema og styrke datagrunnlaget.

Intervjua vart brukt for å studere meiningane, refleksjonane, haldingane og erfaringane til informantane. Alle tre formidla ulike erfaringar rundt temaet fosterheimsoppfølging, og korleis dette arbeidet kan gjennomførast på best mogeleg måte. Det vart formidla mykje interessant og opplysande informasjon som gav eit djupare innsyn i korleis yrkesutføringa går føre seg i praksis. Intervjua gav og ein innsikt i kva dei ulike informantane vektlegg mest, og kva som skil dei frå kvarandre.

Intervju	Stillingstittel	Utdanning	Tid
1 – Informant 1	Fagleiar barnevern	Barnevernspedagogutdanning, bachelor / vidareutdanning i barnevernsleiing	55 minutt og 19 sekund
2 – Informant 2	Sakshandsamar/ barnevernskonsulent	Sosionom, bachelorgrad	66 minutt og 9 sekund
3 – Informant 3	Foreldrerettleiar/ tiltakskonsulent	Sosionom, bachelorgrad / sertifisert PMTO-terapeut	61 minutt og 28 sekund

Tabell 4.1 Oversikt over intervjua

Val av informantar

Under val av informantar til oppgåva vart det bestemt for tre profesjonsutøvarar med sosialfagleg utdanning, med ulike roller/ stillingstitlar innan kommunal barnevernteneste. I forhold til erfaring innan tenesta og sosialfagleg arbeid var det store variasjonar mellom informantane. Der *informant 2* var ferdig utdanna sosionom i 2019 og kan reknast som relativt nytilsett i kommunal barnevernteneste, var *informant 3* ferdig utdanna som sosionom i 1991 og har nærare 30 års erfaring i arbeid med barn, unge og familiar.

Val av informantar skjedde etter dialog med rettleiar. *Informant 1* vart kontakta gjennom nettverket til underteikna, noko som gjorde det effektivt å få avtalt lokasjon og tidspunkt. Under intervjuet gav *informant 1* innspel på kva andre stillingar det kunne vere formålstenleg å snakke med, og *informant 2* og *3* vart kontakta i etterkant av dette. Dialogen med informantane gjekk føre seg gjennom e-post, meldingar og direkte kontakt. Samanfatta gav alle informantane eit godt utgangspunkt for innhenting av empirisk materiale.

Vurdering av utvalet

Etter intervjua var det mykje informasjon å prosessere. Ei føresetnad for materialet er at dette må reknast som subjektive oppfatningar. Sjølv om det kom fram klare likskapar i intervjua er ikkje alle tankar, forståingar og erfaringar like for alle informantane. Likevel styrkar det samanlikningsgrunnlaget å ha tre ulike informantar i ulike posisjonar innan den kommunale barneverntenesta, samtidig som det gir fleire perspektiv på den reelle situasjonen. På basis av dette vart det skreve fleire samandrag, der berre det meste relevante og interessante vart plukka ut for bruk i oppgåva.

Etiske omsyn

I tråd med god forskingsetikk er materialet innhenta med informantane sine samtykke. Alle informantane fekk tilsendt informasjon om lagring av personopplysingar og databehandling og gav sitt samtykke til at informasjonen som kom fram under intervjua kunne nyttast. Samtidig samtykka informant 1 til at det vart gjort taleopptak under intervjuet, noko som vart sett på som tilstrekkeleg då intervjuet vart gjennomført med fysisk oppmøte. Informant 2 og 3 samtykka til videoopptak i forbinding med at desse intervjua vart gjort digitalt.

Datamaterialet som er skildra i oppgåva er, med omsyn til informantane, blitt anonymisert. Det ønskast ikkje å sette noko spesifikt lys på nokon av informantane, men derimot belyse erfaringar i yrkesutføringa, samt kva forskjellar som føreligg i opplevingane rundt møtet med nye arbeidsoppgåver.

Analyse av datamaterialet

Det vart under alle intervjua gjort tale-/ videoopptak. I samanheng med dette og at intervjua føregjekk i ein ein-til-ein samtale vart det tatt ei avgjerd om å ikkje skrive notatar undervegs, dette for å bevare fokus og grunnlaget for oppfølgande spørsmål. I staden vart intervjua transkribert manuelt i etterkant, der det mest relevante vart fanga opp. Ved å ha moglegheit til å spole tilbake i opptaka gav dette ei sikkerheit i at god og viktig informasjon ikkje vart oversett. Samtidig gav det godt grunnlag for samanlikning av likskap og ulikskap blant informantane.

Analysen vart gjennomført med utgangspunkt i det Kvale og Brinkmann (2015, s. 230) kallar *meiningsforfletting*. Meiningsforfletting tydar at man komprimerer intervjuobjektas ytringar, samtidig som man bevarer den umiddelbare meininga. I tråd med dette vart materialet etter transkripsjon kategorisert med utgangspunkt i forskingsspørsmåla, der det vart plukka fram kva funn som vart gjort under intervjua.

For å sikre samanheng vart dei teoretiske perspektiva satt i kontekst med det innhenta datamaterialet ved å anvende ein induktiv metode.

Validitet og reliabilitet

Kvale og Brinkmann (2015, s. 212) definerer *validitet* som gyldigheita av dei funn forskaren presenterer, som kan koplast til alle fasar i forskingsprosjektet. For å styrke validiteten i oppgåva er prosessen og framgangsmåten tydeleggjort og skildra i kvart delkapittel.

Reliabilitet definerer Kvale og Brinkmann (2015, s. 211) som forskarens truverdigheit i framstillinga av materialet. Resultata som presenterast må skilje mellom informantane sine refleksjonar og ytringar, og forskarens eigne tolkingar. I den samanhengen er sitata som er oppgitt i funndelen minst mogleg redigert, for å bevare den originale betydninga. Samtidig er det jobba aktivt for å belyse informantane sine refleksjonar, i ein kontekst av yrkesutøvinga, og tydeleggjere skilet mellom mine tolkingar og informantane sine ytringar.

Funn

Innleiingsvis i oppgåva vart problemstillinga, *korleis kan barneverntenesta skape eit kvalitativt godt oppfølgingstilbod for barn og unge i fosterheimar,* fragmentert og delt inn i to forskingsspørsmål. På bakgrunn av dette har funn-kapittelet to del-kapittel som empirisk svarar på kvart sitt forskningsspørsmål. Oppgåva søker kunnskap om kva tankar og refleksjonar dei tilsette i den kommunale barneverntenesta har rundt det nye ansvarsområdet, med fokus på kva utfordringar som vil kunne oppstå for barneverntenesta som organisasjon, og deretter kva utfordringar endringa vil kunne bringe for dei tilsette i barneverntenesta.

«Kva vil vere utfordringane for barneverntenesta som organisasjon»

Gjennomføringa av omstruktureringa

Det kjem fram av analysen at det når den komande omstruktureringa vart vedtatt, blei satt i gong eit stort pågåande tverrkommunalt prosjekt for alle

kommunane i regionen. Gjennom prosjektet jobbar to prosjektleiarar, tilsett i full stilling, med å finne ut korleis ein kan overta ansvaret Bufetat har hatt, og imøtekomme behovet for rettleiing på ein hensiktsmessig måte. Det blir fortalt om tett dialog mellom barnevernsleiarane og prosjektleiarane. Til tross for dette beskriv informant 1 som er barnevernsleiar, ein framleis veldig uviss situasjon med lite informasjon i forhold til korleis overføring av kompetansen til Bufetat skal gå føre seg:

«Korleis er det tenkt? Korleis skal det gjennomførast? Er det personar frå Bufetat som skal følgje over i våre prosjekt, eller er det opplæring av våre tilsette? Eg har skjønt Bufetat skal vere klare til å overføre kompetansen, men eg aner ikkje kor eller korleis». – Informant 1

Gjennom analysen vart det klart at det føreligg ein stor følelse og ei oppleving av usikkerheit hos alle informantane, knytt til det organisatoriske og korleis overføringa av rettleiingsansvaret reelt skal gå føre seg. Det beskrivast ein klar mangel på tilstrekkeleg informasjon om kva omstruktureringa betyr for både tenestene og dei tilsette i praksis. Informant 2 fortel at «vi føler vi framleis er i ein startprosess der veldig mykje ikkje er avklart. Det er per no ikkje avklart om det er saksbehandlar som skal ha rettleiingsansvaret, eller om vi må omstrukturere tenesta og danne interne omsorgsteam».

Informant 3 viser også til ein mangel på spisskompetanse og eit behov for å få overført kompetanse. Informanten formidlar, i likskap med dei andre informantane ein spenning knytt til uvissheita rundt gjennomføringa: «Eg er spent på om det blir klart, for eg anar ikkje korleis det ligg ann med dei ulike modellane. Veldig uheldig å ikkje kunne planleggje allereie no».

Varierande behov i dei ulike kommunane

Vidare kjem det fram av analysen at det finnast store forskjellar i kor stort behovet for rettleiing til fosterheimar blir i den einskilde kommune, basert på til dels store variasjonar i antall fosterheimsplasseringar. Informant 1, med fleire års erfaring som leiar i ein kommune med omtrent 8000 innbyggarar, beskriv ein tradisjon med få plasseringssaker, der det per no kun er 6 barn plassert i fosterheim. Det beskrivast store utfordringar knytt til å kunne tilby meir spesifikt retta rettleiingstilbod, som til dels grupperettleiing i form av småbarnsgrupper og fagdagar. Informant 1 fortel at *«Vi er ei lita kommune med få fosterheimar og eg ser ikkje for meg at vi klarer dette åleine. Eg ser vi treng eit samarbeid med andre, interkommunalt.»* Ei liknande utfordring beskrivast også av informant 3 som også skildrar ei bekymring for å klare å tilby eit tilsvarande tilbod som andre kommunar: *«Vi har jo ikkje mange plasseringar… Men vi må vite at vi alltid kan ha eit likt tilbod. At det ikkje blir opp til kvar enkelt kommune.»*

I motsetning blir det av informant 2 skildra eit heilt anna behov i forhold til antall fosterheimar. Kommunen informant 2 er tilsett i kan reknast som ein mellomstor kommune og har omtrent 13000 innbyggarar. Til tross for at kommunen ikkje er dobbelt så stor som samanlikninga, skildrar informanten ein situasjon med nesten seks gongar fleire fosterheimar: *«Vi har mellom 40-50 fosterheimar»*. Dette synar ein klar forskjell i det konkrete behovet tenestene vil måtte etterkome. Det blir vidare skildra av informant 2 at barneverntenesta vedkommande er tilsett i har ein heilt anna strategi for å imøtekome behovet: *«Vi er inne i ein prosess der vi i dialog med Bufetat sjekkar ut om vi kan kjøpe konsulenttenester»*. Forskjellane i strategi blir vidare understreka i at informanten ikkje ein gong gjennom intervjuet nemnte, eller tok opp ein modell med tverrkommunalt samarbeid som eit alternativ i utføring av rettleiingsansvaret. I staden synte skildringane, til tross for usikkerheit i forhold til

konkret gjennomføring, ei teneste med ein annan strategi: *«Det er ikkje heilt avklart korleis det blir, om det blir Bufetat eller ein privat stiftelse, eller om vi må utlyse eigne stillingar i tenesta som spesifikt jobbar med oppfølging av fosterheimar»*.

Usikre økonomiske ressursar

Ein annan usikkerheit som synar seg gjennom analysen er knytt til mangelen på informasjon om kva kommunane vil få tilført av auke i forhold til økonomi og budsjett. Det er utan vidare ikkje noko tenestene sjølv kan gjere for å tileigne seg denne informasjonen, då det som informant 1 påpeikar ikkje blir opplyst om dette før statsbudsjettet blir publisert i oktober: *«Det store spørsmålet er økonomi. Vi veit ikkje kor mykje vi får av statlege midlar. Det kjem ikkje før budsjettet i haust»*. Vidare synte informanten at til tross for at tenestene veit at dei får utvida budsjett og auka midlar frå staten, så er der ei usikkerheit knytt til at midlane ikkje blir spesifikt øyremerka for formålet: *«Vi veit vi får tilført midlar, men det blir ikkje øyremerka. Vi må få både pengar og stillingar»*.

Informant 2 utrykker seg også spesifikt til at dei auka midlane ikkje blir øyremerka: «*Tenker vi i vert fall burde fått øyremerka midlar… At det burde vært ein konkret sum for dette opp i mot antall fosterheimar i vår kommune.»* I likskap med informant 1 så blir det skildra ei klar misnøye med at kommunane sjølv står fritt til å prioritere korleis dei auka midlane skal brukast, og vist til at mangel på formalisert øyremerking kan føre til forskjellar i kva kommunane prioriterer. Informant 2 synar og ei klar usikkerheit i forhold til at auka tilskot ikkje blir rekna ut i frå antall fosterheimar i kommunen. Dette kan tenkjeleg ha samanheng med at vedkommande, som tidlegare skildra, jobbar i ei kommune med betydeleg fleire fosterheimsplasseringar enn informant 1.

Til motsetning synte informant 1 ei meir avslappa innstilling til uvissheita rundt det økonomiske: *«Tenker vi berre må lande på noko, så får det økonomiske heller kome i ettertid… Det er veldig mange spørsmål, men vi må klare å leve med at vi ikkje heilt veit korleis det blir.»* Denne avslappa innstillinga kan tenkjeleg ha samanheng med at behovet for oppfølging og rettleiinga av fosterheimar er mindre, noko som gir mindre følelse av bekymring.

Informant 3 synte ikkje usikkerheit eller bekymring knytt til det økonomiske. På oppfølgande spørsmål om tankar rundt det økonomiske viste informanten til at: *«Eg jobbar ikkje med budsjett og klarer dessverre ikkje svare deg på det.»*

Oppsummering - delkonklusjon

Etter å ha analysert datamaterialet og undersøkt forskingspørsmålet; *kva tenkjer tilsette vil vere utfordringane for barneverntenesta som organisasjon,* kan vi så langt konkludere med at det herskar ei gjennomgåande overordna usikkerheit blant intervjuobjekta knytt til ulike tema. For det første korleis omstrukturering av oppfølgings- og rettleiingsansvaret for fosterheimane konkret skal gå føre seg, og korleis gjennomføringa av dette nye ansvarsområdet blir i praksis. For det andre er det usikkerheit knytt til korleis tenestene kan skape eit fullgodt oppfølgingstilbod til fosterheimane basert på at det er eit til dels svært varierande behov i dei ulike kommunane. Og til slutt herskar det usikkerheit hos intervjuobjekta knytt til kva økonomiske ressursar som trengs.

«Kva utfordringar vil kunne oppstå for dei tilsette som skal gjennomføre oppfølging og rettleiing av fosterheimane»

Kunnskap, kompetanse og personalressursar

Den kanskje klaraste usikkerheita kom til syne i refleksjonane informantane presenterte ved spørsmål om tenestene per i dag set med tilstrekkeleg kompetanse til å gjennomføre det nye rettleiingsansvaret. Informantane skildra eit miljø med mykje god kunnskap og kompetanse, men med ein klar mangel på den spisskompetansen dei føler trengs for å tilby eit fullgodt oppfølgingstilbod og utføre arbeidet på ein hensiktsmessig måte: *«Vi har mykje erfaring i tenesta, men den er veldig spreidd. Vi har generalistmodell og ingen som er spesialisert i fosterheimsoppfølging, og eg tenker difor at vi ikkje har nok kompetanse»* (Informant 3).

Dette speglar seg også hos informantane 1 og 2 som i likskap med informant 3 synte til ein sårbarheit knytt til tenestene si organisering etter generalistmodellen, og mangelen på erfaring med fosterheimar: *«Vi har generalistmodell, som betyr vi ikkje har eigne team som jobbar med for eksempel fosterheimar. Eg har erfaring som sakshandsamar og leiar, men har aldri utført rettleiing til fosterheimar»* (Informant 1).

Informant 2 går endå lenger og skildrar ei klar misnøye for generalistmodellen i ein samanheng med fleire og meir omfattande arbeidsoppgåver: *«tenker det til tider kan vere ei begrensing for å skape den gode inngåande kvaliteten i arbeidet. Når oppgåvene blir større for oss, så er eg veldig klar på at vi burde hatt eigne team på omsorgssaker, spesielt fosterheimssaker»*.

Vidare viser også informant 1 og 2 til spesifikk teoretisk og metodisk kompetanse dei opplev manglar i sine tenester: *«Vi må sikre oss god nok, og meir kompetanse, slik som traumebevist omsorg»* (Informant 1);

> *«Det er alltid ein fordel med spisskompetanse rundt dei konkrete behova som kan oppstå hos fosterbarn, stressreaksjonar, traumereaksjonar, tilknytingsforstyrring, diagnosar ol.» (Informant 2).*

I lys av funna ser vi at alle informantane skildrar eit syn på at den faglege kompetansen må vere på plass før ein kan utføre hensiktsmessig rettleiing på eit så omfattande og krevjande ansvarsområde. I tillegg til dette viser informantane i sine refleksjonar rundt det nye rettleiingsansvaret, at dei også innehar ei oppleving av at kunnskapen, kompetansen og personalressursane tenestene har per i dag ikkje kan seiast å vere tilstrekkelege.

Avslutningsvis i intervjua vart det spurt litt rundt temaet arbeidsmengd, utbrentheit og refleksjonar rundt den høge førekomsten av sjukemeldte innan kommunalt barnevern. Informantane beskreiv alle kvar for seg å ha kjennskap til temaet, samt å i periodar ha kjent på følelsen av å vere overarbeid: *«Det er klart at eg fleire gongar har vært det ein kan kalle for utbrent. Ein går i svart, går frå sak til sak på autopilot og veit nesten ikkje kvar ein er»* (Informant 2);

> *«Har følt på at det hopar seg opp og at ein aldri kjem i mål. Ikkje noko god følelse. Det går på deg sjølv og du føler at du ikkje gjer ein god nok jobb» (Informant 3).*

Informant 1 beskriv i tillegg til bekymringar ovanfor seg sjølv, også ei overordna frykt for sine tilsette: *«Eg som leiar kjenner heile tida på redselen for at medarbeidarar skal bli utslitne, utbrent, møte veggen og eventuelt slutte»*.

Samtidig opplyste alle informantane å ha unngått sjukemelding, uavhengig av store forskjellar i kor lang erfaring dei har innan den kommunale barneverntenesta. Ein fellesnemnar som viste seg i refleksjonane rundt temaet var viktigheita av å ha støtte rundt seg i kollegiet. Informantane formidla at det å ha rom for utløp av

fortviling, bekymringar og andre følelsar ein kjenner på i forbindelse med kvardagen er ein hovudfaktor for at arbeidet ikkje skal gå ut over helsa. Informant 3 fortel at:

> *«Eg føler meg trygg for at eg blir høyrt, samt at eg er god til å kjenne på signala når dei kjem, og snakke om dei… Ein må kunne ta opp ting, og ein treng å bli backa opp av andre».*

Oppsummering - Delkonklusjon

På basis av funna og undersøkinga av det andre forskingspørsmålet, *kva utfordringar vil kunne oppstå for dei tilsette som skal gjennomføre oppfølging og rettleiing av fosterheimane*, ser vi at dei tilsette i den kommunale barneverntenesta stiller spørsmål ved om kunnskapen, kompetansen og personalressursane som tenestene har per i dag er tilstrekkeleg for å kunne tilby eit hensiktsmessig oppfølgingstilbod til fosterheimane. Gjennom sine refleksjonar utrykker alle intervjuobjekta at den faglege og metodiske kompetansen må vere på plass i utføring av slikt eit krevjande ansvarsområde. I tillegg kjem det fram at det framleis er usikkert om det i det heile tatt er dagens tilsette i barneverntenestene som skal utføre rettleiinga, om det skal tilsettast nye medarbeidarar med særskilt kompetanse på fosterheimsarbeid, eller om tenestene eventuelt kan delegere ansvaret og kjøpe tenester hos private aktørar. Overordna viser desse usikkerheitene seg som sentrale i undersøkinga av forskingsspørsmålet. Avslutningsvis vart informantane spurt litt om temaet arbeidsmengd, utbrentheit og sjukemeldingar. Tross at alle informantane skildra å ha god kjennskap til arbeidspress, og at frykt for utbrentheit var eit kjent fenomen, hadde alle unngått å ende sjukemeldt grunna belastningar knytt til den generelle yrkesutøvinga.

Diskusjon

I dette kapittelet skal eg sjå nærare på funna og dei empiriske konklusjonane presentert i førre kapittel og drøfte desse ved hjelp av empowerment som teoretisk grunnlag, samt utfyllande faglitteratur og forsking. I likskap med funn-kapittelet er også diskusjonen organisert i to del-kapittel. Kvart del-kapittel tek utgangspunkt i funna presentert i førre kapittel.

Barneverntenesta som organisasjon i omstilling og nye praksisar

Når eg no skal sjå funna i lys av eit empowerment-perspektiv, har det samanheng i at empowerment, i likskap med omstruktureringa snarare kan definerast som ein prosess i staden for eit prosjekt. Difor skal eg sjå på funna i perspektiv av Amundsen (2019) sin Myndiggjeringshus-modell med det sosio-strukturelle-, det psykologisk (individuelle)-, og det kritiske perspektivet, samt fokuset Amundsen skildrar i å frigjere ressursar hos dei tilsette. Eg skal også nytte Dalrymple og Burke (1995, sitert i Fauske & Qureshi, 2010) sin empowerment-modell i tre nivå med klargjering, bevisstgjering og handling. Tematikken blir vidare sett i lys av forsking, spesifikt Kurt Lewin sin endringsmodell, skildra i *Kurt Lewin and the Planned Approch to Change* av Burnes (2004) og *Lewin Change Model – A critical review*, av Hussain et al. (2016).

Eit nyttig verktøy for å forstå store eller små endringar i organisasjonar eller grupper kan vere å sjå endringa i lys av Kurt Lewin sin modell for planlagt endring. Endringsmodellen, som viser til endring av strukturar i organisasjonar og grupper, skildrar eit konstruktivt rammeverk for organisatorisk endring. Modellen bygger på tenkinga av at ein endringsprosess skapar eit moment, og at grupper eller

organisasjonar som går gjennom endring, gjer dette gjennom tre fasar: *Unfreeze* (tine) – *Move* (flytte) – *Refreeze* (fryse). (Hussain et al., 2016, ss. 1-3).

I denne samanhengen representerer unfreeze startfasa når forslaget til barnevernsreforma først vart vedtatt og forarbeida rundt omstruktureringa av oppfølgings- og rettleiingsansvaret vart sett i gong. Som Lewin sjølv skildrar dannar unfreeze-prosessen ofte ei rekke problem i ulike samanhengar (Burnes, 2004, s. 9). Sjølv om kommunane informantane er tilsett i fortel at det tidleg vart sett i gong eit tverrkommunalt samarbeid for å finne løysingar for korleis overføringa kunne gå føre seg, ser vi at dette har gjort lite for å bidra til at informantane opplever sine tenester som klare for å gjennomføre rettleiing til fosterheimar. Dette blir vidare belyst av funna rundt ulike strategiar for utføringa, og usikkerheita om det i det heile tatt er dagens tilsette som skal utføre rettleiinga etter kursing og kompetanseheving, om det må tilsettast nye medarbeidarar med den kompetansen som trengs, eller om tenestene kan nytte seg av private aktørar.

Sett i samanheng med Amundsen (2019, ss. 244-246) sine perspektiv kan omstruktureringa av oppfølgings- og rettleiingsansvaret av fosterheimane seiast å vere ei endring i både praksisane, ordningane og strukturane i sjølve organisasjonen og såleis bidra til endring i både det sosio-strukturelle-, det psykologisk (individuelle)-, og dei kritiske perspektiva. Som Amundsen presiserer heng dei tre perspektiva saman. Dei sosio-strukturelle ordningane og praksisane skal bidra til frigjering av ressursar ved dei tilsette, og gi positive utslag for oppleving av empowerment i arbeidet. Ved så mykje gjennomgåande usikkerheit hos dei tilsette kan det hevdast at eit styrka fokus på tilsettestøttande tiltak internt i tenestene, både i overgangsfasa, og i vidare utføring av rettleiingssarbeidet, blir viktig for å motverke umyndiggjering og oppleving av tiltaksløyse. Tenestene kan eksempelvis med god hensikt nytte modellar for empowerment og myndiggjering i planlegging og utføringa av nye arbeidsoppgåver. Til dels så kan Dalrymple and Burke (Fauske & Qureshi, 2010, s. 274) sin modell i tre nivå vere eit nyttig verktøy for å frigjere ressursar i dei tilsette i tråd med Amundsen sitt sosio-strukturelle-perspektiv.

Ein praksis med gjennomgang og deling av opplevde utfordringar og følelsar knytt til saka og problematikken i forkant av rettleiinga, bevisstgjering på fokuset i arbeidet og ulike innfallsvinklar og strategiar, og til slutt handling i tråd med eit godt strukturert forarbeid, kan vere ein god måte å leggje til rette for kvalitet i både overgangsfasa og i det vidare rettleiingssarbeidet. Dette vil også tenkjeleg bidra til vidare myndiggjering og oppleving av empowerment hos dei tilsette.

Også sett i lys av funna gjort rundt oppleving av arbeidsmengd, utbrentheit og refleksjonar rundt den høge førekomsten av sjukemeldte innan kommunalt barnevern, kan å nytte empowerment i ein praksis retta mot dei tilsette bidra til endringar og styrking av tenestene. Som vi såg av det empiriske materialet var alle informantane kjent med hyppig førekomst av sjukemeldingar i den kommunale barneverntenesta.

Sjølv om tema arbeidspress og frykt for utbrentheit var kjente fenomen og også noko alle informantane rapporterte å ha kjent på til tider, fortalte alle at dei hadde unngått å ende opp som sjukmeldt. Sjølv om grunnen til at alle informantane har unngått dette kan seiast å vere samansett, kan det truleg leggast mykje i at alle informantane er tilsett i tenester med omsynsvis gode rutinar for støtte av dei tilsette. I den forstand kan ein hevde at kommunane informantane er tilsett i, allereie har ein praksis med empowerment i forhold til dei tilsette og tenkjeleg gode forutsetningar for ein vidare styrka praksis.

Oppsummering – Delkonklusjon

Gjennom analysen vart det klart at det føreligg ei oppleving av usikkerheit hos alle informantane knytt til det organisatoriske, og korleis overføringa av rettleiingsansvaret reelt skal gå føre seg. Vidare kjem det fram at det finnast store forskjellar i kor stort behovet for rettleiing til fosterheimar blir i den einskilde kommune, basert på til dels store variasjonar i antall fosterheimsplasseringar. Til slutt viser funna også usikkerheit knytt til kva økonomiske ressursar tenestene får for å gjennomføre det nye mandatet.

Ved så mykje gjennomgåande usikkerheit hos dei tilsette kan det hevdast at eit styrka fokus på tilsettestøttande tiltak blir viktig for å motverke umyndiggjering og tiltaksløyse. Tenestene kan med god hensikt nytte modellar for empowerment og myndiggjering i planlegging og utføring av nye arbeidsoppgåver, og med dette leggje til rette for kvalitet i både overgangsfasa og i det vidare rettleiingssarbeidet. Sidan funna også synar at informantane er tilsett ved tenester som allereie har praksis med empowerment ovanfor dei tilsette, kan det også hevdast at det er tenkjeleg gode forutsetningar for ein vidare styrka praksis, i tråd med prinsippa sentrale i empowerment-tenkinga.

Tilsette i barneverntenesta i utføring av nye arbeidsoppgåver

Vidare skal eg sjå på funna med særskilt fokus på Ellingsen og Skjefstad, samt Solomon sine empowerment-perspektiv om å mobilisere eigne ressursar (Ellingsen og Skjefstad, 2015), og Amundsen (2019) sin myndiggjeringshus-modell med fokus på det psykologiske (individuelle) perspektivet. I tillegg nyttast også element frå publikasjonane til Dæhlen (2017), Angel (2011) og Ødegård et al. (2015).

Forsking på temaet fosterheimar viser til kor omfattande og vid kunnskap som faktisk trengs før ein tenkjeleg har nok kunnskapsgrunnlag for å gjennomføre rettleiing på ein hensiktsmessig måte. Buehler et al. (2006, sitert i Ødegård et al., 2015, s.3) trekkjer fram heile tolv områder som fosterforeldre ideelt sett skal beherske (fritt oversatt):

> *(1) sørge for eit trygt og sikkert miljø, (2) sørge for eit anerkjennande miljø, (3) sørge for utdanning og utviklingsmoglegheiter, (4) ivareta fysiske og psykiske behov, (5) fremme sosial og emosjonell utvikling, (6) verdsette ulikskap og støtte barnets kulturelle behov, (7) støtte barnets framtidsplanar, (8) handtere tvetydigheit og tap, (9) utvikle seg som fosterforeldre, (10) handtere krava ved å være fosterforeldre – personleg og som familie, (11) støtte fosterbarnets nettverk og (12) arbeide som del av eit team.*

Sett i samanheng med at fellesnemnaren hos mange barn i fosterheimar dessverre viser seg i form av psykiske-, emosjonelle-, og sosiale vanskar (Sundt, 2016, ss. 31-36) viser dette til kor omfattande og krevjande arbeidsoppgåve oppfølging og rettleiing av fosterheimane faktisk er.

Frå eit empowerment-perspektiv kan usikkerheita informantane skildrar i sine refleksjonar beskrive dei tilsette som i ein tilstand av unpowerment. Omstruktureringa av oppfølgings- og rettleiingsansvaret opp i mot fosterheimane kan seiast å vere ei såpass stor og organisatorisk endring at det er forståeleg at dei tilsette kan oppleve seg som utanfor og eventuelt umyndiggjort i prosessen. Tileigning av ny og styrka kunnskap og kompetanse kan difor reknast å vere særs viktig for at omstruktureringa skal lykkast.

Samtidig bør dei tilsette ha kjennskap til at fosterforeldra, gjennom si sentrale rolle og nære relasjon til barnet, ofte kan ha kunnskapar om barnet, og vil kunne gi informasjon som kan vere svært verdifullt. Sjølv om tileigning av ny teoretisk

kunnskap rundt faktorar som stressreaksjonar, traumereaksjonar, tilknytingsforstyrringar og ulike diagnosar vil vere viktig, må den som rettleiar også evne å lytte til det fosterforeldra og fosterbarnet formidlar og bruke det som grunnlag i rettleiinga. Utredninga *Fra bruker til borger* (NOU, 2001: 22, sitert i Angel, 2011, s.20) understrekar at offentlege tenester skal vere brukarstyrte. I empowerment-tenkinga står medverknad og anerkjenning av brukarens kompetanse sentralt. Difor kan det hevdast at brukarmedverknad og kunnskapen som trengs for å gjennomføre hensiktsmessig rettleiing går hand i hand.

Som funna viser vil kunnskap rundt utfordringane og dei konkrete behova som kan oppstå i fosterheimar vere viktig, men samtidig må den tilsette som utfører rettleiinga ha ei evne til å vurdere fosterheimssituasjonen heilskapleg. Dette inkluderer evne til å lese mellom linjene og beherske den teoretiske kunnskapen, samt sjå situasjonen frå fleire perspektiv og leggje vekt på brukarmedverknaden. Fosterforeldre rapporterer at utfordringar knytta til samarbeidet med barneverntenesta er den mest avgjerande faktoren for om dei kjem til å fortsette som fosterforeldre eller ikkje (Brown og Calder, 1999, sitert i Ødegård et al., 2015, s.4).

Dersom den som har ansvaret for rettleiinga ikkje har kompetansen eller evner å balansere desse områda, vil ein ikkje klare å skape ein vidareforståing som strekk seg lenger enn kun den teoretiske kunnskapen.

Det kan ikkje forventast at dei tilsette skal klare å tileigne seg denne kunnskapen heilt sjølv. Samtidig som dei med rettleiingsansvar må tilstrekkeleg kursast, må det som skildra i førre delkapittel byggjast opp ytre gode praksisar rundt dei tilsette som skal gjennomføre rettleiinga. Som Ellingsen og Skjefstad (2015, ss. 104-105) viser til kan empowerment bli sett å vere både ein metode og ei teoretisk tilnærming til eit problem. Metodisk nyttast empowerment til å støtte og styrke brukarar som opplever seg som makteslause i sine situasjonar. Sett i ein slik forstand kan ein med god hensikt nytte empowerment til å skape forståing rundt prosessen dei tilsette no er inne i.

Som tidlegare nemnt står anerkjenning av brukaren, i dette tilfelle, dei tilsette sin kompetanse, sentralt i metodisk empowerment. Sett i lys av Amundsen (2019, ss. 243-260) sitt organisatoriske perspektiv på empowerment medfører prosessen også som nemnt å frigjere ressursar hos dei tilsette, og leggje til rette for større makt, myndigheit og ansvar i arbeidsrolla. I likskap med sine eigne brukarar, kan dei tilsette ved at tenestene legg til rette for praksisar med god *myndiggjerande leiing*, få hjelp til å mobilisere eigne ressursar og skape autonomi i utføringa av arbeidet. Dette krev som tidlegare skildra god relasjonsorientert leiing, samhandling, og ein tillitsbasert-relasjon til dei tilsette, for å saman skape gode løysingar og konstruktive nye praksisar. Samtidig må den tilsette vere bevisst på sin eigen empowerment-prosess, og sjølv aktivt ta ansvar og jobbe for eigen myndiggjering, gjennom å utøve ein proaktiv form for *sjølvleiing*.

Som Amundsen (2019, ss. 250-252) presiserer kan sjølvleiing betraktast som ein del av det psykologiske (individuelle) perspektivet, og i sin forstand også seiast å vere nært knytt til at empowerment eksisterer som ein opplevingstilstand i dei tilsette sjølv. Difor kan det å oppleve empowerment ikkje berre seiast å vere eit individuelt ansvar, då eksterne forhold også spelar ei heilt avgjerande betydning. Å måle betydninga eller effektar av fosterheimsplasseringar er vanskeleg. I følgje Backe-Hansen et al. (2014, sitert i Dæhlen, 2017, ss. 18-19) trenger barnevernsbarn noko lengre tid enn sine jamgamle for å lykkast i skulen og i arbeidslivet. I tråd med deira argumentasjon kan eventuelle positive effektar av fosterheimsplasseringa først kartleggast på eit seinare tidspunkt i livet. Dette kan skape ei utfordring i at det også vert vanskeleg å måle den eventuelle effekta av rettleiinga fosterheimane mottek,

noko som igjen gjer det vanskeleg for dei tilsette å oppleve at rettleiinga dei yter har effekt. Dette kan tenkjeleg føre til at tilsette ikkje opplever empowerment sjølv om forutsetningane ligg til rette for det.

Som vi ser av funna er mykje av usikkerheita informantane opplever knytt til eksterne faktorar, og det er såleis lite dei tilsette i den kommunale barneverntenesta kan gjere for å tileigne seg informasjon som kan gjer overgangsperioden meir opplyst. Vidare ser vi av diskusjonen at sjølv om ein praksis med empowerment retta mot dei tilsette kan hevdast å vere hensiktsmessig, så kan kompleksiteten i fosterheimssakene gjere det vanskeleg å sjå målbare resultat av rettleiinga.

Som skildra blir tilstrekkeleg kunnskap og kompetanse rundt problematikk og dei samansette vanskane som oppstår i fosterheimane viktig, og kursing av dei med rettleiingsansvar kan hevdast å vere essensielt, uavhengig om det er dagens tilsette, nye tilsette, eller eksterne aktørar som til slutt ender med oppgåva.

Som Ellingsen og Skjefstad, samt Solomon (2015, ss. 103-105) skildrar kan empowerment bli sett på som både ein metode, ei teoretisk tilnærming og eit mål i seg sjølv. I svaret på problemstillinga; *korleis kan barneverntenesta skape eit kvalitativt godt oppfølgingstilbod for barn og unge i fosterheimar*, blir det difor klart at før tenestene kan skape kvalitet i oppfølginga, må dei med dette ansvaret settast i stand til å skape kvalitet i utøvinga. Før tenestene kan utføre hensiktsmessig oppfølging og rettleiing til fosterheimane, må dei som har rettleiingsansvaret få hjelp til å mobilisere og frigjere eigne ressursar, samt nytte desse ressursane i utøvinga av arbeidet. Dette vil såleis krevje aktiv involvering av både organisasjonen, og dei tilsette.

Oppsummering – Delkonklusjon

I lys av funna vart det klart at informantane stiller spørsmål ved om kunnskapen, kompetansen og personalressursane tenestene har per i dag, er tilstrekkeleg. Frå eit empowerment-perspektiv kan usikkerheita informantane skildrar i sine refleksjonar beskrive dei tilsette som i ein tilstand av unpowerment. Omstruktureringa av oppfølgings- og rettleiingsansvaret opp i mot fosterheimane kan seiast å vere ei såpass stor og organisatorisk endring at det er forståeleg at dei tilsette kan oppleve seg som utanfor og eventuelt umyndiggjort i prosessen. Tileigning av ny og styrka kunnskap og kompetanse kan difor reknast å vere særs viktig for at omstruktureringa skal lykkast.

Forsking på temaet fosterheimar viser til kor omfattande og vid kunnskap som faktisk trengs før ein tenkjeleg kan gjennomføre rettleiing på ein hensiktsmessig måte. Den tilsette som utfører rettleiinga ha ei evne til å vurdere fosterheimssituasjonen heilskapleg. Dette inkluderer evne til å beherske den teoretiske kunnskapen, samt sjå situasjonen frå fleire perspektiv og leggje vekt på brukarmedverknaden.

Samtidig som dei med rettleiingsansvar må tilstrekkeleg kursast, må det som skildra i førre delkapittel byggjast opp ytre gode praksisar rundt dei tilsette som skal gjennomføre rettleiinga. Tenestene bør leggje til rette for praksisar med god *myndiggjerande leiing*, samtidig som den tilsette aktivt må jobbe for eigen myndiggjering, gjennom *sjølvleiing*. Avslutningsvis kan det hevdast at før tenestene kan utføre hensiktsmessig oppfølging av fosterheimane, så må dei med dette ansvaret settast i stand til å skape kvalitet i utføringa av arbeidet.

Konklusjon

Når eg no avslutningsvis skal svare på problemstillinga, *korleis kan barneverntenesta skape eit kvalitativt godt oppfølgingstilbod for barn og unge i fosterheimar*, blir det hevda at før tenestene kan skape kvalitet i oppfølginga, må dei med dette ansvaret settast i stand til å skape kvalitet i utøvinga. Før tenestene kan utføre hensiktsmessig oppfølging og rettleiing til fosterheimane, må dei som har rettleiingsansvaret få hjelp til å mobilisere og frigjere eigne ressursar, samt verktøy til å nytte desse ressursane.

Etter å ha undersøkt forskingspørsmålet *kva tenkjer tilsette vil vere utfordringane for barneverntenesta som organisasjon,* vart det klart at det føreligg ei oppleving av usikkerheit hos alle informantane knytt til det organisatoriske, og korleis overføringa av rettleiingsansvaret reelt skal gå føre seg. Vidare kjem det fram at det finnast store forskjellar i kor stort behovet for rettleiing til fosterheimar blir i den einskilde kommune, basert på til dels store variasjonar i antall fosterheimsplasseringar. Til slutt viser funna også usikkerheit knytt til kva økonomiske ressursar tenestene får for å gjennomføre det nye mandatet.

Ved så mykje gjennomgåande usikkerheit hos dei tilsette kan det hevdast at eit styrka fokus på tilsettestøttande tiltak blir viktig for å motverke umyndiggjering og tiltaksløyse. Tenestene kan med god hensikt nytte modellar for empowerment og myndiggjering i planlegging og utføring av nye arbeidsoppgåver, og med dette leggje til rette for kvalitet i både overgangsfasa og i det vidare rettleiingssarbeidet. Sidan funna også synar at informantane er tilsett ved tenester som allereie har praksisar med empowerment ovanfor dei tilsette, kan det også hevdast at det er tenkjeleg gode forutsetningar for ein vidare styrka praksis, i tråd med prinsippa sentrale i empowerment-tenkinga.

På basis av funna og undersøkinga av det andre forskingspørsmålet, *kva utfordringar vil kunne oppstå for dei tilsette som skal gjennomføre oppfølging og rettleiing av fosterheimane*, ser vi at dei tilsette i den kommunale barneverntenesta stiller spørsmål ved om kunnskapen, kompetansen og personalressursane tenestene har per i dag, er tilstrekkeleg. Frå eit empowerment-perspektiv kan usikkerheita informantane skildrar i sine refleksjonar beskrive dei tilsette som i ein tilstand av unpowerment. Omstruktureringa av oppfølgings- og rettleiingsansvaret opp i mot fosterheimane kan seiast å vere ei såpass stor og organisatorisk endring at det er forståeleg at dei tilsette kan oppleve seg som utanfor og eventuelt umyndiggjort i prosessen. Tileigning av ny og styrka kunnskap og kompetanse kan difor reknast å vere særs viktig for at omstruktureringa skal lykkast.

Forsking på temaet fosterheimar viser til kor omfattande og vid kunnskap som faktisk trengs før ein tenkjeleg kan gjennomføre rettleiing på ein hensiktsmessig måte. Samtidig må den tilsette som utfører rettleiinga ha ei evne til å vurdere fosterheimssituasjonen heilskapleg. Dette inkluderer evne til å beherske den teoretiske kunnskapen, samt sjå situasjonen frå fleire perspektiv og leggje vekt på brukarmedverknaden.

På same tid som dei med rettleiingsansvar må tilstrekkeleg kursast, må det som skildra også byggjast opp ytre gode praksisar rundt dei tilsette som skal gjennomføre rettleiinga. Tenestene bør leggje til rette for praksisar med god *myndiggjerande leiing*, samtidig som den tilsette aktivt må jobbe for eigen myndiggjering, gjennom *sjølvleiing*. Dette vil såleis krevje aktiv involvering av både organisasjonen, og dei tilsette.

Sjølv om bidraget konklusjonsmessig resulterer i ei anbefaling av ein styrka praksis av empowerment retta mot dei tilsette i dei kommunale barneverntenestene,

er anbefalinga knytt til ei endring som ikkje endå er iverksett. Oppgåva blir i den forstand avgrensa av det fakta at det framleis kan skje endringar i månadane fram til reforma trer i kraft 1. januar 2022. På bakgrunn av dette kan det seiast å vere behov for ytterlegare forsking på temaet i åra som kjem.

Kjeldeliste

Amundsen, S. (2019). Empowerment i arbeidslivet - Et myndiggjøringsperspektiv på ledelse, selvledelse og medarbeiderskap. Cappelen Damm Akademisk.

Angel, B. Ø. (2011, 03. November). Kurs til foreldre med barn i fosterhjem - En selvstyring av foreldre? Henta frå Idunn.no: https://www.idunn.no/tnb/2011/03/art06

Barne- og familiedepartamentet. (2017, 31. Mars). Prop. 73 L (2016-2017). Henta frå Regjeringen.no: https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-73-l-20162017/id2546056/

Barne- og familiedepartamentet. (2020, 28. September). Høring av forslag til endringer i forskrift om fosterhjem. Henta frå Regjeringen.no: https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-av-forslag-til-endringer-i-forskrift-om-fosterhjem/id2741966/

Barnevernloven. (1992). Henta frå Lov om barneverntjenester (LOV-1992-07-17-100): Lovdata. https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-07-17-100

Bufdir. (2020, 17. November). Barn i fosterhjem. Henta frå Bufdir.no: https://www.bufdir.no/Statistikk_og_analyse/Barnevern/Barn_og_unge_med_tiltak_fra_barnevernet/barn_i_fosterhjem/

Burnes, B. (2004, 04. September). Kurt Lewin and the Planned Approach to Change : a Re-appraisal. Henta frå scholar.google.com: https://scholar.google.com/scholar?cluster=18021899056841895368&hl=en&as_sdt=0,5

Sosial kontroll handlar i følgje Tøssebro & Berg (2015, s. 235) om kontroll med brukaren, anten eksplisitt eller implisitt. Dette kan kome til syne ved maktforholdet, der sosialarbeidaren finn seg i ein maktposisjon over brukaren. Askheim (2012, s. 76) hevdar at makta kan vise seg i form av teknikkar og ulike tilnærmingar for å få gjennom si vilje. Schiefloe (2011, s. 150) skriv at gjennom den uformelle sosiale kontrollen, som blir utøvd i kvardagen mellom menneske, får ein korrigert og koordinert åtferd. I følgje Askheim (2012, s. 80) kan makta vise seg ved strukturell makt, altså gjennom organisatoriske og fysiske strukturar. Denne type makt kan ha stor påverknad på brukarar og deira følelsesmessig liv. Den kan verke disiplinerande og audmjukande. Askheim skriv vidare at sosialarbeidaren skal jobbe ilag med brukarane slik dei kjem ut av avmakta for å få meir makt og kontroll over eige liv (2012, s. 82).

Det blir nødvendig å sjå på spenningsfeltet mellom hjelp og kontroll når ein miljøterapeut skal jobbe med trusselutsette ungdommar. I følgje Levin (2015, s. 36) skal ein både utøve profesjonell hjelp samt medmenneskelegheit, men også ha styring og kontroll. Yrkesutøvaren står ovanfor ein dobbeltheit som kan verke som motsetningar, då det oppstår fleire dimensjonar på same tid. Levin hevdar at spenningsfeltet er dynamiske og oppstår i same område, og er gjensidig påverka og avhengige av kvarandre (2015, s. 36). Ein viktig del av hjelpen blir å kontrollere og sørgje for at den er rettmessig og bidreg til betring (Levin, 2015, s. 40). Levin skriv vidare at sosialarbeidarens oppgåver i møte med menneske som står i vanskelege livssituasjonar kan blant anna vere å vite når ein skal utøve kontroll, og når ein skal bidra med hjelp. Dette kan f.eks. skje gjennom å snakke med personen og høyre korleis hen tolkar situasjonen. Nokre gonger er ein forplikta og må utøve kontroll på tross av brukaren sine ønskjer, og dette kan verke krevjande for alle partar. Det blir bl.a. viktig med god støtte frå kollega (2015, s. 42). Som sosialarbeidar vil intensjonen vere å forsøke å hjelpe, der det iblant oppstår element av sosial kontroll. Dette kan kanskje også skje impulsivt. Sidan kode 6 inneberer at ungdommane må halde seg skjult, blir naturlig at det oppstår ei ubalanse i makta der sosial kontroll blir synlig.

Sosialarbeidaren sit med mykje makt, og då er det viktig at makta som blir utøvd er rett og rimeleg. Nokre gonger blir det viktig å utføre kontroll for å hjelpe, sjølv om det går i mot barna/ungdommane sine ønskjer. Når det eventuelt blir utøvd

sosial kontroll ovanfor dei trusselutsette ungdommane, blir det viktig å ha ein tilnærming basert på traumebevisst omsorg.

Traumebevisst omsorg

For å skape eit miljø som genererer resiliens og rom for utvikling er det laga ein modell for traumebevisst omsorg (TBO) med tre grunnpilarar av Howard Bath. Den første pilaren er tryggheit, der ein kan føle seg roleg og sikra. Den andre pilaren er etablering av tillitsfulle relasjonar, både til trygge vaksne og sosiale grupper. Den tredje pilaren er affektregulering, der dei traumatiserte skal få hjelp til å takle emosjonar og impulsar som kan oppstå ved utfordringar i kvardagen (Bath, 2015).

Nordanger & Braarud (2017, ss. 150-152) skriv at det kan vere vanskeleg å skape tryggheit for barn/unge utsett for vald og overgrep. Barn/ungdom som blir plassert på kode 6 har mest sannsynleg opplevd vald i form av truslar. Dette kan vise seg i form av at barnet ikkje opplev subjektiv tryggheit, sjølv om omsorgsbasen og strukturen rundt barnet objektivt sett er trygt. Det er ein tidskrevjande prosess å få barnet til å føle seg trygg, og her må ein prøve å identifisere potensielle faktorar som kan utløyse stress og negativ affekt. Noko som kan utløyse ein alarm-reaksjon ved barnet kan f.eks. vere trekk ved omsorgspersonane. Dette kan blant anna vere stemmeleie, heving av augebryn og framtoning. Eit viktig verktøy å bruke for å hindre at dei går i alarmberedskap, men sørgje for utvikling, er å halde eige affektnivå nede. Det å invitere dei inn i roa di har stor regulerande kraft, meir enn kva ein klarer å formidle med ord. For å skape tryggheit for barna/ungdommane vil det også vere hensiktsmessig å leggje til rette for føreseielege planar med mindre forstyrringar, noko som kan verke stressreduserande.

I Handlekraft, eit kompetansehevingsprogram for tilsette i barnevernstiltak, står det at opplevd tryggheit er heilt avhengig av relasjonar. For sunn og positiv utvikling samt vekst er det naudsynt å skape positive relasjonar. Hjernen til barn og unge utsett for traumar kan assosiere vaksne med noko negativt. Dette kan kanskje særleg gjelde barn/unge på kode 6 som har fått påført traume frå vaksne foreldre. Som følgje av dette kan barna/ungdommane bl.a. opptre unnvikande, uvenleg og mistenksame. Nokre viktige oppgåver omsorgspersonane får då er å støtte og hjelpe dei til å endre tankegongen slik dei kan utvikle gode og positive reaksjonar følelsesmessig der dei ser at ikkje alle menneske vil dei vondt. Nordanger & Braarud (2017, s. 64) hevdar at reguleringssystemet til barnet blir utvikla når dei erfarer å bli regulert.

For å oppsummere er TBO ein tilnærming der formålet er å skape tillit og gode relasjonar for å kunne hjelpe barn og unge plassert på kode 6 til å utvikle handtering av følelsar. Dette vil krevje kompetanse og at omsorgspersonane sjølv har affektnivået sitt regulert. Dette blir eit viktig verktøy i den miljøterapeutiske kvardagen.

Forsking på feltet

Tidlegare forsking viser at miljøterapeutar bør sjå bak barnets åtferd og møte dei med forståing, omsorg og venlegheit (Lorentzen, 2020, s. 151). Menneske utsett for vald og krenkelsar kan oppleve å få problem med å stole på folk, som kan føre til mistillit til andre. Dei kan ha behov for å jobbe med relasjonar, slik ein kan byggje opp tillita deira og skape eigenskapar til å forme positive tilknytingar som blir nyttige seinare i livet (Nadim & Orupabo, 2014, s. 45). Ei utfordring som kan oppstå her er at dei kan vere sensitive for den non-verbale kommunikasjonen og misforstå denne, som gir uttrykk for at alarmberedskapen er aktiv som følgje av valdelege opplevingar

(Holth & Vatne, 2018, s 207-208). For å kunne møte barn og unge på ein god måte handlar det mykje om å vere medviten eigen måte å vise følelsar og oppføre seg på. Det blir også grunnleggjande viktig å sjå på korleis eigne fordommar og personlege verdiar kan påverke arbeidet ein gjer (Lorentzen, 2020, s. 152).

Ein miljøterapeut skal ha forståing for at hjelp skjer i dei daglege situasjonane, og ein må ha tid og anledning til å vere aktive og ha eit lyttande øre (Utne, 2005, s. 441). Under opphaldet til personar som har opplevd vald og krenkelsar kan det i første omgang bere preg av kaos, redsel og bekymring (Nadim & Orupabo, 2014, s. 55). For å styrke deira evne til meistring, og bidra til auka eigenverdi og vekst, kan det vise seg at ein bl.a. bør unngå regelstyrt tilnærming. Ved å ha ein involverande arbeidsmetode kan personane oppleve at ein ikkje vidaregfører kva dei skal og ikkje skal gjere. Vidare bør ein jobbe ilag med dei for å fremje sjølvstendigheit og mobilisere eigenstyrke (Holth & Vatne, 2018, s. 209). Som ein del av dette kan dei voldsutsette ta val som verkar lite eigna og forsvarlege i forhold til meistring av kvardagslivet. Personalet kan i slike tilfelle rettleie, vise til sunn fornuft, tydeliggjere konsekvensar av det dei gjer m.m. I ulike tilfelle kan ein også framstå som ein god rollemodell og bruke eigne erfaringar som kan bidra til visualisering og reflektering over eigne val og handlingar (Holth & Vatne, 2018, s. 209).

Holth & Vatne skriv i artikkelen «Miljøterapi for kvinner utsatt for æresrelatert vold – med relasjonen som det bærende element» at psykiske reaksjonar etter traumatiske opplevingar kan ofte kome til uttrykk i helger og på kveldstid. Eit tiltak her blir å lukke ein samtale før personalet går heim, og ikkje avsluttar med noko som er vanskelig. Ein skal så langt som mogleg streve etter å ikkje la dei sitte igjen med triste tankar og eit kaos av følelsar (2018, s. 210). Som ein del av miljøterapien blir det vektlagd samvær med bebuarane, der ein er til stades både fysisk og psykisk. Ein bør blant anna jobbe med sjølvstendiggjering for å styrke deira sjølvfølelse. Dette kan t.d. skje gjennom anerkjenning (Nadim & Orupabo, 2014, s. 60). Som ein del av samværet kan dette innebere å f.eks. lage mat ilag, spele spel, ha yogatimar m.m. Måltidsituasjonar kan invitere til gode samtalar, fine stunder, og nokre gonger planlegging om agendaen for dagen. Situasjonar der personal og bebuarar driv med aktivitetar saman kan føre til sosial kontakt og læring (Holth & Vatne, 2018, s. 211).

Ein eigenskap som blir vektlagt for å verke genuint interessert og ekte i møte med andre er evna til empati (Holth & Vatne, 2018, s. 210). Baar-Dahl framhevar kor viktig empati er for å sjå korleis verden ser ut gjennom andre sine auger, slik ein får ei forståing for korleis situasjonen er for dei. Ein kan deretter hjelpe barna/ungdommane til å sortere tankar og følelsar, og eige opplevingane sine (2019, ss. 147-148).

Oppsummeringsvis ser ein at det blir viktig å vere ilag med barna/ungdommane slik dei kan få skapt positive relasjonar som dei sårt kan trenge. Ein må passe på korleis ein framstår i møte med dei valdsutsette, og ein må også finne potensielle triggarar som utløyser alarmsystemet i hjernen. Ein miljøterapeut må vere aktiv i dei daglege situasjonane, og ha eit lyttande øre. Ein må også vere ein god rollemodell der ein involverer barna/ungdommane, og gjere aktivitetar saman med dei. Empati og sjå korleis den andre har det blir sentrale verdiar i møte med barn/ungdom plassert på kode 6.

Metode

I prosjektet er det nytta kvalitativ forskingsmetode. Denne måten å forske på gir intervjuaren nærleik til informantane der ein får ein open interaksjon (Tjora, 2017, s. 24). Dette kan bety at informantane får utdjupe seg og snakke meir fritt om temaet.

Som ein konkret metode for å hente inn dei empiriske funna har eg nytta meg av dybdeintervju. Ein bruker gjerne dybdeintervju der ein vil studere haldningar, erfaringar og meiningar. Dette kan gjerast gjennom å stille opne spørsmål slik informantane kan gå i djupna på temaet (Tjora, 2017, s. 114). Metoden har ein fenomenologisk tilnærming, der ein i følgje Busch (2013, s. 56) ønskjer å forstå informantane sine ståstadar, og korleis dei reflekterer over oppståtte situasjonar. Prosjektet har eit intensivt design, som eignar seg når ein har få respondentar, men har rikt innhald frå kvar (Busch, 2013, s. 53).

Dei to informantane som er inkludert i utvalet er sosialarbeidarar med til saman 38 års praksis. Dei er tilsett i same institusjon, og har erfart kode 6 på nærhand. Informantane har kunnskap, erfaring og utdanning som må til for å tilføre ønskeleg informasjon for forskingsspørsmåla. Informantane har blitt valt ut av underteikna då eg veit dei sit med særleg kunnskap, og er høgt respekterte og satt pris på av medarbeidarar. Då det eg forskar på er sjeldan, og dei færraste har opplevd kode 6, vart det ikkje innhenta fleire informantar. Då utvalet av informantar er avgrensa kan det påverke funna, der datamaterialet kan verte noko avgrensa. Eg tek også i betraktning at dette er subjektive erfaringar.

Informant	Utdanning	Dato	Lengd
S1	Sosionom	08.04.2021	100 min
B1	Barnevernspedagog	13.04.2021	71 min
Totalt			2t 51min

Eg valde individuelle semistrukturerte intervju slik eg kunne utforske nyansar i opplevingar og erfaringar hjå informantane (Tjora, 2017, s. 114). Informantane fekk ikkje hovudspørsmåla i intervjuguiden utdelt på førehand, men dei fekk temaet for oppgåva i god tid før intervjua fant stad. Sjølv om informantane er drivne personar, fekk dei bestemme kvar dei ville gjennomføre intervjuet, då med føremål at dei skulle føle seg trygge (Tjora, 2017, s. 121). Det første intervjuet vart gjennomført på teams, og varte i 100 minutt. Det andre vart gjennomført fysisk på arbeidsplassen til informanten, og varte i 71 minutt. Totalt utgjorde intervjua nesten 3 timar materiale. Intervjua bar preg av rolig stemning der dei fekk tida til å reflektere over spørsmåla. Til saman hadde eg 55 spørsmål i intervjuguiden min, der nokre var innleiande og avsluttande spørsmål. Nokre spørsmål vart også smelta ilag då informantane svarte på noko som kom seinare. For å få med meg all informasjonen vart intervjua tatt opp. Det å ta opp lyd gjer at ein kan konsentrere seg meir om informantane der ein får flyt i intervjuet (Tjora, 2017, s. 166). Undervegs i intervjua lagde eg også notater. Dette kan i følgje Tjora vere viktig om det oppstår feil med opptakar (2017, s. 168).

Intervjua er fullstendig transkribert. Eg transkriberte innhaldet slik det vart sagt av informantane, samt tatt med tenkepausar og dialektord som kan ha særeigen betyding. Det kan i følgje Tjora vere vanskelig å vite om dette vil ha betyding for analysen, men det vil vere betre å eventuelt droppe det etterkvart (2017, s. 174). Analysen vart koda for hand på Word, då dette viste seg å vere meir effektivt. Eg prøvde meg på MAXQDA, men det vart for mykje å setje seg inn i på kort tid. Analysen har ein førstefase prega av induktiv empirinær koding, der ein tek ut og reduserer empirisk materiale som er viktigast. Kodinga ligg tett på det informantane har uttrykt (Tjora, 2017, s. 197). Under kodinga vart det laga 205 empirinære koder som kom frå lesing av materialet. Her er det mogleg at eg kan ha blitt «styrt» av forforståingane mine der «magefølelsen» kan trekkje ut det som er viktig, men eg har forsøkt å vere så nøytral som mogleg. I tråd med Tjora (2017, s. 207) vart kodene grupperte etter tematisk samanheng. Desse vart utgangspunktet for grunnlaget i

funnkapittelet. Sitat har blitt oversett til nynorsk for å sikre anonymiteten til informantane. Sitata er lettare omskrivne, der «fyllord» er fjerna slik setningane blir lettare å lese. I funnkapittelet omtalar eg informantane som «sosionomen» og «pedagogen». Dette kan hjelpe lesaren til å sjå korleis datamaterialet blir brukt (Tjora, 2017, s. 249).

Under kodegrupperinga vart det laga tre tematiske grupper som informantane snakka mest om. Kodene blei plasserte under kvart tema som dei tilsynelatande passa best inn i. Kodene viste seg at ein kunne knyte til alle kategoriane, så det blei noko vanskelig å plassere dei. Nokre av kodene hamna i ein rest-kategori. Kodene blei grupperte etter det som ville gi mest utfyllande svar på kvart tema. «Sikkerheita på institusjonen», «institusjonslivet på kode 6» og «korleis møte barna/ungdommane» var dei tema eg sat igjen med når analysen var ferdig. Alle kan gi eit svar på problemstillinga med ulike vinklar.

Etiske betraktningar viser bl.a. at behandling av personopplysningar er i samsvar med løyve gitt frå NSD med referansekode 797431. Alle personopplysningar blir sletta innan 30.06.21. Dette inneber å slette koplingsnøkkel, fjerne personidentifiserbare opplysningar og fjerne lydopptak. Rettleiar har godkjent intervjuguiden. Informantane har skrive under på godkjent informasjonsskriv med mal frå NSD, og er dermed informerte om at dei kan trekkje samtykket når som helst. Eg såg på det som vanleg folkeskikk å vere høfleg og respektfull ovafor informantane i intervjua. Hadde det blitt følelsesmessig vanskeleg for informantane ville eg mint dei på at dei kunne avslutte når som helst. Då eg ikkje såg nokon emosjonell reaksjon på nokon av informantane vart ikkje det eit tema. Ein har i følgje Tjora (2017, s. 179) ansvar for å ikkje la informantane kome dårlig ut av intervjuet slik det kan skape konsekvensar for dei. Dette kan unngåast ved å bl.a. la dei sjekke om sitata er skrive rett, sjølv om ein veit ved hjelp av lydopptak nøyaktig kva som blei sagt (Tjora, 2017, s. 181). Funnkapittelet har blitt sendt over til informantane slik dei har hatt moglegheita til å uttale seg om funna.

Pålitelegheit/reliabilitet sei noko om dei data ein har funne, og om ein kan stole på dei. Gyldigheit/validitet er knytt til om dei funna ein har er gyldige for problemstillinga ein har. Generalisering/overførbarheit sei noko om ein kan overføre dei resultata ein får til andre situasjonar (Busch, 2013, s. 62). Resultata er innhenta frå informantar som har erfart kode 6 før. Som nemnt tidlegare er eg sjølv tilsett i same institusjon, og har difor erfart kven som sit med relevant erfaring og kunnskap for å tilføre gode svar til spørsmåla. Hadde utvalet av informantar vore annleis kunne eg enda opp med mindre utfyllande svar då det er noko avgrensa med personar som har jobba med kode 6. Eg prøvde også å halde meg så nøytral som mogleg. Hadde nokon andre enn meg gjennomført intervjuet trur eg dei hadde fått noko liknande og utfyllande svar.

Nokre av spørsmåla blei improvisert undervegs i samtalen der det blei naturleg med oppfølgingsspørsmål. Det vil nok vere variasjon på korleis ulike forskarar ville løyst dette. Hovudspørsmåla blei utforma etter det eg såg på som viktige under miljøterapeutiske auger. Det blei stilt mest opne spørsmål for å la informantane grunngi svara sine der ein unngår faste svaralternativ (ja/nei) (Andersen & Schwencke, 2016, s. 128). Datamaterialet peikar i same retning. Funna er knytt til korleis ein jobbar med kode 6 med barn og unge. Informantane omtalar barn og unge i krise, der måtar å møte dei på vil gjelde for fleire barn enn berre dei på kode 6. Likevel er det lagt størst vekt på sikkerheita, begrensingar o.l. som er spesielle for kode 6. Ser ein meir generelt på funna kan noko av innhaldet overførast til f.eks. vaksne plassert på kode 6. For å få betre flyt/samanheng i teksta vart problemstillinga endra etter analysen vart skriven. Under diskusjonen oppdaga eg eit

meir spennande funn, der eg måtte revurdere forskingsspørsmåla. Forskingsspørsmål 1 som omhandla tverrfagleg samarbeid vart endra til å omhandle hjelp/kontroll. Forskingsspørsmål 3 vart endra frå «den reelle trusselen» til «korleis skape forskjell». Det viste seg at desse kunne gi eit betre bidrag til diskusjonen, og til å svare på problemstillinga.

Ei svakheit med oppgåva kan vere at informantane ikkje fekk utdelt intervjuguiden på førehand, som kunne bidratt til at svara blei meir gjennomtenkte, då det er lenge mellom kvar kode 6-plassering.

Funn

I prosjektet søkjer eg kunnskap om korleis miljøterapeutar kan jobbe for å ivareta trusselutsett barn/ungdom plassert på kode 6. Under intervjua og transkriberinga vart eg merksam på tre hovudtema som gjekk igjen, og som vart grunnlaget for kodegrupperinga: 1) sikkerheita på institusjonen, 2) institusjonslivet på kode 6, og 3) korleis møte barna/ungdommane. Desse er greia ut i det følgjande.

Sikkerheita på institusjonen

Informantane er tydelege på at sikkerheita, både for trusselutsette og tilsette, er noko av det viktigaste under ei kode 6-plassering. Politiet styrer mykje av kva dei kan og ikkje kan gjere, samt legg føringar for trygge plassar å bevege seg i (sosionomen). Empirien viser at begrensingane er til for å oppretthalde tryggheita til dei trusselutsette som fryktar for eige liv. Pedagogen er klar i talen at begrensingane som blir lagt for barna/ungdommane kan variere frå plassering til plassering, alt ettersom trusselnivået. Pedagogen legg til at liv og helse trumfar alt, også rettigheitsforskriften. I følgje sosionomen er det viktig at ungdommane kjenner til kvifor begrensingane er gjort, og på denne måten prøver å gi dei så mykje forutsigbarheit som mogleg: «Det tenkjer eg er superviktig slik at ikkje begrensingane som dei opplever blir meiningslause ting som har blitt kasta på dei av vaksne folk som liksom skal ville dei godt». Informantane meiner at så lenge barna/ungdommane er gamle og/eller kognitivt sterke nok, blir det viktig med så mykje forutsigbarheit som ein klarer å gi dei.

Vidare er det stort fokus frå informantane at samarbeidet med barnevernstenesta og politiet er utrulig nyttig og viktig, der instansane tidlegare har vore veldig tilgjengelege. Politiet er sikkerheitsansvarlege, barnevernstenesta har det overordna ansvaret for barna/ungdommane, og dei tilsette på institusjonen har ansvaret for omsorga. I følgje pedagogen får institusjonen informasjon frå barnevernstenesta som kan omhandle visse personar dei må halde utkik etter. Pedagogen seier at «man skal ikkje utsette seg sjølv for livsfare. Det er politiet sin jobb, og det tenkjer eg er viktig å presisere». Sitatet handlar om at kjem det nokon på institusjonen med våpen, skal ein ikkje risikere livet sitt, og det blir dermed politiet sin jobb å beskytte alle på kode 6. Politiet skal også ha beskjed når ein forlet institusjonen, uansett om det er for ein køyretur eller gjere ein aktivitet. Dette pga. at trusselnivået er så høgt at ein kan risikere å bli oppsøkt på dei fleste plassane (sosionomen). «Vi kan ikkje farte rundt på kjøpesenter i beste sendetid» (pedagogen).

For sikkerheita sin del er det viktig å opprette prosedyrar som sikkerheitsplan, kriseplan og fluktplan. I følgje pedagogen er det eigne prosedyrar i forhold til dokumentasjon då informasjonen er konfidensielt. Arkivverdige loggnotat skal overførast til Ephorte, og det som ikkje er arkivverdig skal slettast (pedagogen). Sosionomen peiker på at dei har standard praksis med låste dører og vindauge.

Sosionomen og pedagogen er klare på at ein skal følgje godt med på omgjevnadane, vere observant og gjerne skrive ned bemerkningar. «Sei vi hadde ein bil, for eksempel. Det var ein blå Ford fiesta med UF-registrering» (sosionomen). Ein skal også alltid registrere kva barna/ungdommane har på seg og korleis dei ser ut (pedagogen). Sjølv om ein skal ha kontroll på det som bevegar seg, er det viktig å ikkje vise det for mykje ovanfor barna/ungdommane, då ein fort kan skape utryggheit: «Går vi å skular og stirrar og ser på alt mogleg rart vil vi få barn som ikkje klarer å slappe av» (pedagogen). Informantane fortel det blir viktig at dei tilsette veit kva dei skal gjere om det oppstår ein situasjon, og gjerne øve på desse. Tilsette kan ofte bli litt meir på, noko som sosionomen kallar for «tenk-om-anfall», medan pedagogen omtalar dette som «føre-var-prinsipp». Begge er einige om at dette kan vere sunt å ha til ei viss grad slik sikkerheita ikkje glepp.

Det blir nærmast ein vanleg praksis med å stenge institusjonen ved ei kode 6-plassering, slik ein ikkje tek inn andre barn/unge. Nokre gongar kjem det litt an på risikobilete. «Vi skal vere veldig restriktive på å ta inn nye barn. Aller helst ønsker ein å skjerme dei mest mogleg» (pedagogen). Det handlar også litt om at barn og unge fort kan røpe kven dei trusselutsette eigentleg er gjennom bileter på sosiale media o.l. Det blir vanskeleg å kombinere «vanlege ungdommar» og kode 6-ungdommar (pedagogen).

Institusjonslivet på kode 6

Informantane la også vekt på institusjonslivet på kode 6. Gjennom analysen vart det klart at det er belastande og veldig inngripande for barn og unge som lev under slike omstende. Sosionomen forklarer korleis eit inntak kan sjå ut, der trusselutsette ikkje har lov til å ha gjenstandar som er sporbare som telefon og sosiale media. Pedagogen legg vekt på at dette kan vere individuelt med tanke på modenheita og motivasjonen til å oppretthalde anonymiteten til barna/ungdommane. Ein må spele på lag med ungdommane, og tek ein inn mobilen skal det gjerast i dialog med dei. «Er det ein umoden 12-åring som er mykje på facebook, insta, snapchat… og dei er litt ukritiske og klarer ikkje å ivareta anonymiteten, så må ein inn med begrensingar». Slike krav om anonymitet kan gjer at det blir lite givande etter kvart for barna/ungdommane, då det blir så isolert for dei. Sosionomen seier at det dermed kan bli vanskelig å finne meining i kvardagen, som krev at ein gir litt ekstra som miljøterapeut. I følgje pedagogen kan motivasjonen til ungdommane dale etter kvart, spesielt der plasseringane og begrensingsperiodane blir lange. «Vi må ha forståing for og prøve å imøtekome behova deira, og prøve å lage kompromiss der vi ikkje klarer å følgje opp på ønsket deira» (sosionomen). Dette kan f.eks. handle om at ein må køyre til ein annan by enn ønskeleg for shopping.

Empirien viser også at barna/ungdommane er frustrerte over folk/venar som er nysgjerrige, og lurer på kvar dei er blitt av. Dei trusselutsette skal ha ny identitet, og dei må dermed få hjelp til å skape ei ny historie som skal sitte som dei skal få eigarskap til. «Historia gjeld ikkje berre for å etablere det nye, den gjeld også for å avslutte det gamle» (sosionomen). Dette må ein gjer før dei skal flytte, sjølv om det vil vere utfordrande for barna/ungdommane då dei har lyst til å behalde venane frå det gamle livet sitt. Dette kan bety at dei må øve på å lyge om seg sjølv, noko som er vanskeleg og krevjande å stå i (sosionomen).

Informantane fortel at det kan vere avgrensa med aktivitetar der ungdommane fort kan bli lei. Sosionomen legg vekt på at for å få ein slags normalitet i kvardagen blir det viktig å kome seg ut og bruke kroppen. Sjølv om det er avgrensa med aktivitetar, er det ting å gjer på institusjonen, alt etter kva ein likar. «Nokon likar å

sitte å teikne, nokre likar å sjå serie/filmar, andre likar å vere ute og sparke ball eller gjer noko fysisk ute» (pedagogen). Sosionomen legg til at ein kan reise til trygge soner som politiet har godkjent og gjere noko der, som for eksempel å bowle, bade eller gå på stranda.

Informantane framhevar tryggheit som viktig. «Ein god kvardag er ein kvardag du klarer å gjere trygg» (sosionomen). Som ein del av det å gjere kvardagen trygg, legg informantane vekt på at det er viktig å inkludere barna/ungdommane i prosessane, slik dei har kjennskap til framdrift og progresjon i saka. Ein må også sikre helsehjelp, sjølv om det kan vere krevjande då ein må beskytte identiteten deira på same tid. Sosionomen peiker på at ein kan lage avtale med dei instansane som gjeld, medan pedagogen snakkar om ei eventuell sikkerheitsklarering, då spesielt om barna/ungdommane følgjer nokon bestemt behandlingsplan. «Det er ein krevjande øving dette til å begynne med, og så holde tilbake opplysningar og ikkje lage journalnotat på det» (sosionomen). Pedagogen fortel at om det oppstår akutte helsesituasjonar, der barna/ungdommane f.eks. har kutta seg, er ein nøydd å dra på legevakta for helsehjelp og bruke dei fiktive namna deira for å oppretthalde anonymitet. Slike situasjonar utanfor institusjonen er i følgje informantane utfordrande men naudsynte, og viser korleis livet på kode 6 kan vere.

Korleis møte barna/ungdommane

Den tredje hovudkategorien det vart prata mest om var korleis møte barna/ungdommane. Datamaterialet viser at det blir stilt store krav til tilsette som skal jobbe. Ein viktig del av jobben er det sosionomen kallar for empatisk identifikasjon – ein prøver å sjå barnets situasjon frå deira perspektiv. Det blir naudsynt å sjå når barna/ungdommane har det vanskeleg, og møte dei med omsorg og forståing (sosionomen). «Ein må vere til stades i opp- og nedturane» (sosionomen). Pedagogen legg vekt på at dei tilsette skal vere gode vaksne rollemodellar som viser mykje omsorg, kjærleik og tryggheit som barna/ungdommane sårt treng. Som ein del av dette fortel sosionomen at ein må vere raus med trøst og hjelpe dei til å setje ord på følelsar. Det blir viktig å vere var for endringar som kan vere teikn på at noko er vanskeleg. «Alt det barnet gjer, gjer det først og fremst for å redusere smerte i seg sjølv» (sosionomen). Dette kan i følgje sosionomen bety at uttrykka er ein måte å dempe eiga smerte utan annan intensjonell hensikt. Ein skal vere så ærlege som mogleg med dei, og ikkje bli tatt i ei løgn: «då forsvinn ein del av dei rammene som skal vere tryggheita deira, som er vi. (...) Vi forsvinn som trygge folk, på eit vis» (sosionomen).

I følgje sosionomen er miljøterapi det beste verktøyet, der relasjon spelar hovudrolla. Pedagogen peiker på at god miljøterapi under ei kode 6-plassering er på lik linje med alle andre plasseringar. Med tanke på andre kulturar og religionar blir det ikkje gjort forskjell på måten ein arbeider med barn/unge på. Det blir viktig å skape gode relasjonar ein kan drive med endring i. Ein må ver god på å opparbeide ein trygg relasjon fort, då plasseringane er kortvarige. «Vi må fort inn å jobbe. Det betyr at vi må vere ute i miljøet ilag med dei (...) og gjere ting ilag med dei» (pedagogen). Pedagogen er også klar i talen at ein skal ikkje vere kompis med dei, der ein må forhalde seg til restriksjonar og ivareta tryggheita. Vidare blir det viktig med sensitive og mentaliserande vaksne, som har kunnskapar om eit traumatisert barn og er nysgjerrige på korleis barna/ungdommane har det (sosionomen). Pedagogen trekk fram traumebevisst omsorg som ein del av miljøterapien, og fortel at det er meir ei haldning enn ei metode, der ein prøver å sjå kva som ligg bak dei uttrykka dei har. «Nokre blir sinte, andre pleasa, (...) andre isolerer seg, nokre vert nummen»

(sosionomen). Sosionomen forklarar at det kan vere vanskeleg for barn/ungdommar med andre kulturelle opphav å uttrykkje seg, der det ikkje blir naturleg å snakke om følelsar der ein skal stenge alt inne. Følelsane blir ofte til aggresjon og sinne. I møte med forskjellige uttrykk fortel sosionomen at det gjeldande då er stabilisering, der ein har kunnskapar om kva som regulerer og dysregulerer eit barn.

Sosionomen seier at ein skal preppe barn/unge til livet etter opphald. Empirien viser at relasjonen ein får må brukast på ein lur måte. Ein bør overføre tryggheita ein representerer til andre tilsette på institusjonen. «Det handlar litt om korleis du brukar idealiseringane og korleis du snakkar med barnet om det» (sosionomen). Idealisering kan oppstå som følgje av at barna/ungdommane opplev deg som ein trygg vaksen. Pedagogen trekk fram kor viktig det er å støtte seg på kollegaer slik ein ikkje blir utmatta av barna/ungdommane. Ein må også vere obs på fare for sekundærtraumatisering der ein kanskje kan kjenne på antipati. Gjer ein det, gjer ein ikkje nokon god jobb lenger (sosionomen).

Drøfting

Betre føre var?

Det blir hevda at sosialarbeidaren sit i ein maktposisjon ovanfor brukaren (Tøssebro & Berg, s. 235), der ein står i eit spenningsfelt mellom hjelp og kontroll (Levin, s. 36). I møte med trusselutsett barn/ungdom plassert på kode 6 rår det liten tvil om at spenningsfeltet er stort. På den eine sida kjem kontrollen til syne ved at det blir lagt begrensingar for bl.a. bevegelsesfriheiter, aktivitetar og personlege gjenstandar. På den andre sida er kontrollen der for å ivareta sikkerheita slik barna/ungdommane ikkje blir lokalisert. I tillegg skal ein utføre hjelp ut ifrå dei begrensingane som blir lagt. Når det gjeld denne hjelpa må den vere rettmessig og bidra til betring (Levin, 2015, s. 40). Ein mogleg måte å sikre dette på er å inkludere barna/ungdommane i prosessane for å skape forutsigbarheit i ein kvardag fylt med uvissheit. Likevel skal ein i følgje informantane vere obs på dette då barna/ungdommane må vere gamle og/eller kognitivt sterke nok til å inkluderast. Dette kan forklarast med at valdsutsette kan ta val som verkar lite eigna/forsvarlege i kvardagen (Holth & Vatne, 2018, s. 209).

Som tidlegare nemnt er informantane klare på at ein skal vere observant på omgjevnadane, og registrere bemerkningar både med barna/ungdommane og andre informasjonsmessige forhold. Først og fremst kan det vere sunt å vere litt føre-var, slik ein er fokusert når ein er på jobb. Det kan derimot verte ei ulempe å bli så oppslukt i detaljar, då dette kan skape utryggheit både for tilsette, men spesielt for barna/ungdommane. Med dette i mente blir ein viktig del av miljøterapien og den traumebevisste omsorga å halde eige affektnivå regulert, slik ein inviterer barna/ungdommane inn i si eiga ro (Nordanger & Braarud, 2017, s. 151). Totalt sett blir det viktig med ein balansegang der ein klarer å få med seg viktige detaljar samstundes som ein held seg roleg ilag med dei trusselutsette.

Med tanke på sikkerheita får ein pålagt prosedyrar/begrensingar ein må følgje frå politi og barnevernsteneste. I den forbindelse kan den sosiale kontrollen kome til syne gjennom organisatoriske og/eller fysiske strukturar, som kan verke disiplinerande og audmjukande for dei berørte (Askheim, 2012, s. 80). På den eine sida har ein sikkerheitsprosedyre med bl.a. låste dører og vindauger, noko som kan verke tryggande for både dei plasserte og tilsette. På den andre sida igjen går dette

imot rettigheitsforskriften, som skal ivareta rettigheitene til dei plasserte på institusjonen. Likevel er det som pedagogen seier, at liv og helse trumfar alt. Som ein del av sikkerheitsprosedyra dei tilsette blir pålagte å jobbe etter, blir det mest føremålstenleg å stengje institusjonen slik ein ikkje tek inn andre barn/ungdom. På denne måten kan ein i følgje informantane skjerme dei mest mogleg og dermed oppretthalde anonymitet. På den andre sida igjen får ein ikkje sosialisert dei trusselutsette med andre barn/ungdommar, noko som kan føre til bl.a. nedstemtheit. Sjølv om ein ønskjer at barna/ungdommane skal ha ein så normal kvardag som mogleg, betyr det ikkje at ein skal risikere at det blir avslørt kvar dei oppheld seg. Dette betyr at sikkerheitsprosedyra som er pålagt må vere såpass strenge at ein klarer å ivareta sikkerheita, slik det ikkje oppstår sikkerheitsbristar der barna/ungdommane eventuelt må flytte.

Oppsummeringsvis og svar på første forskingsspørsmål er at ein kan sjå at spenningsfeltet mellom hjelp og kontroll alltid er avhengige av kvarandre i ein kode 6-samanheng, då det er så viktig med denne kontrollen nettopp for å hjelpe barna/ungdommane med å ivareta anonymitet og sikre at dei held seg skjult. For at hjelpa ikkje skal verke meiningslaus for dei trusselutsette blir det viktig å inkludere dei i prosessane, slik dei får ein sårt trengt forutsigbarheit i livet. Det blir viktig for dei tilsette å halde eige affektnivå nede i møte med det ukjende og kanskje det skumle, slik ein ikkje får utrygge barn. Kollegastøtte kan vere ein viktig del der ein kan lene seg på kvarandre.

Eit lyttande øre og ei hjelpsam hand

Som ein metode i miljøterapien blir grensesetjing for barna/ungdommane ein viktig del av arbeidet (Larsen, 2015, s. 18). Dette kan sjåast i lys av sosial kontroll, men ein del av omsorgsansvaret på ein barnevernsinstitusjon blir å setje rimelege og fornuftige grenser for barna/ungdommane. Med tanke på trusselnivået i ein kode 6-samanheng blir det naudsynt å setje grenser då livet deira står i fare og ein må sørgje for å halde dei skjult. Likevel skal ein ta omsyn til dei plasserte og deira behov, modning og motivasjon (pedagogen). Eit poeng her er at ein må prøve å sørgje for at isolasjonen dei står i opplevast som meiningsfull, sjølv om det er krevjande. Sosionomen har sagt at ein må gi litt ekstra som miljøterapeut under kode 6-plassseringar. Dette kan først og fremst handle om at ein ikkje kan gjere spontane aktivitetar og bevege seg i nærområdet slik ein vanlegvis kan under ei «normal» plassering. Dette betyr at ein dermed må strekkje seg litt ekstra, køyre litt ekstra langt og vere ekstra kreativ.

Tidlegare forsking viser at sosial kontakt og læring kan oppstå i situasjonar der personal og bebuarar finn på aktivitetar ilag (Holth & Vatne, 2018, s. 211). Når det gjeld aktivitetar som barna/ungdommane ønskjer å gjere, må ein sjå på begrensingane som tidlegare er nemnt. På den eine sida blir aktivitetane gjerne avgrensa, men på den andre sida kan ein vere kreativ. Det er ikkje til å stikke under ein stol at fysisk aktivitet er bra for kroppen, og som igjen gir positive ringverknadar for den psykiske helsa. I tillegg til dette kan tilsette bli betre kjend med barna/ungdommane gjennom leik og bevegelse. Som følgje av dette kan det også bli lettare å få til samtale seinare der barna/ungdommane senker skuldrane noko. Det er mogleg å tenkje seg at gjennom fysisk aktivitet kan ein byggje opp tillit der ein skapar gode relasjonar som barna/ungdommane sårt kan trengje. Ved å jobbe med relasjonar kan barna/ungdommane få hjelp til å forme positive tilknytingar som dei kan få bruk for seinare (Nadim & Orupabo, 2014, s. 45). Holth & Vatne hevdar at måltidsituasjonar kan invitere til gode samtalar og fine stunder (2018, s. 211). For det

første er dette ein sosial arena og ein felles aktivitet alle kan samlast til. For det andre kan måltidsituasjonar skape trivsel og deltaking i eit fellesskap. I tillegg kan barna/ungdommane saman med vaksne få utfordra seg på matlaging, noko som kjem godt med til framtidige livssituasjonar.

Det å føle seg trygg er noko omtrent alle menneske ønskjer å kjenne på. For barn/ungdom som har opplevd forsøk på æresdrap kan det tenkjast at det kan opplevast som vanskeleg å føle seg trygg og stole på andre igjen. Empirien viser at ein god kvardag for trusselutsette plassert på kode 6 er ein trygg kvardag. Som tidlegare nemnt i teori er det ikkje sikkert at barna/ungdommane føler seg trygge sjølv om strukturane rundt dei er det. Som ein del av omsorga bør miljøterapeutar finne ut kva som kan utløyse stress og negativ affekt (Nordanger & Braarud, 2017, s. 150). I tillegg kan det kanskje verte ei utfordring med den non-verbale kommunikasjonen, då denne kan aktivere alarmberedskapen i hjernen (Holth & Vatne, 2018, s.207-208). Eit poeng her blir å vere var for korleis ein framstår, der ein er klar over eigne fordommar og verdiar i møte med andre. Dessutan er det som Utne skriv, at ein må ha tid og anledning til å vere aktive og ha eit lyttande øre i dei daglege situasjonane (2005, s. 441).

For å oppsummere både drøftinga og forskingsspørsmål to bør ein miljøterapeut setje klare og tydelige grenser, men ta i betraktning alder og modenheit, samt trusselnivået. Ein må ha forståing for at plasseringane verkar isolerte, der ein må prøve å strekkje seg litt ekstra for å ivareta fysisk og psykisk helse. Ein viktig metode i kvardagen er å vere saman med barna/ungdommane, og gjere aktivitetar ilag. Dette kan styrke trua på at livet gir meining, og ein får bygd opp tillit som ein treng i arbeidet med denne sårbare gruppa. For å skape trygge barn/ungdom kan det bli viktig å identifisere potensielle triggarar, og vere klar over eigen haldning i arbeidet. Ein kjem også langt med eit lyttande øre og ei hjelpsam hand.

Å stå i det vanskelege

I møte med andre menneske blir det viktig med empati, der ein prøver å sjå korleis verda ser ut gjennom andre sine auger, og dermed få ei slags forståing for korleis situasjonen kan opplevast for dei (Baar-Dahl, 2019, s. 147). Sosionomen dreg fram dette som ein viktig eigenskap i møte med barna/ungdommane, og kallar dette for empatisk identifikasjon. På den eine sida skal ein prøve så godt som mogleg å setje seg inn i liva til barna/ungdommane. På den andre sida kan dette vere noko vanskelig då ein ikkje har tilgang til dei faktiske tankane og følelsane deira. Eit anna aspekt som kan påverke evna til å sjå andre sine ståstadar er det kulturelle og det religiøse, då ein ofte ikkje har same bakgrunn som dei. Barna/ungdommane som er plasserte på kode 6 kan ha blitt oppdratt av foreldra til å leve i tråd med islam og Koranen der tradisjon med skam og ære kan vere verdiar dei har levd etter (Aadnesen & Hærem, 2007, s. 109). Barn/ungdom utsett for forsøk på æresdrap kan få traume i ettertid, og hjernen kan som følgje av dette assosiere vaksne med noko negativt. Som ein reaksjon på dette kan dei opptre t.d. unnvikande, uvenleg og mistenksame (Handlekraft). I tillegg har sosionomen forklart at dei kan ha vanskar med å snakke om følelsar, der ein kanskje har blitt opplærd til å stengje alt inne. For dei tilsette blir eit viktig poeng å sjå bak åtferda og møte barna/ungdommane med venlegheit, forståing og omsorg (Lorentzen, 2020, s. 151). Ein miljøterapeut bør utan tvil vere der for barna/ungdommane i både opp- og nedturar. Dessutan bør ein vere nysgjerrige på dei i tillegg til å skape eit miljø som gjer at dei kan lufte følelsar og tankar på ein trygg måte. Det blir også viktig å hjelpe barna/ungdommane til å forstå at ikkje alle vaksne vil dei vondt (Handlekraft), og at ein er der for å ta vare på og trygge dei.

Ein god og trygg relasjon kan vere eit fundament for vidare arbeid. Dette er også den andre grunnpilaren i TBO (Bath, 2015). Larsen (2015, s. 44-45) hevdar at relasjonar bør byggje på bl.a. kontinuitet, tillit og stabilitet der tilsette skal tåle smerteuttrykk, avvisingar og utageringar. Barn og unge plassert på kode 6 treng trygge vaksne med kunnskapar om traumatiserte barn/unge, og forstår at uttrykka deira er ein måte å redusere smerte i seg sjølv (sosionomen). Empirien viser for det første at blir det viktig å vise dei omsorg, kjærleik, tryggheit og respekt. For det andre må ein hjelpe dei å setje ord på vanskelege følelsar og vere gode på å trøste dei. Elles bør ein opparbeide seg kunnskap om kva som regulerer og dysregulerer barna/ungdommane, og ein bør vere klar over at noko som kan regulere eit barn kan derimot dysregulere det andre.

For å skape endring blir det ikkje berre viktig å sjå når barna/ungdommane har det vanskeleg, ein må i tillegg vere tett på dei. Blir ein opplevd som masete er det likevel betre å vere på ein gong for mykje, enn ein gong for lite (sosionomen). Holth & Vatne viser kor viktig det er å lukke ein samtale før ein går heim, der barna/ungdommane skal sleppe å sitje igjen med ein følelsesmessig røre av triste tankar (2018, s. 210). Dette kan på den andre sida ikkje vere like enkelt som ein kanskje trur, då det ligg ei fare som lurer, les: sekundærtraumatisering. Blir ein så emosjonelt opprørt at ein til slutt kan kjenne på antipatiar, er det fare for at ein ikkje klarer å utføre ein god nok jobb lenger i møte med barna/ungdommane (sosionomen). Dette betyr at ein må bruke personalgruppa så godt som mogleg, slik ein ikkje blir utmatta av det barna/ungdommane sjølv går igjennom (pedagogen). Som ein del av dette er det som Larsen hevdar, at ein skal fordele ansvarsoppgåver for å vere meir utkvild (2015, s. 24). I tillegg bør ein overføre tryggheita ein kan representere til andre i personalgruppa, slik barna/ungdommane får oppleve auka tryggheit og tillit til alle tilsette.

Oppsummeringsvis kan ein sjå at empati er ein viktig eigenskap i møte med barn/unge utsett for traumatiske opplevingar. Miljøterapeuten bør ha forståing for at kultur/religion/oppdragelsesstil kan ha noko å seie for korleis smerteuttrykka, utageringane m.m. kjem til syne. For å utgjere ein forskjell blir eit poeng her å sjå bak åtferda, og vere god på trøst. Gode verdiar å ha med seg er respekt, kjærleik, omsorg og forståing. Det blir viktig å opprette ein god relasjon prega av tillit der ein klarer å sjå kva som regulerer/dysregulerer den enkelte. Miljøterapeutar bør klare å stå i det vanskelege, og bruke personalgruppa for å skape trygge rammer. Til slutt skal ein vere gode, trygge rollemodellar som ser og møter barna/ungdommane der dei er. På denne måten kan ein utgjere ein forskjell for barna/ungdommane.

Konklusjon

I denne oppgåva har eg studert korleis miljøterapeutar på ein barnevernsinstitusjon kan jobbe for å ivareta trusselutsett barn og ungdom plassert på kode 6. Gjennom kvalitative dybdeintervju kunne eg diskutere funna oppimot teori og tidlegare forsking. På denne måten fekk eg eit større innblikk i korleis ein kan jobbe med ei spesielt sårbar gruppe med barn/ungdommar.

Første forskingsspørsmålet viser at spenningsfeltet mellom hjelp og kontroll kan kome meir til syne i ein kode 6-samanheng, der begge er avhengige av kvarandre. Kontroll må til for å hjelpe då det er så viktig å sikre anonymitet. Hjelpa ein gir som tilsett har bakgrunn i begrensingar som blir lagt. Det blir i denne samanhengen viktig med forutsigbarheit for barna/ungdommane der dei blir inkludert i prosessane. For å trygge barn/ungdom og sikre god hjelp bør ein halde eige affektnivå nede. I lys av andre forskingsspørsmål blir det viktig å vere den ansvarlege og omsorgsfulle vaksne

som set naudsynte grenser, men reflekterer over trusselnivå, samt den enkelte plasserte. For å ivareta fysisk og psykisk helse blir det viktig å finne på aktivitetar og kjekke ting i kvardagen. Dette er ikkje alltid like lett, så her blir det viktig å strekkje seg litt ekstra som miljøterapeut. Ein bør vere klar over eigne haldningar/framtoningar som potensielt kan vekke sterke følelsar hjå barna/ungdommane. Ein skal vere tilgjengeleg for dei, både fysisk og psykisk. Forskingsspørsmål tre viser at miljøterapeutar må jobbe gjennom empati, og vere ekte i møte med barna/ungdommane. Ein skal ha forståing/kunnskap om smerteuttrykk, og klare å stå i dei og sjå bak dei. Ein kan skape forskjell ved å vise respekt, omsorg, kjærleik og trøst. Det blir også viktig å vere trygge rollemodellar som har kunnskap om kva som regulerer eller dysregulerer barna/ungdommane.

Frå svara på forskingsspørsmåla ser ein at det viktigaste for å ivareta trusselutsett barn/ungdom er at ein har kontroll og set klare reglar nettopp for å sikre denne hjelpa ein skal gi. Ein miljøterapeut bør ha forståing for at plasseringane og begrensingane blir lange, og ein skal difor inkludere barna/ungdommane i prosessane for å skape motivasjon og føreseielege planar for dei. Det blir viktig å invitere dei inn i di eiga ro og tenkje over korleis ein møter dei for å sørgje for at dei føler seg trygge. Svaret på korleis ein som miljøterapeut kan jobbe for å ivareta trusselutsett barn og ungdom på kode 6 er dermed å vere ein ekte, vaksen og trygg rollemodell som jobbar utifrå empati, omsorg og forståing og som veit at smerteuttrykka er teikn på noko vanskeleg.

Kode 6 er eit tiltak som mange ikkje har høyrt og lært så mykje om. Studien kan vere nyttig ikkje berre for sosialarbeidarar, men for alle som står i arbeid der ein kode 6 kan bli ein realitet. Oppgåva viser korleis det kan vere for yrkesutøvarar å jobbe på golvet. Sjølv om kode 6 ikkje er eit «problem» ein møter ofte, blir det fortsatt viktig å løfte opp kunnskap til når det faktisk skjer, slik ein klarer å stå i den vanskelege og kanskje kompliserte situasjonen.

Omfanget av oppgåva gjor at eg avgrensa studien om barn/ungdom på kode 6 til å omhandle æresdrap som plasseringsgrunnlag. I realiteten er det fleire grunnar til at ein kan hamne på kode 6. Æresdrap er eit fenomen ein kan finne i fleire religionar enn islam, og dette gjorde også at oppgåva blei avgrensa. Sjølv med ein annan kulturell/religiøs bakgrunn enn den norske blir det ikkje gjort forskjell på korleis ein jobbar med barna/ungdommane. Det hadde vore interessant å sjå på forsking som omhandlar kode 6 knytt til tvangsekteskap, samt negativ sosial kontroll og korleis dette påverkar dei berørte.

Kjelder

Aadnesen, B. N. & Hærem, E. (2007). *Interkulturelt barnevernsarbeid*. Oslo: Universitetsforlaget

Andersen, E. S. & Schwencke, E. (2016). *Prosjektarbeid – En veiledning for studenter*. Bergen: Fagbokforlaget

Antun, V. (2019, 25. oktober). Høringsuttalelse – tilgjengeliggjøring av helsedata – forslag om endringer i helseregisterloven m.m. Henta frå https://www.politiet.no/globalassets/dokumenter/kripos/horingssvar/horing---tilgjengeliggjoring-av-helsedata---forslag-om-endringer-i-helseregisterloven-m-m.pdf

Askheim, O. P. (2012). *Empowerment i helse- og sosialfaglig arbeid – Floskel, styringsverktøy eller frigjøringsstrategi?* Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.

Baar-Dahl, I. M. (2019). Metoden: hemmende eller fremmende?: En drøfting av metodebruk i profesjonelle samtaler med barn. *Tidsskriftet Norges Barnevern*. 96(3). Ss. 140-151. Henta frå https://doi-org.hvo-ezproxy-01.hivolda.no/10.18261/ISSN.1891-1838-2019-03-02

Barnevernloven. (1992). Lov om barnevernstjenester (LOV-1992-07-17-100). Henta frå https://lovdata.no/lov/1992-07-17-100
Bath, H. (2015). The three pillars of traumawise care: Healing in the other 23 hours. *Reclaiming children and youth: winter 2015: volume 23: number 4*. Henta frå https://www.traumebevisst.no/kompetanseutvikling/filer/23_4_Bath3pillars.pdf
Bufdir. (2020, 02. januar). Barnevernsinstitusjoner. Henta frå https://www.bufdir.no/barnevern/tiltak_i_barnevernet/barnevernsinstitusjoner/
Busch, T. (2013). *Akademisk skriving – For bachelor- og masterstudenter*. Bergen: Fagbokforlaget
Fellesorganisasjonen. (2017, Mars). Sosionomer og sosialt arbeid. Henta frå https://www.fo.no/getfile.php/1311738-1548957643/Dokumenter/Din%20profesjon/Brosjyrer/Sosionomer%20og%20sosialt%20arbeid.pdf
Forente nasjoner. (1989). *FNs konvensjon om barnets rettigheter: Vedtatt av De Forente nasjoner 20. november 1989; Ratifisert av Norge 8 januar 1991* (Rev. oms. mars 2003 med tilleggsprotokollar). Barne- og familiedepartementet. https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/bfd/bro/2004/0004/ddd/pdfv/178931-fns_barnekonvensjon.pdf
Grøndahl, P. (2019). *Om drap*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
Handlekraft. Sist oppsøkt 11.05.21. Tilgjengeleg på https://www.traumebevisst.no/ordliste/Traumebevisst_omsorgs_tre_grunnpilarer.pdf
Holth, M. & Vatne, M. (2018). Miljøterapi for kvinner utsatt for æresrelatert vold – med relasjonen som det bærende element. *Tidsskrift for psykisk helsearbeid*. 15(2-3). Ss. 202-213. Henta frå https://doi-org.hvo-ezproxy-01.hivolda.no/10.18261/issn.1504-3010-2018-02-03-11
Jørgensen, T. W. & Steinkopf, H. (2013). Traumebevisst omsorg. *Fosterhjemskontakt*. 1. Ss. 10-17. Henta frå https://rvtssor.no/filer/backup/Artikkel3-Traumebevisstomsorg.pdf
Kaya, M. S. (2019). Mediebruks påvirkning på innvandreres tilpasningsorientering. I M. S. Kaya., A. Høgmo., & H. Fauske. *Integrasjon og mangfold: Utfordringer for sosialarbeideren* (1. utg., 3. opplag., s. 119-139). Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.
Krisesentersekretariatet. (2018). Beskyttelsestiltakene kode 6 & kode 7 – en veileder om rettighetene til personer som lever på sperret adresse kode 7 og strengt fortrolig adresse kode 6. Henta frå http://www.krisesenter.com/wp-content/uploads/2016/06/Beskyttelsestiltakene-kode-6-og-kode-7.pdf
Larsen, E. (2015). *Miljøterapi med barn og unge – organisasjonen som terapeut*. Oslo: Universitetsforlaget.
Larsen, Å. L. (2015). Sperret for innsyn FK 4/15. *Fosterhjemskontakt*. Nr. 4. Henta frå https://www.fosterhjemsforening.no/organisasjon/vart-arbeid/fagkunnskap/temasider/sperret-adresse/
Levin, I. (2015). Sosialt arbeid som spenningsfelt. I I T. Ellingsen., I. Levin., B. Berg., & L C. Kleppe (Red.), *Sosialt arbeid: en grunnbok* (1. utg., s. 36-46). Oslo: Universitetsforlaget
Lexander, A. J. (2018, 29. september). Livet på kode 6. *Bergens Tidende*. Henta frå https://www.dropbox.com/s/djh1ycgsv66z39h/2018-09-29_Bergens_Tidende_2018-09-29_print%20(1).pdf?dl=0#
Lorentzen, P. (2020). Traumebevisst omsorg – ett skritt frem og to til siden. *Tidsskriftet Norges Barnevern*. 97(2). Ss. 146-161. Henta frå https://doi-org.hvo-ezproxy-01.hivolda.no/10.18261/ISSN.1891-1838-2020-02-06
Menneskerettsloven. (1999). Lov om styrking av menneskerettighetenes stilling i norsk rett (LOV-1999-05-21-30). Henta frå https://lovdata.no/lov/1999-05-21-30
Nadim, M. & Orupabo, J. (2014). *Miljøterapi med unge utsatt for tvangsekteskap og æresrelatert vold: Oppfølging i det nasjonale bo- og støttetilbudet* (Rapport 2014:13). Oslo: Institutt for samfunnsforskning.
Nordanger, D. Ø. & Braarud, H. C. (2017). *Utviklingstraumer – Regulering som nøkkelbegrep i en ny traumepsykologi*. Bergen: Fagbokforlaget.

Riise, R. (2018, 13. november). Hun må slaktes fra øre til øre. Henta frå https://www.tv2.no/a/10209592/
Schiefloe, P. M. (2011). *Mennesker og samfunn – innføring i sosiologisk forståelse*. Bergen: Fagbokforlaget.
Simensen, H. (2013). Aktiviteter i en miljøterapeutisk kontekst. *Tidsskriftet Norges Barnevern*. 90(2). Ss. 100-109. Henta frå https://www-idunn-no.hvo-ezproxy-01.hivolda.no/tnb/2013/02/aktiviteter_i_en_miljoeterapeutisk_kontekst_
Tjora, A. (2017). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
Tøssebro, J. & Berg, B. (2015). Sosiale forskjeller, avvik og samfunn. I I T. Ellingsen., I. Levin., B. Berg., & L C. Kleppe (Red.), *Sosialt arbeid: en grunnbok* (1. utg., s. 227-243). Oslo: Universitetsforlaget
Utne, B. (2005). Miljøterapeutisk behandling – mangfold og muligheter. *Tidsskrift for psykisk helsearbeid*. 2(4). Ss. 441-443. Henta frå https://doi-org.hvo-ezproxy-01.hivolda.no/10.18261/ISSN1504-3010-2005-04-13
Wikan, U. (2003). *For ærens skyld – Fadime til ettertanke*. Oslo: Universitetsforlaget.

Traumatisert ungdom sin medbestemmingsrett

Samanhengen mellom traumebevisst omsorg og brukarmedverknad på barnevernsinstitusjon

Henrik Espeland og Ragnar Andreas Solheim Hansen

Hensikta med denne oppgåva er å skape kunnskap om korleis traumebevisst omsorg og brukarmedverknad påverkar kvarandre. Oppgåva baserer seg på eit empirisk studie og saman med teori og forsking om brukarmedverknad, traume, traumebasert omsorg, regulering, meistring og empowerment knytta i saman med funna. Brukarmedverknad er sentral i det sosial faglege feltet og det er lovfesta at brukara skal ha rett til medverknad i eiga behandling. Traumebevisst omsorg er mykje nytta i arbeid på barnevernsintuisjonar og ein viktig måte å forstå ungdom som har opplevd traume i livet. Dette kan virke som to heilt forskjellige ting, og det er gjort lite forsking på samanhengen mellom dei. Derfor er oppgåva si problemstilling; «Korleis påverkar brukarmedverknad og traumebevvist omsorg kvarandre?»

Studien er eit fenomenologisk case-studie der det er henta inn informasjon frå eit kollektiv i Klokkergårdstiftelsen, gjennom djupneintervju med tre av dei tilsette. Materialet ble analysert gjennom induktiv metode. Brukarmedverknad og traumebevisst omsorg påverkar kvarandre i alle dei fire forskingsspørsmåla som er stilt, men det er ikkje alltid same påverking eller lik mengde. Brukarmedverknad bidreg til å finne ut kva minste inngrepa er for ungdommen og korleis dei oppleva måten utmagringar blir handtert av tilsette. Traumebevisst omsorg påverkar brukarmedverknaden i forhold til korleis ein legg til rette for dette og i møte kjem unge med traume. Utan den eine eller den andre hadde arbeidsmåten på institusjonen sett annleis ut, og dei spelar kvarandre gode og bidrar til eit betre behandlings tilbod på institusjon.

Innleiing

Traume har lenge vert tema i psykologi. Men traumepsykologi blei ikkje ein eigen fagdisiplin før 1980, når PTSD blei ein eigen diagnose. Vi må heilt til starten av 2000 talet før ein fekk ein djupare forståing av korleis traumar påverkar barn og unge. I kjølvatnet av den nye forståinga kom det mykje ny litteratur, og en konsensus om tre grunnverdiar som er viktig i arbeidet med traumatisert ungdom, som også blir kalla for dei tre grunnpilarane i traumebevisst omsorg. Tryggheit, relasjon og regulering (Bath, 2008) (Jørgensen & Steinkopf).

Brukarmedverknad blei introdusert som omgrep i den norske velferdsstaten etter 1990 talet. Dette følgde etter ein internasjonal trend på same tid. Etter dette har omgrepet blitt nytta eir og meir, og fått blitt eit sentralt mål i velferdspolitikken (Askheim O. P., 2017). I dag er brukarmedverknad ein viktig rettigheit ein har som brukar, og er blant anna slått fast i FNs barnekonvensjon artikkel 12 (Bufdir, 2003, s. 13) som Noreg har ratifisert.

Men korleis påverkar bruken av TBO, eit relativt nytt perspektiv i arbeid med traumeskada menneskje, og brukarmedverknad kvarandre i arbeid på barnevernsinstitusjon i praksis?

For å svare på det har vi nytta teori og forsking om brukarmedverknad og traumebevisst omsorg, som er sentrale arbeidsmåtar i ein institusjon og er derfor ein viktig del av teorien i oppgåva. Vi vil også nytte teori og forsking frå blant anna traume, tramebevisst omsorg, empowerment og toleransevindauge. Det er gjort mykje forsking på både traume, traumebehandling og brukarmedverknad, men kombinasjonen av traumebevisst omsorg og brukarmedverknad er det vanskeleg å finne relevant forsking på.

Kursing i TBO for leiarar og tilsette i statlege barnevernsinstitusjonar starta i 2012 (Barne- og likestillingsdepartementet, 2016, s. 57) og er såleis ein ny metode innanfor feltet. Forsking viser at 79% av barn og unge med opphald på barnevernsinstitusjon hadde opplevd potensielt traumatiske opplevingar (Kayed, et al., 2015) og det kan då tenkjast at fleire av dei vil ha behov for god traumebevisst omsorg. Det er derfor viktig å undersøkje og bli bevisst på korleis TBO blir utøvd i praksis, og korleis ulike faktorar spelar inn i utøvinga.

Vi har i denne oppgåva intervjua tre tilsette med god kunnskap og erfaring med traumebevisst omsorg om korleis dei nyttar brukarmedverknad i møte med ungdom. Datamaterialet blei innhenta frå Klokkegaardsstiftelsen avd. Måløykollektivet, og blir sett i lys av teori om TBO, brukarmedverknad, samregulering og miljøterapi. Intervjua blei utført digitalt over zoom, og vi nytta MAXQDA for å transkribere datamaterialet.

TBO blir nytta i arbeid med fleire brukargrupper, men denne oppgåva handlar om bruken av TBO i barnevernet. Statistikk visar at det har vert ein nedgang i tal på barn og ungdom som blir plassert på barnevernsinstitusjon. Årsaka er at terskelen for å bli plassert på institusjon er heva, men det tydar at dei som har det største hjelpebehovet framleis finnast på institusjonane (Barn og unge i institusjon, 2021). Brukarmedverknad står sentralt i barnevernlova §1-6, og RVTS Øst vektlegg brukarmedverknad som eit av deira tre kjelder til kunnskap og kompetanse i kunnskapsbasert praksis i utviklinga av snakkemedbarn.no (RVTS, 2020). Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress (NVKTS) nyttar seg av eit brukarmedverknadsgruppe bestående av brukarar og behandlarar.

Litteraturen som er sentral i denne oppgåva vil innebere traumebevisst omsorg, regulering, miljøterapi og brukarmedverknad. Litteraturen vi nyttar er knyta saman, til dømes vil ein utan regulering ikkje kunne nytte traumebevisst omsorg (Thommessen & Neumann, 2019, s. 29). Ein ser også i fleire institusjonar med ein miljøterapeutisk tilnærming eit traumebevisst perspektiv (Barne- og likestillingsdepartementet, 2016, s. 57). Det som også er sentralt i miljøterapi er brukarmedverknad, nettopp fordi ein ynskjer at brukarane skal ta del i si eiga behandling. Dette er lagt opp slik at brukarane skal oppleve å få eit eigarskap til si eiga behandling som vil føre til at det blir meir investert og får eit sterkare ønske om å gjennomføre behandlinga (Ellingsen & Skjefstad, 2016, s. 109). For å kunne sjå andre perspektiv på samanhengen mellom brukarmedverknad og TBO vert det nytta teori om empowerment, meistring og toleransevindauge.

For å få svar på problemstillinga har vi i denne oppgåva intervjua tre tilsette med god kunnskap og erfaring med traumebevisst omsorg om korleis dei nyttar brukarmedverknad i møte med ungdom. Datamaterialet blei innhenta frå eit av kollektiva hos Klokkegårdsstiftelsen, og blir sett i lys av teori om TBO,

brukarmedverknad, toleransevindauget og miljøterapi. Intervjua blei utført digitalt over zoom, og vi nytta MAXQDA for å transkribere datamaterialet.

I denne oppgåva er forskingsspørsmåla bygd opp rundt ideen om at ein fullstendig utageringsfase har ein fase der situasjonen eskalerer, ungdommen er på veg ut av toleransevindauget. Denne fasen kallar vi oppløpet. Neste fase er sjølve utagering, der ungdommen er komme ut av toleransevindauget og utagerer på sin måte. Denne fasen kallar vi stormen. Neste, og siste fase, er når ungdommen har komme inn igjen i toleransevindauget, og ting deeskalerar. Denne fasen kallar vi kjølvatnet.

Vi har no sett kor sentralt brukarmedverknad er i sosialt arbeid, men kor enkelt er det eigentleg i praksis, når det koker over? Kan brukarmedverknad og traumebevisst omsorg styrke kvarandre og gje ei betre behandlingstilbod til ungdommen?

For å svare på spørsmåla over vil problemstillinga vår, med påfølgande forskingsspørsmål vere:

- Korleis blir TBO og brukarmedverknad påverka av kvarandre i arbeidet med ungdom på institusjon?
- Korleis blir TBO og brukarmedverknad påverka av kvarandre i forebyggingsfasen?
- Korleis blir TBO og brukarmedverknad påverka av kvarandre i «oppløpet»?
- Korleis blir TBO og brukarmedverknad påverka av kvarandre i «stormen»?
- Korleis blir TBO og brukarmedverknad påverka av kvarandre i «kjølvatnet»?

Bakgrunn

Sidan vi studerer samanhengen mellom TBO og brukarmedverknad på barnevernsinstitusjon vil det vere naturleg å vite litt om lovverket rundt plassering på den aktuelle institusjonen datamaterialet er frå. Lov om barnevernstenester (heretter barnevernslova) §4-24 seier at barn som har vist alvorlege åtferdsvanskar ved alvorleg gjenteken kriminalitet, rusbruk, eller annan måte kan utan eiget samtykke plasserast på institusjon i opptil 12 månadar. Ved behov kan nytt vedtak fattast 12 nye månadar. Barnevernslova §4-26 seier at barnet kan tas in i institusjon som omfattast av §4-24 på eiget samtykke. Når ein ungdom er plassert på grunnlag av §4-26 kan ungdommen i utgangspunktet trekkje samtykket sitt, for så å miste plassen sin etter tre veker. Hos klokkergårdstiftelsen blir ungdom typisk verande på eit §4-26 vedtak etter §4-24 vedtaket går ut, sidan dei tilsette allereie har kjennskap til ungdommen, og behov og behandlingsforløp.

Brukarmedverknad står også sterkt i lovverket og faglege retningslinjer, blant andre FOs yrkesetiske retningslinjer (Fellesorganisasjonen, s. 4), bruker og pasientrettighetslova §3-1, barnevernlova §1-6 som essensielt seier at alle barn skal få medverke i alle saker som gjelder barnet etter barnevernloven.

Klokkergårdstiftelsen på Måløy består av tre kollektiv. Eit større med plass til ni bebuarar og to litt mindre med plass til fire bebuarar kvar. Målgruppa til klokkergården er ungdommar i alderen 13-18 år med rus og åtferds problematikk, plassert etter bvl. § 4.24 og § 4.26. Kollektiva har ein målsetting om at 80% av dei tilsette skal ha relevant høgskuleutdanning. Kvar av avdelingane har sin eigen leiar, med ein overordna leiing for alle tre kollektiva.

Klokkegårdstiftelsen er ein ideelstiftelse som sidan 1980 har tilbydd behandling til ungdom med rus og åtferdsvanskar. Dei tilsette har ein medleverturnus der dei er 14 dagar på jobb, og 14 dagar av. Datamaterialet vart samla frå eit av Klokkegårdsiftelsen sine kollektiv, som vil frå no av bli omtalt som «Måløykollektivet».

Teori

Vidare blir det presentert teori som er relevant for å kunne forstå funna, og svare på problemstillinga.

Traume

Det finst fleire måtar å definere traume på. Dyregrov seier at psykisk traume er «overveldende, ukontrollerbare hendelser som innebærer ekstraordinær psykisk påkjenning for det barn eller ungdom som utsettes for hendelsen» (Dyregrov, 2013, s. 14), medan Nordanger og Braarud viser til Saakvitne og kollegaers (2000) sin definisjon av traumar, som seier at traumar er «en hendelse eller vedvarende betingelear som overvelder personens kapasitet til å integrere den emosjonelle opplevelsen, og som opplevast som ein trussel mot eget, eller nære andres, liv eller kroppslige integritet» (Nordanger & Braarud, 2017, s. 18).

Dyregrov (2013, s. 14) viser vidare Leonore Terr (1991) som skil mellom type 1 og type 2 traume. Type 1 traume omfattar enkeltståande akutte hendingar, til dømes ulykker, dødsfall, vald og valdtekt. Type 2 traume omfattar ein serie traumatiske hendingar, som til dømes gjentatt seksuelle overgrep, mishandling eller krig. For eit barn kan det å vere vitne til vald eller overgrep mot ein forelder også føre til slike traumer (Dyregrov, 2013, s. 15).

Traumebevisst omsorg

Traumebevisst omsorg er i følgje Thommesen & Neumann (2019, s. 29) implementert i fleire sosiale tenester, blant andre barnevern. Traumatisering har biologiske, emosjonelle, kognitive og sosiale konsekvensar, og traumebevisst omsorg tar utgangspunkt i korleis traumatisering påverkar born og unge si utvikling og fundering. «Grunnlaget i traumebevisst omsorg retter seg mot hjelperens arbeid og hvordan den skal tenke om, og støtte det traumatiserte barnet. Traumebevisst omsorg har 3 grunnpilarer; relasjon, trygghet, og affektregulering» (Thommessen & Neumann, 2019, s. 29).

Frå Thommessen & Neumann (2019, s. 29) si bok kjem det fram at mange born som har opplevd traumar har dårleg erfaring med vaksenrelasjonar frå tidlegare. Det viktige i relasjonen til desse borna er å skape ein trygg kontakt mellom det traumatiserte barnet og omsorgspersonane. Når hjelparen skal imøtekomme desse borna blir oppgåva å bidra til ei endring i desse følelsane, gjennom at hjelparen er open tydeleg og klarar å skape tillit. Thommessen & Neumann (2019, s. 29) seier det då er sentralt at hjelparen må ha kunnskap om seg sjølv, følelsar og eigne handlingsmønster.

Tryggleik er noko barnet har behov for, både fysisk og emosjonelt. Dei sentrale omgrepa når det kjem til tryggleik er barnets behov for forutsigbarheit, tilgjengelegheit, ærlege, og openheit. Det er også sentralt at «at barnet skal føle at det har en viss medbestemmelsesrett i eget liv og innsikt i prosesser som gjelder barnet selv». Som hjelper er det viktigaste å hugse på at barnet skal kjenne seg trygg (Thommessen & Neumann, 2019, s. 29).

Affektregulering går ut på at ein må klare å sjå bak ungdommens utagering og sinne, og klare å forstå kvifor ungdommen eller barnet handlar som det gjer. Deretter må ein møte barnet med trøyst å ro, for å så finne ut gjennom dialog korleis dei kan løyse situasjonen. Den største utfordringa for omsorgspersonen er å ikkje reagere med sinne og irettesetting på barnets oppførsel, men heller sjå bak åtferda og sjå smerteuttrykket. Skal hjelparen klare dette er ein nøydt til å akseptere situasjonen og å være i stand til å regulere seg sjølv før ein går inn i situasjonen (Thommessen & Neumann, 2019, s. 30).

Toleransevindauget

Toleransevindauget brukast som ein metafor på ein sone som representerer «optimal aktivering» (Nordanger & Braarud, 2017, s. 38). Thommesen & Neumann (2019, s. 66) omtala toleransevindauget som «det spennet av stressaktivering som en er i stand til å håndtere, uten at ens normale funksjoner blir forstyrret». I denne sona kvilar hjernens alarmsystem, og hormonsystemet er i balanse , og ein har optimal merksemd mot menneskjer og situasjonar rundt ein, og er dermed i ein optimal læringssone. Bevegar ein seg over toleransevindauget går ein inn i ein hyperaktivert tilstand der ein opplev auka hjarterytme, respirasjon og muskelspenning. Bevegar ein seg derimot under toleransevindauget trer ein inn i ein hypoaktivert tilstand der ein opplev senka hjarterytme, respirasjon og muskelspenning (Nordanger & Braarud, 2017, s. 38) (Thommessen & Neumann, 2019, s. 66). Spennet på toleransevindauget varierer frå person til person. Eit smalt toleransevindu vil sei at ein lettare fell utanfor og blir hypo- eller hyperaktivert. Barn har generelt eit smalare toleransevindu enn vaksne, og traumatiserte barn har eit enda smalare toleransevindu (Thommessen & Neumann, 2019, s. 66).

Miljøterapi

Larsen (2018, s. 23) delar miljøterapi opp i to delar. Ein miljødel som handlar om tilrettelegging og ein terapidel som handlar om forandring og utvikling. Miljøterapi er såleis i følgje Larsen å leggje til rette på ein slik måte at forandring og utvikling er mogeleg. Miljøterapi handlar i følgje Larsen om «å sikre eller skape muligheter for barnet og den unge til å arbeide med nødvendige forandrings- og utviklingsprosesser» (Larsen, 2018, s. 64). Videre meiner han at miljøterapi innehar eigenskapar som er hensiktsmessige i arbeid både med menneskje med utviklingstraumar og menneskje med komplekse traumar.

Amble og Dahl-Johansen (2016) påpeikar at miljøterapeuten må tole å stå i ungdommen sine følelsar, til og med når det er vanskeleg. Miljøterapiens mål er ikkje å fjerne psykiske smerter og smertefulle opplevingar, «men å tåle å være sammen med barnet eller ungdommen mens de opplever alle typer følelser» (Amble & Dahl-Johansen, 2016, s. 119). Ved at miljøterapeuten er emosjonelt tilgjengeleg i slike situasjonar blir det mogeleg for ungdommen å jobbe med sin eigen psykiske smerte og smertefulle opplevingar.

Miljøterapi er også viktig for denne gruppa menneskje fordi ein i miljøarbeidet kan dele på omsorgsoppgåvene slik at omsorgspersonane er opplagte og kan stå i møte med krevjande situasjonar så lenge det er naudsynt, og at ein kan tilby terapi når anledninga opnar seg (Amble & Dahl-Johansen, 2016, s. 161).

Brukarmedverknad

I det norske velferdssystemet blir det lagt vekt på at brukarar skal få medverke i sakar som omhandlar dei sjølv (Ellingsen & Skjefstad, 2016, s. 109) (Ekeland & Heggen, 2007, s. 15). Det er brukaren sitt eiget perspektiv som må ligge til grunn, og sosialarbeidaren må vere oppteken av dette. Brukaren har eigarforhold til problemet, og skal vere delaktig og ha innflytelse over dei ulike faktorane som påverkar ein. Det omhandlar til dømes å sjølv definere problemet, i kva grad problemet eksisterer, korleis behandlingsforløpet skal føregå, velje kva type behandling, og om behandlingsforløpet skal startast eller avsluttast (Ellingsen & Skjefstad, 2016, s. 109). Det er i følgje Ekeland & Heggen (2007, s. 15) viktig at yrkesutøvaren setter seg inn i brukarens psykologiske, sosiale og livsstilmessige sidene ved problemet, og presenterer informasjonen på ein slik måte at brukaren får synleggjort korleis ein kan handle og samhandle med andre for å oppnå resultat.

Meistring

Meistring blir definert som om å ha tilgang til ressursar som kunnskap, ferdigheiter, sosiale ressursar, hjelparar eller utstyr, men også at ein evna å ta i bruk dette. Meistring handlar om evna til å gjennomføre oppgåver som er meistringskompetanse, og kva slags kjensler eller forventingar vi har til denne utføringa som er meistringskjensle. Omgrepet meistring kjem frå psykologien, og baserer seg på reaksjonane personar oppleva på stress og trugande situasjonar. «Boekaerts skriv om meistring av stress og kallar dette "coping with stress"». Boeakarts definera meistring som individets forsøk på å handtere utfordrande eller stressande situasjonar (Ekeland & Heggen, 2007, s. 65). Med dette ser ein at når individet blir utsett for påkjenningar eller belasting kjem det fram eit behov for meistring. Denne belastninga si påverking på personen blir definert ut i frå kven den har rundt seg, av venner eller familie som stillar opp for å hjelpe. Meistring kan også sjåast som handtering av ytre eller indre påkjenningar, som ein oppleva byrdefulle eller destruktive for dei ressursane ein har, gjennom stadige skiftande kognitive og handligsrettande forsøk (Ekeland & Heggen, 2007, s. 65).

Empowerment

Empowerment tar sikte på å betre sjølvbilete, sjølvtillit, kunnskapar og ferdigheiter gjennom å styrke personar som er avmektige. Resultatet av dette er at personen kjem seg ut av avmakta og får meir makt, styring og kontroll over eiget liv. Det er tre ledd som byggjer opp empowerment, og dei tre ledda framstår som ein prosess gjennom styrke, kraft og makt. Det er tilsette som jobbar innan sosial faglege yrker si rolle er å bidra i denne prosessen på ulike måtar. Ser ein på ulike grupper med denne forståelsen kan ein sjå at til dømes innvandrarar, rusmisbrukarar, homofile og funksjonshemma er i ein avmaktsposisjon (Askheim, 2016).

Forsking på feltet

I følge forsking har mange barn og unge som har utfordringar med å regulerer følelsar og impulsar vert utsett for komplekse traume (Bath, 2008). Bath nyttar omgrepet Co-regulation legg til grunn at ein trygg vaksen eller ein omsorgsperson, skal være til stades og regulere den unge som er utsett for traumar. Dette kan være i mange forskjellige formar, men det er typisk at det involvera varme, beroligande stemme, kommunikasjon som anerkjenna den unge sitt stress og utfordringar,

støttande stillheit og ein haldning som reflekterande og fokusert på å løyse problem. Forskinga visar at regulering gjer yngre barn moglegheita til å utvikle meir modne ferdigheiter for egen regulering. Over tid vil dei læra å forut sjå den beroligande responsen frå omsorgsgivarane og så internalisere trua på at hjelpen vil komma og at kjenslene vil bli beroliga. Regulering av omsorgspersonar aleine er ikkje nok. Barn og unge må også aktivt bli lært måtar å utøve rasjonell kontroll over deira eigne kjensler og impulsar. For eksempel, så behøver dei å læra verbale ferdigheiter for å sette ord på kjensler og skape rasjonelle responsar. Når barn og unge ikkje endå har lært ferdigheitene for rasjonell sjølv regulering, treng dei hjelpen til vaksne som bryr seg og visar omsorg til å roe dei ned og hjelpe dei til å tenke rasjonelt. Samregulering er det fyrste steget på vegen til å klare å regulere seg sjølv (Bath, 2008).

I dialog og etablering av ei felles forståing mellom brukar og hjelpar viser forsking at det er svært sentrale omgrep for å få ein hensiktsmessig brukarmedverknad (Mathisen, Obstfelder, Lorem, & Måseide, 2015). Forskinga peikar vidare på det i behandlinga til brukaren er svært sentralt om ein skal bli inkludert at det ligg gjensidig respekt og tillit til grunn. Dersom brukaren skal bli inkludert er det også svært viktig at hjelparen ikkje har ei ekspertrolle og at slutningar blir drøfta med brukaren. I følge forskinga understrekast det at medverknad «ikke handler om å velge fra øverste hylle, men at en skal bli møtt med interesse frå hjelperen og informert om sine valgmuligheter» (Mathisen, Obstfelder, Lorem, & Måseide, 2015). Forskinga visar at praktisering av brukarmedverknad kan i nokre tilfelle være krevjande for miljøterapeuten, og miljøterapeuten stiller forventningar til brukaren. I forskinga kjem det fram at det kan oppstå situasjonar der brukaren vil handle på tvers av det miljøterapeuten tenkjer er moralsk riktig (Mathisen, Obstfelder, Lorem, & Måseide, 2015).

Askheim (2009) visar til at brukarmedverknad opererer på ulike nivå, både på individnivå, systemnivå og politisk nivå. Denne artikkelen tek for seg individnivået først og fremst, korleis den enkelte brukarar har innflytelse over sine tenestetilbod og grunngivingar som angår eige liv. Dei demokratiske grunngivingane baserer seg på menneskeverdet, og handlar om retten til ha kontroll over livet sitt. Dette heng saman med å få kjensla om å være ein del av samfunnet. Ei viktig tilnærming innanfor dette perspektivet er empowerment, omgrepet bygger på å komme seg ut av avmakta og med andre ord vinne tilbake rolle samfunnet. Den instrumentelle grunngivinga, eller nytte grunngivinga for brukarmedverknad, er knytt til dei resultat medverknaden førar til. For å då oppnå noko nytt, blir medverknaden eit reiskap, og brukaren kan oppleva at det her ligg krav til at ein blir ansvarleg gjort eller forplikta. Når brukaren får ei kjensle av å påverke si eiga sak er det altså medverknad. Det sentrale er ikkje at brukaren ikkje veit kva som er viktig for den, men det viktige er at hjelparen veit kva som er best for brukaren (Askheim O. P., 2009). Eit tredje perspektiv er prega av eit positivt syn på brukaren, og blir sett på ein slik måte at den sjølv veit kva som er til det beste for den så lenge forholda ligg til rette. Oppgåva til hjelparen blir då å medverke slik at ein blir bevist på situasjonen sin, og kva som kan gjerast for å betre den. Med sin kompetanse gjer hjelparen til at brukaren tenkjer over handlingar, resultat og konsekvensar, ved å stille til rådigheit gjennom dialog (Askheim O. P., 2009).

Metode

Denne studien er ein fenomenologisk case studie (Tjora, 2017, s. 27) der det overordna målet har vert å, gjennom intervju med tre tilsette på Måløykollektivet

med god erfaring frå arbeid med born og unge i sårbare situasjonar, utforske informantane sin eigen forståing for korleis fenomena brukarmedverknad og TBO påverkar kvarandre i arbeidet på barnevernsinstitusjon.

Utval

Vi intervjua tre tilsette ved Måløykollektivet. Kriteria våre for val av institusjon var at det skulle være ein barnevernsinstitusjon, og at dei skulle nytte TBO aktivt. Det var mange fleire institusjonar vi vurderte å ta kontakt med, men vi valte Måløykollektivet av to årsakar. Den første grunnen er at dei arbeidar med ein ganske lang samlevarturnus, 14 dagar på og 14 dagar av, som ein kan anta gjer dei eit godt standpunkt for å bygge relasjon, men og gjer ungdommane tryggheit og stabilitet. Den andre grunnen var at eit av forfattarane på denne oppgåva har hatt praksis, og er tilsett som tilkallingsvikar, på institusjonen.

Vi tok kontakt med ledande miljøterapeut på avdelinga, som igjen hjelpte oss å rekruttere informantane. Vi vurderte at det var best å berre fokusere på ein institusjon, for å få ei djupare forståing for korleis nettopp deira praksis er. Om vi fekk funn som avvika frå kvarandre kunne vi sjå det i ein samanheng med kvarandre. Hadde vi derimot valt å samle inn data frå fleire institusjonar ville det eine datamaterialet kunne representere heile organisasjonen.

Problemstillinga vår var såpass snever at vi antok vi kunne få god nok informasjon og oppnå metning, med tre informantar. Det vart også lagt opp slik at det var enkelt å få fleire informantar om det var behov.

Informant 1 er ufaglært innanfor feltet, men har jobba på institusjonen i 10 år. Informanten har også vekst opp med venner frå institusjon, og såleis fått eit innblikk og kunnskap relatert til deira situasjon. Informanten har også erfaring frå arbeid med ungdom som fotballtrenar.

Informant 2 vart utdanna som sosionom i 2012. Informanten har vidareutdanning innan barnevern, om avdekking av vald og overgrep i familien og samtaler med barn. Informanten er tilsett som ledande miljøterapeut ved Måløykollektivet.

Informant 3 vart utdanna som barnevernspedagog i 2019. Informanten har tidlegare 20 års erfaring frå Norsk tungindustri, men har også engasjert seg i over 10 år innafor spørsmål om barnevernet på overordna nivå.

Intervju

Vi valde djupneintervju (Tjora, 2017, s. 113) fordi vi er interessert i å vite informantane sine refleksjonar og opplevingar rundt tema. Intervjua blei utført over zoom, i informantane si arbeidstid når dei sjølv vurderte dei hadde tid. Vi ønska å uføre intervjua når dei tilsette var på jobb, sidan vi vurderte at dei var meir «påskrudd», og hadde lettare for å ta stilling til spørsmåla våre. Det blei tatt høgde for at informantane fekk vere med på å bestemme tidspunkt, og at det kunne endrast om det var noko som oppstod. Informantane blei informert om problemstillinga vår i forkant av intervjuet, men fekk ikkje spørsmåla. Dette fordi vi ville ha deira personlege ufarga og ærlege meining og erfaring. Intervjua varte i henholdsvis 40, 65 og 90 minutt. Årsaka til den store variasjonen var at nokre av informantane svarte meir kort og konkret, mens andre utgreia meir. Uansett svarte alle tre informantane tilfredsstillande på spørsmåla. Begge oppgåveforfattarane var til stades på zoom under intervjua. Ein utførte intervjuet og spurte om tilleggsspørsmål, og den andre noterte og kunne supplere med eventuelle tilleggsspørsmål.

Transkribering

Til å transkribere nytta vi MAXQDA . Grunnen til at vi valte MAXQDA var at vi allereie hadde kjennskap til MAXQDA frå tidlegare prosjekt, og det var enkelt å nytte tidskode. Vi markerte alle spørsmål og utsegn vi meinte var ekstra relevante med tidskode, slik at det var enkelt å finne det igjen om vi hadde behov for å undersøke dei nærare. Vi transkriberte datamaterialet kvar for oss, den eine tok dei to kortaste intervjua og andre tok det lengste. Sitata vi har nytta har blitt lettare omskrive frå munnleg uttale til meir lesande skriftleg språk.

Analyse

Materialet blei analysert med induktiv metode. Materialet blei analysert ved gjennomlesing av transkriberte dokument, som igjen blei skrevet inn i funn delen vår. Vi valte å lese gjennom og skrive svar på forskingsspørsmåla med kva ar informantane sine perspektiv, før vi gjekk vidare på neste forskingsspørsmål. På grunn av måten forskingsspørsmåla våre har blitt inndelt, med klart definerte fasar og spørsmål svarte informantane, stort sett, berre med tanke på den relevante fasen vi spurte om. Med ei slik inndeling var funna allereie satt i eit system. I tillegg hadde vi berre tre informantar, noko som gjorde at vi vurdere at det ikkje var naudsynt med omfattande koding av funna.

Etikk

Informantane vart i forkant av intervjua munnleg informert om deira rettigheitar under intervjuet, som å trekkje seg og å vere anonym. Vi spurte også før intervjuet om det var greitt å ta lydopptak. Informantane har samtykka med signatur på NSD sin mal om samtykke. Samtlege informantar blei tilbydt å sjå igjennom sitat og anna datamateriell vi skulle nytte. Ein av informantane nytta seg av tilbodet. Datainnsamlinga i prosjektet er i samsvar med løyve gitt frå NSD 12/1 2021 for prosjekt med referansekode 797431, og vi har følgt retningslinjer for behandling av personopplysningar.

Kvalitet

Ein av forfattarane av oppgåva utførte ein praksisperiode hjå Måløykollektivet, samt blei tilsett som tilkallingsvikar i etterkant av praksisperioda, samstundes som den andre ikkje hadde noko kjennskap til Måløykollektivet før vi starta med oppgåva. Vi kan seie at den med erfaring og kjennskap til Måløykollektivet har eit innanfrå perspektiv, samstundes som den andre har eit utanfrå perspektiv. Denne kombinasjonen hadde ein utfyllande funksjon, der den med utanfrå perspektiv hadde eit objektivt syn på datamaterialet, mens den med innanfrå kunne tolke meir med bakgrunn i eigen erfaring, og hadde eit subjektivt syn på datamaterialet. Det blei også lagt opp slik at den med utanfrå perspektiv stilte spørsmåla under intervjua, då det var meir naturleg at den stilte spørsmål og oppfølgingsspørsmål som kunne vere en sjølvfølge for den med innanfrå perspektiv.

Vi oppnådde relativt høg validitet. Spørsmåla våre var retta mot dei profesjonelle, men nokre av spørsmåla handla om ungdommen sitt perspektiv, Det er umogleg for dei profesjonelle å være heilt sikker på brukaren sitt perspektiv, men ein kan anta at dei igjennom mentalisering sette seg noko inn i brukarens perspektiv.

For å danne ei god oversikt over datamaterialet delte vi opp forskingsspørsmåla med eit positivistisk perspektiv, altså at vi delte ein gitt situasjon opp i klart definerte fasar. Svakheita med det er at det ikkje nødvendigvis er representativt for dei aktuelle

situasjonane. Til dømes tar to av forskingsspørsmåla våre for seg henholdsvis «eskaleringsfasen» og «stormfasen» som om det er eit klart skilje i mellom dei, sjølv om dette ikkje nødvendigvis er tilfellet. Styrken med denne tilnærminga er derimot at det er lettare å sette funna i eit system, og at det kan tenkjast det er lettare for informantane å gi gode svar.

Avslutning

Vi starta med å intervjue den med mest erfaring frå arbeidsplassen. Denne personen har vert tilsett i 10 år, men er ufaglært i feltet. Deretter intervjua vi ledande miljøterapeut som hadde jobba der nokre år, og til sist den med minst erfaring frå arbeidsplassen. Vi opplevde at intervjua blei lenger og meir utfyllande for kva informant. Vi meina det skuldast at dei to siste informantane ikkje hadde like lang erfaring frå, men dei hadde fagutdanning. Det var kanskje lettare for dei å snakke rundt temaet, og det var enklare for oss å oppdage nye spørsmål vi kunne tatt med oss vidare i intervjua.

Funn

Denne delen av oppgåva presentera det analyserte datamaterialet. Kapittelet er delt opp i fire underkapittel, med forskingsspørsmåla som overskrift. I kvart underkapittel vil funna bli presentert, for så å bli oppsummert i slutten av underkapittelet. Til slutt er det ei generell oppsummering av funna.

Korleis blir TBO og brukarmedverknad påverka av kvarandre i «forebyggingsfasen»?

Informantane peikar alle på turnusen på arbeidsplassen som dei meiner er veldig forebyggande, og seier dette gir dei moglegheita til å komme seg veldig tett på ungdomane. Informantane seier at turnusen gjer moglegheit for at ungdommane kan komme med forslag til kva dei vil gjere og at det er lettare å gjennomføre og planlegge når ein er på jobb over ein så lang periode. Dei seier vidare at dei opplev at ein slik turnus skapar god tryggleik og sterk relasjon til ungdommane. Det at dei er på jobb over ein så lang periode meiner dei gjer dei større moglegheit til å komme tett innpå ungdommane og at dei då etterkvart klarer å sjå eller legge merke til kva for ein form eller humør den enkelte ungdom har frå dag til dag. Dei forklarar dette med at når dei er på jobb og bur i lag med ungdommane får dei så sterke relasjonar at dei kan sjå det på små ting som for eksempel kva klede ein ungdom tek på seg den eine dagen. Målet med arbeidet deira er å endre handligsmønstre og få ungdommane til å meistre kvardagane på ein positiv måte. Brukarmedverknad blir mykje nytta i førebygging, på ein slik måte at om dei merkar at det er noko som ikkje som det er heilt som det skal eller humøret ikkje er heilt der det pleier. Ein seier det vil ha motsett effekt om ein går inn med ein slik haldning at ein bestemma og seier *«no skal vi gå oss ein tur»*, då eskalerer ein berre situasjonen meir. Men heller gje fleire valmoglegheiter, som informantane meiner er ein form for styrt brukarmedverknad. Då gjer ein ungdommen moglegheit til å påverke vala sine, innanfor gitte rammar.

Den eine informanten fortel at dei har vore eit større fokus på brukarmedverknad då statsforvaltaren har kome med nye føringar som har eit stort fokus på akkurat dette, og visar til at eksempel der dei har starta med å ha eit morgonmøte der ungdommane kan fortele og kome med ynskjer for kva dei vil gjere den dagen, om det er aktivitetar eller behandlingsretta.

Informantane er alle einige at turnusen er svært viktig for god førebygging då dette gir ungdommane større mogelegheit til å påverka sin egen kvardag. Dei brukar mykje brukarmedverknad, og nemner at dei med en slik turnus kjem seg tettare på ungdommane og kan oppdage om lettare om ungdommane har en dårleg dag. Då forslår dei mykje ulike alternativ for ungdommane slik at dei har stor mogelegheit til å medverke til at dagen skal bli betre. Det kjem også fram i datamaterialet at statsforvaltaren har dei siste åra lagt ulike føringar for arbeidet deira slik at det har vorte større fokus på ungdommens rett til å medverke.

Kort oppsummert handlar forbyggingsfasen mykje om å observere ungdommane og at dei er mykje på tilbodssida om dei merkar at ungdommane ikkje har ein god dag. Brukarmedverknad er mykje til stades i denne fasen, men også traumebevisst omsorg i å kunne sjå smerteuttrykka til ungdommen.

Korleis blir TBO og brukarmedverknad påverka av kvarandre i «eskaleringsfasen»?

Alle informantane seier at i denne fasen er det svært individuelt korleis ungdommane visar at det er noko som eskalera. Nokre ungdommar kastar eller knuser ting, mens andre trekk seg vekk. Den eine informanten seier *«eg opplev at det er dei som trekk seg vekk som er vanskelegast å regulere, også at dei er svært lite mottakeleg for brukarmedverknad i den situasjonen då dei helst vil være for seg sjølv vil dei seie nei til forslag frå personalet og som regel ikkje kome med eigne forslag»*. Informanten legg til at slike situasjonar er dominert av negativ tankegang for ungdommen og at det frykteleg utfordrande å kome seg ut av denne for dei.

Ein anna informant opplev at brukarmedverknad ofte kan løyse mykje i oppløpsfasen, «eg spør ungdomen, kva tenker du?, kva ser du for deg? eller kva meiner du kunne ha vore ei god løysing på denne situasjonen. Då visar eg at er villig til å møte ungdommen på ein plass på vegen og ein kan då ta det derifrå». Det å vise dette kan dempa veldig mykje. Dette kan også føre til at ungdommane følar seg meir høyrd på sine eigne ynskjer og behov. Informanten visar til eit eksempel der ein skal gjennomføre ransaking av rom og eigendelar, sjølv om dette er tvang har ein moglegheit til å medverka her. Om ein som tilsett då spør ungdommen om det er greitt at ein gjer det, eller om ungdommen vil ha ein anna tilsett til å gjere det. Ofte kan kjønn spela ein rolle i dette og informanten utrykkar at det for eksempel er nokre gutar som ikkje er så komfortabel med at kvinnelege tilsette går igjennom bokserane deira. Med det vil ein bidra til at ungdommen blir litt mindre makteslaus i slike situasjonar, for sjølv om det er tvang finnast det valmoglegheiter. Informanten understrekar at ved å prøve å stille spørsmål til korleis ungdomen tenkjar det kan gjennomførast blir det så skånsamt som mogeleg og at dette kan redusere eskalering.

Kort oppsummert viser funna at dei tilsette jobbar for å deeskalere situasjonen i oppløpet. Funna peiker på at ungdommane har forskjellege måtar å eskalere på, men det er som regel effektivt å spør *«kva tenkjer du no? Kva tenkjer du? Eller kva tenkjer du blir ei bra løysing på denne situasjonen no?»* Det som er lite løfta fram som brukarmedverknad men som ofte kan være svært effektivt for å deeskalere situasjonen er å gje ungdommen eit val sjølv om det er tvang. Som i dette eksempelet om ransaking, så kan ein gje ungdommen valet om kven av dei tilsette ungdommen er mest komfortabel med skal gjere det.

Korleis blir TBO og brukarmedverknad påverka av kvarandre i «stormen»?

I denne fasen visar datamaterialet vårt at ungdommane er ute av toleransevindauge deira og at det ikkje er uvanleg at det oppstår mykje utagering. Det kan være verbal utagering som trugslar, men også fysisk som kasting av stolar og planter. Datamaterialet vårt seier at det er her informantane opplever minst gjennomslag for brukarmedverknad, dei peikar på at ungdommane er såpass langt utanfor sitt eige toleransevindauge at dei ikkje er i stand til å ta gode val for seg sjølv eller at dei i ein slik situasjon ikkje tenkjer gjennom vala for seg sjølv men heller på ein måte så dei kan vinne situasjonen. Ein informant seier *«i denne fasen der tvangen går opp, går brukarmedverknaden ned. Men det finns alltid brukarmedverknad likevel»* og visar til et eksempel der ungdommen står med ein stol klar til å kaste gjennom eit vindauge. *«Eg kjem til å legge deg i bakken om ikkje du legg ned den stolen, og då har du gitt ungdommen ein mogelegheit til å medverke»*. Det er ikkje sikkert ungdommen er i stand til å ta eit val i denne situasjonen men det er fortsett ein viss grad av brukarmedverknad ved å gje eit val. Går situasjonen derimot så langt at det er fare for liv og helse, er det ikkje rom for brukarmedverknad. *«Jo farlegare situasjonen er, jo mindre brukarmedverknad er det rom for»*.

Ein anna informant peiker på det å sjå på den avmakta dei følar på i slike situasjonar og nemnar ein situasjon der ein ungdom var veldig sint etter å ha blitt henta tilbake frå rømmen. Dei tilsette velte då litt kva kampar dei skulle ta, *«kampen om at ungdommen skulle ha på seg setebelte tok vi då dette er svært viktig med tanke på sikkerheita. Men når ungdommen tente på ein sigarett inne i bilen så let vi vere å ta den kampen. Det ikkje er i god lukt, men når ein blir frakta tilbake mot si eiga vilje til ein plass ein ikkje vil være så klarte vi å sjå vekk ifrå den sigaretten.»*

Datamaterialet vårt viser at i slike situasjonar spelar relasjon, tryggheit, tid og det å være konsis stor del. Ein informant seier at relasjon er svært viktig i slike situasjonar og at tid og tolmod saman med relasjon er regulerande. Informanten oppleva at om ein tar med ungdommen vekk frå situasjonen og får regulert ungdommen inn att i toleransevindauget oppstår det ein god situasjon til å fokusera på brukarmedverknad.

Ein informant fortel om ein episode med ein verbal utagering der han opplevde at ungdommen hadde ei trugande kroppsspråk der hen stod over informanten mens han satt. Informanten peikar på at *«ved å gje ungdommen moglegheit i den skarpe situasjonen til å snu heilt om på maktforholdet kan være de-eskalerande (...) hadde eg stått over ungdommen og sett ned på han hadde det fått eit heilt anna utfall»*.

Kort oppsummert visar datamaterialet vårt at informantane våre oppfattar at desse situasjonane er forskjellige og at dei aldri er like. Dei seier vidare at ungdom som er utanfor toleransevindauge sitt, ikkje er i stand til å ta gode val for seg sjølv og at det er viktig å være bevisst på at nokre om dei får mogelegheita til å medverke vil prøva å vinne situasjonen. Derfor om ein gjer dei moglegheit til medverking så gjer ein dei berre val som vil være til fordel for dei. Det viktigaste brukarmedverknad kan bidra til i denne fasen er å fjerne avmakta som ungdommen kan føle på i situasjonen.

Korleis blir TBO og brukarmedverknad påverka av kvarandre i «kjølvatnet»?

Datamaterialet vårt visar at i denne fasen er ungdommen prega av skam, eller anger av sine handlingar når dei har vore utanfor toleransevindauge sitt. Nokre har kanskje behov for å kome med ein unnskyldning eller gjere ein godhjarta handling mot dei tilsette som har stått i situasjonen. Datamaterialet vårt visar at her er det viktig å ha vise traumebevisst omsorg og trygge ungdommane på at dei tilsette forstår at det var ein reaksjon på at dei ikkje hadde det greitt, og vidare i samtalen få lufta ut dette så ein klarar å legge det bak seg. Dette visar seg også å være svært førebyggande i følge informantane.

Ein av informantane sa at det å vere ærleg og konsis gjennom alle fasane i utageringa, og å vise at ein kan stå i smerteuttrykka til ungdommen, slik at ungdommen opplev at ein er der for den uansett er viktig for at ungdommen skal oppleve tryggheit i kjølvatnet. Ein annan av informantane seier at *«Det er verkeleg her ein har moglegheita til endringsarbeid (...)Det er i denne fasen brukarmedverknad og TBO verkeleg kjem inn (...) Det er her det er moglegheit for at det blir foreina i skikkeleg miljøterapeutisk arbeid»*.

Datamaterialet vårt seier at det er svært avgjerande å ta ein prat med ungdommen mens situasjonen endå er fersk. I denne praten stiller den tilsette spørsmål om kvifor ungdommen utagerte, kva som trigga ulike handlingar som for eksempel blikk eller kommentarar. Og dette er ein form for brukarmedverknad, for sjølv om ein må gjere ein handling så finnas det veldig mage måtar å gjere den på. Ein informant seier *«det å finna ut kva som er minst inngripande for ungdommen etter ein slik situasjon, slik at om ein hamner der igjen har ein lært noko berre gjennom ein samtale»*..

Informantane trekk fram at dei også gjennom arbeidsgivar har blitt opplærd i rettsforskrifta for ungdommar er nyttig i slike situasjonar. Då fekk dei økt kunnskap i rettigheitene til ungdommane slik at om dei opplevde nokre ubehagelege situasjonar rundt utagering der ein må halda roen, så veit ein meir korleis ein kan gjere det på ein minst mogeleg inngripande måte og kor fort ein kan sleppe opp igjen.

Datamaterialet vårt visar at kjølvatn fasen kan vare over fleire dagar, men at lengda er individuell. Det viktigaste er å ta tak i situasjonen og få ein samtale med dei involverte mens det ennå er ferskt. Informantane opplever at ungdommane også i denne fasen kan ta initiativ til å snakke om det som har skjedd, og at det ikkje nødvendigvis berre skjer med ein gong etterpå.

Denne fasen visar kort oppsummert at det er svært viktig å ha samtalen i etterkant av ein situasjon. Dette gjer moglegheita til å betre eller førebygge neste situasjon. Kunnskap om TBO er sentral for å forstå handlingar og smerteutrykk, for å trygge ungdommane på at dei forstår at det var ein reaksjon på at dei ikkje hadde det greitt.

Diskusjon

I dette kapittelet drøftast problemstillinga om korleis brukarmedverknad og traumebevisst omsorg påverkar kvarandre i arbeidet med ungdom på institusjon, opp mot teoriane som er presentert i teorikapittelet og resultata frå empiri. Empirien blir drøfta undervegs for å synleggjere forskjellen mellom teori, drøfting og empiri. Kapittelet vil bli delt inn i fire delkapittel der vi svarar på kvart av forskingsspørsmåla, før vi vil svare på problemstillinga.

Korleis blir TBO og brukarmedverknad påverka av kvarandre i forebyggingsfasen?

Teorien om traumebasert omsorg seier at det er tre grunnpilarar som ligg til grunn for utøvinga av dette. Dei tre grunnpilarane legg vekt på at relasjon, tryggleik og regulering må være til stades for å utøve traumebasert omsorg (Thommessen & Neumann, 2019, s. 29). Funna peiker på turnusen dei opererer med som ein viktig faktor for å skape tryggleik og relasjon, nemleg to av grunnpilarane i TBO. Dei har god tid når dei først er på jobb til å komme tett på ungdommane og det skapar ein stor tryggleik og forutsigbarheit for ungdommane i at det ikkje er mykje utskifting av omsorgspersonar dei må forholda seg til. På den andre sida er ikkje dette heile oppskrifta på traumebevisst omsorg, og når det først oppstår noko eller ein merkar at det oppstår noko så vil ein bli nøydt til å ta i bruk regulering.

NAPHA. (2016). Veileder for ansatte i Psykisk helse og rus. Bærum. Hentet fra https://www.napha.no/multimedia/7002/Veileder-recovery
Pasient- og brukerrettighetsloven. (1999). Lov om pasient- og brukerrettigheter (Lov - 1999 - 07 - 02 – 63). Hentet fra https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-07-02-63?q=pasient
Skjeldal, E. (2021). Kritiske perspektiver på brukermedvirkning. Oslo: Universitetsforlaget.

Stokken, R. (2008). Den kunnskapsrike pasienten. I A. Tjora (Red.), Den moderne pasienten (ss. 57-74). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
Tew, J. (2005). Core Themes of Social Perspectives. I J. Tew (Red.), Social perspectives in mental health: Developing Social Models to Understand and Work with Mental Distress (ss.
13-32). London: Jessica Kingslay Publishers. Hentet fra
https://ebookcentral.proquest.com/lib/hivolda-ebooks/reader.action?docID=290651
Tjora, A. (2018). Kvalitative forskningsmetoder i praksis. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
United Nations. (2020). Right of everyone to the enjoyment of the highest attainable - Report of the Special Rapporteur on the right of everyone to the. Hentet fra https://undocs.org/A/HRC/44/48

Menneske med psykisk utviklingshindring og angst

Korleis kan brukarmedverknad og empowerment nyttast i arbeid mot angst hjå personar med psykisk utviklingshindring?

Lisa Hareide

Bacheloroppgåva undersøkjer korleis ein kan bruke sosialfaglege tilnærmingar i arbeid med menneske med psykisk utviklingshindringar og angst. Dette er ei dobbeltdiagnose som blir lite lagt vekt på i offentlege debattar og det er viktig med meir fokus på denne psykiske lidinga blant brukargruppa. Personar med psykisk utviklingshindringar er ei gruppe som står i ein avmaktsposisjon og empowerment er ei tilnærming som blir brukt for å komme seg ut av denne situasjonen. Oppgåva undersøkjer brukaren sine moglegheiter til å innverke i si eiga angstbehandling samt korleis ein kan nytte myndiggjering i arbeide mot angsten. Dette er interessant å utforske fordi ein som sosialarbeidarar leggjar vekt på å la brukaren vere ekspert i sitt eige liv og at han/ho skal vere ein deltakar i arbeidet til eit felles mål.

Det er ei teoretisk oppgåve og ved bruk av teoriane om brukarmedverknad og empowerment undersøkjer den korleis desse kjem til syne i ulike angstbehandlingar. Oppgåva tek utgangspunkt i dei ulike angstbehandlingane som blir brukt for denne brukargruppa der eksponeringsterapi, psykoedukasjon og avspenningsøvingar blir lagt mest vekt på. For å kunne bli myndiggjort kjem det fram i oppgåva at brukarane må oppleve kontroll over seg sjølv og angstsympotma. For å kunne oppnå denne kontrollen må hjelparane vere der å regulere kjenslene til brukaren og samarbeide om tiltak for å hindre kognitiv overbelasting.

Innleiing

Førekomsten av angstlidingar hjå menneske med psykisk utviklingshindringar er høg og denne gruppa er særleg disponert for å utvikle engstelse og angst (Davis, Saeed, & Antonacci, 2008, s. 250). I ei studie gjort i Sverige vart det konkludert at 26.8 prosent av vaksne med psykisk utviklingshindring hadde angst (Gustafsson & Sonnander, 2004, s. 451). Menneske med utviklinghindringar treng ofte bistand av hjelpeapparatet til å takle, forstå og overvinne angsten på grunn av deira nedsette kognitive evne. Sjølv om det trengs hjelp for å behandle den psykiske lidinga har ein som sosialarbeidar eit ønskje om at denne brukargruppa blir inkluderte og får medverke i eiga sak. Brukarmedverknad er ei tilnærming som blir vektlagt i sosialt arbeid og handlar om at brukarane skal ha stor innflytelse i eiga sak (Ellingsen & Skjefstad, 2015, s. 106). Empowerment er ei tilnærming som ofte er knytt til undertrykte og diskriminerte grupper i samfunnet der oppgåva til hjelparane er å motivere brukar til å ta i bruk eigne ressursar og oppleve meistring og styring over eige liv (Ellingsen & Skjefstad, 2015, s. 104). Denne tenkinga blir også brukt i arbeid for å meistre ulike psykiske lidingar. Metodane og tilnærmingane ein brukar for å minke angst hjå menneske utan kognitive nedsettingar er ikkje naudsynt verksame i

arbeid med utviklinghindra. I fleire høve er deira forståing av verden og korleis ting er annleis enn vår og difor må det andre tilnærminga til. Mangelen på kunnskap om korleis ein skal arbeide med denne brukargruppa kan gjere at ein nyttar tilnærmingar som er lite tilpassa brukarane. Meir forsking om medverknad og myndiggjering på dette feltet vil gjere at brukargruppa får meir innflytelse i eiga sak samt meir individuelt tilpassa arbeid kan minke den høge prosentandelen med angstlidingar blant menneske med psykiske utviklingshindringar. Basert på teoriar om brukarmedverknad og empowerment samt Wigaard og Bakken sine teoriar om angstbehandling i denne brukargruppa undersøkjer oppgåva metodar som vil vere nyttige å for at menneske med psykisk utviklingshindringar skal bli deltakarar i angstbehandlinga si.

Som nemnt seier forsking at omtrent ¼ av menneske med psykiske utviklinghindringar har angst. Angstdempande medikament som til dømes benzodiazepiner blir nytta i behandling av angsten. Trøyttheit, sløvheit, svimmelheit, nedsett initiativ, muskelsvakheit, toleranseutvikling samt depresjon er berre nokre av biverknadane ein kan oppleve av å nytte desse preparata (Sørensen, 2020, s. 272). Legemiddelbehandling av angst gir ofte rask lindring men har vanlegvis biverknadar på lang sikt og bruk av desse vil føre til ei toleranseutvikling samt avhengigheit. Psykososiale behandlingsmetodar fokuserer på individuelle faktorar samt leggjar til rette for at brukaren kan ta del i si eiga behandling. Ein har som brukarar av tenester rett til å medverke ved gjennomføring av helse- og omsorgstenester i følgje Pasient– og brukarrettigheitslova § 3-1 (Lov om pasient- og brukerrettigheter, 1999). Dette slår fast at ein som brukar har rett på å vere med å utforme tenestetilbodet og at det skal vere eit samarbeid mellom hjelpar og brukar. Den 13. desember 2008 blei FN sin konvensjon om rettigheitene til menneskjer med nedsett funksjonsevne vedtatt. I artikkel 3 blir det utdjupa og lagt vekt på respekt for mennesket sin ibuande verdi, individuelle sjølvstende og rett til å treffe eigne val (Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, 2006). Desse lovene og denne konvensjonen bekreftar at alle har rett på helsetenester og at ein skal i størst mogleg grad la brukaren medverke i si sak.

Psykiske lidingar blant menneske med psykisk utviklingshemming blir lite snakka om og lite behandla. Dei emosjonelle og åtferdsmessige symptoma for angst blir ofte knytt til deira kognitive nedsettingar og dei går ofte under radaren både for diagnostisering og behandling (Wigaard & Bakken, Kapittel 6: Angstlidelser, 2020, s. 79). All forsking på dette området er viktig for å skape merksemd rundt eit stort temaet for denne undertrykte gruppa. Kunnskapen som kjem fram i oppgåva og forsking på dette feltet er sosialfagleg relevant fordi den legger fokuset på brukaren si stemme. Det er også interessant å vite korleis den kognitive nedsettinga påverkar måten ein kan behandle angsten på i forhold til menneskjer utan ei utviklingshindring. Som sosialarbeidar kjem ein ofte i kontakt med menneske som har psykisk utviklingshindringar både i arbeid på dagtilbod, omsorgsbustadar, NAV eller i skulesystemet. Det er i tillegg ønskeleg å nytte sosialfaglege tilnærmingar for å minske bruken av legemiddel samt å forhindre vidare tilbakefall dersom ein avsluttar den medikamentelle behandlinga i møte med denne brukargruppa. Ved å lære korleis ein nyttar desse metodane i møte med denne brukargruppa kan ein utvikle seg i sosialt arbeid.

Problemstilling og forskingsspørsmål

Med dette i bakgrunn er det verdifullt å utforske korleis ein kan leggje til rette for at brukaren skal ta del i eiga behandling og korleis den psykiske

utviklingshindringa påverkar angstbehandlinga. Problemstillinga er difor*: «Korleis kan brukarmedverknad og empowerment nyttast i arbeid mot angst hjå personar med psykisk utviklingshindring?»*

For å finne svar på problemstillinga har oppgåva gått utifrå tre forskingsspørsmål. Det første forskingsspørsmålet er: *Kva typar angstbehandling blir brukt for menneske med psykisk utviklingshindringar?* Dette er interessant å sjå nærmare på for å vite kva behandlingsmetodar som blir nytta i dag og kor fokuset til behandlarane ligg. Denne kunnskapen gir i denne oppgåva ein bakgrunn for vidare forsking og forslag til korleis ein kan betre dagens praksis. Utifrå det som kjem fram i første spørsmål er det nyttig å fokusere på dei sosialfaglege tilnærmingane i dei forskjellige typane angstbehandling difor lyder neste forskingsspørsmål slik: *Korleis kan empowerment bli brukt for at menneske med psykisk utviklingshindring skal meistre angsten sin?* Dette spørsmålet rettar lys på brukaren si moglegheit til meistring av si eiga psykiske liding og korleis ein som hjelpar kan ha fokus på dei tiltaka mot angst ein kan nytte som fører til meistring og myndiggjering hjå brukaren. Det tredje forskingsspørsmålet byggjer på tanken om at beste behandling føregår gjennom eit samarbeid mellom tenesteytar og tenestemottakar. Som sosialarbeidar er det viktig å ha fokus på brukar si stemme og korleis ein kan sørgje for at vedkomande er ein deltakar i si eiga behandling. Det tredje forskingsspørsmålet er difor: *På kva måte er brukarmedverknad eit reiskap i angstbehandling for personar med psykisk utviklingshindring?*

Bakgrunn

Sidan oppgåva skal studere arbeidsmetodar for angstbehandling er det interessant å sjå på historia om angst hos denne brukargruppa. Psykiske lidingar hjå personar med psykisk utviklingshindring er eit relativt nytt tema. Historisk sett har utfordrande åtferd og veremåtar hos menneske med psykisk utviklingshindringar blitt sett på som ein del av denne grunndiagnosen og ikkje ei psykisk liding (Naku - Nasjonalt kompetansemiljø om utviklingshemming, 2016). I dag veit vi at dette er ei gruppe menneske som også kan ha psykiske helseplager og utviklar i større grad angst enn resten av befolkninga (Davis, Saeed, & Antonacci, 2008, s. 250). Likevel er det slik at denne brukargruppa framleis ikkje får den oppfølginga og dei hjelpebehova som trengs frå kommunane, og i følgje det Nasjonale Kompetansemiljøet for Utviklingshemming er «det mange mennesker som lever innenfor utilstrekkelige rammer/tilbud som i stede for å begrense risikoen for utvikling av psykisk tilleggslidelse, snarere kan fremme denne risikoen» (Utviklingshemming- generell kognitiv svikt som medfører økt sårbarhet for utvikling av psykiske lidelse, 2016).

Dette er ei gruppe menneske som er marginalisert og blir lite inkludert i samfunnet elles og i tillegg til at det blir meir fokus på psykisk lidingar er det viktig at ein leggjar til rette for at dei får innflytelse i tenesta si. Brukarmedverknad starta som ein følgje av ei politisk vending frå fokus på omsorg til deltaking. Organisasjonar for menneske med funksjonshindringar spelte ei stor rolle i denne dreiinga og i ideen om å styrke deira medverknad og demokratiske rettigheiter (Ellingsen & Skjefstad, 2015, s. 106). Deira kamp for innflytelse har vore svært viktig for å setje brukarmedverknad på agendaen i norsk politikk. Det er i dag ein rett for alle menneske som får helsetenester å kunne medverke i eiga sak, jf. Pbrl § 3-1 (Lov om pasient- og brukerrettigheter, 1999). Det er i tillegg presisert i lova at dei med nedsett funksjonsevne og dei med psykisk sjukdom skal få dei helsetenestene som dei treng for å meistre kvardagen og få dekka sine behov: «Kommunens ansvar omfatter alle pasient- og brukergrupper, herunder personer med somatisk eller psykisk sykdom,

skade eller lidelse, rusmiddelproblem, sosiale problemer eller nedsatt funksjonsevne» (Helse- og omsorgstjenestelova, 2011, § 3-1).

Teoretiske perspektiv

I denne teoretiske delen av oppgåva vil det først komme omgrepsforklaringar på kva det vil seie å ha ei psykisk utviklingshindring samt utgreiing om angstlidinga. Ei forklaring på diagnosen psykisk utviklingshindring er viktig for å kunne tilretteleggje dei arbeidsmetodane som blir brukt i resten av befolkninga for dei med ei kognitiv nedsetting. Kunnskap om den psykiske lidinga er grunnleggande for å kunne forstå dei ulike behandlingsmetodane mot angst. Vidare vil oppgåva presentere Wigaard og Bakken sine teoriar om korleis angsten kjem til syne og er ulik for dei med ei utviklingshindring enn for resten av befolkninga. I svaret på korleis ein kan nytte brukarmedverknad og empowerment i arbeid mot angst må ein forstå desse to sosialfaglege tilnærmingane samt forholdet dei har til kvarandre.

Psykisk utviklingshemming

Før ein går vidare med oppgåva er det nyttig å gje ei konkret forklaring på kva det vil seie at eit menneske har ei psykisk utviklingshindring. Definert i ICD-10 (den internasjonale statistiske klassifikasjonen av sjukdommar og liknande helseproblem) er psykisk utviklingshemming ein tilstand med stagnert eller mangelfull utvikling av evner og funksjonsnivå, særleg dei ferdigheitene som kjem fram i utviklingsperioden (World Health Organization; Statens helsetilsyn, 1999, s. 224). Dette gjeld spesielt kognitive, språklege, motoriske og sosiale ferdigheiter. Det er ikkje alltid ein veit når utviklingshindringa oppstod eller om den var medfødd. Gjennom denne oppgåva vil menneske med psykisk utviklingshindringar bli omtala på ulike måtar for å gi betre flyt i teksten samt unngå for mykje gjentaking. Dette er resten av orda som vil bli brukt om menneske med psykisk utviklingshindringar: brukarar, menneske med kognitive nedsettingar, utviklingshindra, kognitiv svikt samt forkortelsen menneske med PU.

Det er fire ulike gradar av psykisk utviklingshemming: lett, moderat, alvorleg og djup. Desse ulike kategoriane blir vurdert utifrå det intellektuelle nivået (IQ) til vedkomande og blir vurdert med skjønn i forhold til andre faktorar som til dømes tilpassingsåtferd og sosial modning (World Health Organization; Statens helsetilsyn, 1999, s. 225). Forskjellen mellom dei ulike gradene er stor og utan å gå for langt inn på dei ulike kjenneteikna i dei fire gradene vil dei med alvorleg og djup psykisk utviklingshindring trenge mykje meir bistand når det gjeld til dømes eigenomsorg og dei har ofte lite eller ingen språk. Menneskje med lett eller moderat grad av utviklinghindring vil ofte meistre mykje på desse områda sjølv men treng bistand på andre område. Som sosialarbeidar kan ein merke forskjell på korleis ein kan drive miljøarbeid med brukarar som er på ulike nivå. Arbeidar ein med dei som har djup utviklingshindring vil ein måtte hjelpe brukaren på mange områder som dei med lett utviklingshindring klarer sjølv som til dømes hygiene og å ete mat. Likevel ønskjer eg å påpeike viktigheita av å lære brukar å kjenne og korleis vedkomande kommuniserer slik ein kan plukke opp dei signala som brukar gir oss for å kunne drive miljøarbeid.

Menneskje med ei psykisk utviklingshindring vil i forskjellig grad ha vanskar med å regulere kjenslene sine. Sjølvregulering er eit samspel mellom tenking, kjensler og åtferd og heng saman med utviklingsmessig modenheit, kulturelle forhold samt intellektuell kapital (Bakken T. , 2015, s. 100). Evna til å endre eiga tenking og utøve kontroll over indre prosessar er noko dei med ei kognitiv nedsetting kan ha

vanskar med. Å ikkje kunne forklare seg eller få fram kva som går føre seg inne i hovudet på ein kan skape frustrasjon. I tillegg kan oppleving av angstsymptom føre til fysisk og verbal aggresjon hjå menneske med ei kognitiv svikt fordi angst påverkar sjølvregulering av kjensler og åtferd negativt. Med andre ord vil det å forhindre eller dempe angstreaksjonar også forhindre aggressiv åtferd (Bakken T. L., 2015, s. 138). Behovet for hjelparar og andre til å regulere desse kjenslene og å hjelpe brukaren å forstå sine indre prosessar er difor sentralt. «Dysfunksjoner i emosjonsreguleringen synes å være en grunnleggende faktor for alle psykiske sykdommer og psykiske plager» (Bakken T. , 2015, s. 101). Sjølvregulering er altså ein viktig del av det å ha kontroll på emosjonar og kunne meistre sine indre prosessar og eiga psykisk helse. I det medisinske kodingssystemet kjem det også fram at utviklingshemming kan førekomme med eller utan andre psykiske eller somatiske lidingar, og utviklingshindra kan rammast av alle typar psykiske lidingar (World Health Organization; Statens helsetilsyn, 1999, s. 224).

Angst

For å forstå den psykiske lidinga angst kan ein kople det til kjensla frykt og korleis den påverkar eit menneske. I likskap med frykt blir det utskilt adrenalin, ein får auka pulsfrekvens, tiltakande respirasjon, temperaturendringar og blodtrykksforandringar når vi opplever angst (Skårderud, Haugsgjerd, & Stänicke, 2018, s. 309). Desse kroppslege endringane vil opplevast som ubehagelege og det gir psykisk smerte som fører til at dei som er i ein angstprega situasjon blir urolege. Angst er ein del av å vere menneske i ein verden med farar og utfordringar (Skårderud, Haugsgjerd, & Stänicke, 2018, s. 309). Det er derimot mange som slit med angstlidingar fordi angsten påverkar ein i så stor grad og hemmar ein på ein uverksam måte i livet. Angstreaksjonar som kjem utanom ein reell fare kan bli eit problem og det blir mentalt krevjande. Den psykiske lidinga kjem til syne når angsten påverkar fungering generelt og hindrar vanlege gjeremål og reduserer funksjonsevna (Wigaard & Bakken, Kapittel 6: Angstlidelser, 2020, s. 78). «Fight-flight-freeze» er tre handlingsmoglegheiter som er naturleg å reagere med i slike situasjonar. Dette går ut på at personar som opplever angst enten reagerer med å få krefter til kjempe imot, flykte frå situasjonen eller fryse og ikkje klare å gjere nokon av dei to andre tinga. (Skårderud, Haugsgjerd, & Stänicke, 2018, s. 309). Å flykte frå situasjonen er ein måte å minke angstsymptoma på og unngå å kjenne på ubehaget.

I dette avsnittet blir dei fem hovudgruppene innanfor angstlidingane presentert og kort forklart basert på Skårderud, Haugsgjerd og Stänicke (Kapittel 18: Angstlidelsene, 2018). Bakgrunnen til denne beskrivinga er for å gi lesar eit heilskapleg syn på den psykiske lidinga og korleis den påverkar dei med angst. *Fobisk angst* er knytt til eit objekt eller ein situasjon der døme på dette kan vere slangar, transport med bil eller torden og lyn. Den neste typen angst er *panikkangst* der ein opplever panikk og som ikkje berre er avgrensa til spesielle situasjonar og er ofte ikkje forutsigbare. Menneskjer som opplever desse panikkanfalla i ulike omgjevnadar kan føle for å unngå desse omgjevnadane i etterkant av denne episoden. *Traumelidingane* oppstår i etterkant av fysisk og psykisk belastning og døme på ei traumeliding kan vere PTSD (posttraumatisk stressforstyrring). Det er altså reaksjonar på ein ytre belasting der døme kan vere «flashbacks» til hendinga, uro, mareritt og tilbaketrekning. Ein annan type angst er *tvangslidingar* som eigentleg er tvangstankar og tvangshandlingar som ein brukar for å holde angsten under kontroll. Desse tvangstankane og handlingane vil ta over tankesettet og bli ein del av lidinga. Døme på tvangstankar kan vere at ein har førestillingar om å skade ein annan person

og tvangshandlingar kan vere overdriven vasking eller rydding. *Generalisert angstliding* er i likheit med panikkangst ikkje avgrensa til nokon spesifikke situasjonar men er ein engstelse for ulike tema. Symptoma på dette er nervøsitet, skjelving, svetting, ubehag i mageregionen osv. Vanlege tankar innanfor generalisert angstliding at ein fryktar at ein sjølv eller andre nærpersonar blir utsett for ulykker eller skadar (Skårderud, Haugsgjerd, & Stänicke, 2018, s. 314).

Den psykiske lidinga hjå personar med psykisk utviklingshindring

Omgrepet angst blir definert over men kunnskap om angstlidinga hjå menneske med psykisk utviklingshindringar er nyttig å gå djupare inn på for å kunne utforske korleis ein eventuelt kan behandle angsten på. Angst i denne brukargruppa kan komme til uttrykk på andre måtar enn det gjer med menneske elles. Vidare skal eg gå djupare inn på bakgrunn for angst og typiske kjenneteikn med angst i denne brukargruppa.

For å forklare litt kvifor dei med psykisk utviklingshindring opplever meir angst kan ein gå nærmare inn på omgrepet kognitiv overbelasting. Overbelasting kjem av at hjernen er sliten og ein har ikkje kapasitet til å tolke eller handtere fleire oppgåver og omgrepet dekkjer summen av redusert kognisjon samt urimelege krav over tid (Wigaard & Bakken, Kapittel 6: Angstlidelser, 2020, s. 82). I nye situasjonar vil dei fleste neurotypiske menneske kunne nytte lært kunnskap og tidelegare erfaringar og tilpasse seg desse nye intrykka. Menneske med psykisk utviklingshindring har derimot vanskar for å overføre tidelegare erfaringar til nye situasjonar og dermed vere usikker på korleis ein skal handle og dette kan igjen føre til meir stress og nye dårlege opplevingar. Mangelfull forståing og tilpassingsdyktigheit kan gjere at brukarane hamnar i situasjonar der dei ikkje veit korleis dei skal handle eller kva som blir forventa av dei å gjere og dei har ikkje kontroll på situasjonen. «Overdreven vurdering av fare og usikkerhet omkring beslutninger i situasjoner gir økt risiko for angst» (Wigaard & Bakken, Kapittel 6: Angstlidelser, 2020, s. 81). Å ikkje ha oversikt kan føre til engstelegheit og på grunn av vanskar for å forklare angsten er det lettare for hjelparar å oversjå desse symptoma. Dette er situasjonar dei kan hamne i fleire gangar om dagen og føre til store belastingar for vedkomande. Denne brukargruppa har ofte strenge rutinar og ein veldig strukturert kvardag for at ein skal hindre kognitiv overbelasting

Som nemnt i bakgrunnsdelen er overskyggingsdebatten noko som har påverka synet ein har på den psykiske lidinga, angst, for dei med ei utviklingshindring. Wigaard & Bakken (Kapittel 6: Angstlidelser, 2020, s. 79) har skrive om korleis åtferd som eigentleg er uttrykk for angst ofte blir mistolka av hjelparar rundt som «staheit» eller «sinne» og blir dermed kopla til den psykiske utviklingshindringa eller personlegdommen til brukaren i staden for den psykiske lidinga. At ein brukar ønskjer bistand eller at du som hjelpar skal følgje vedkomande til ulike stadar blir ikkje kopla til angst men blir teke som ein del av utviklingshindringa. Angstreaksjonane blir sett på som idiosynkrasiar som er eit omgrep som brukast om korleis personar med kognitiv funksjonshemming snakkar og oppfører seg (Bakken T. L., 2015, s. 128). Diagnostiseringa av denne brukargruppa er også svært annleis og komplisert enn i befolkninga generelt. På grunn av manglande språk eller forståing kan intervju eller skjema som personen sjølv skal utfylle vere ein vanskeleg eller umogleg måte å definere angsten på. Det blir lagt lite vekt på at desse personane har kognitiv svikt i dei undersøkingane som blir gjort (Wigaard & Bakken, Kapittel 6: Angstlidelser, 2020, s. 80).

Noko som er verdt å merke seg med behandling av angst i denne brukargruppa er at behandlinga ofte vil ta lenger tid enn dei utan ei psykisk utviklingshindring og dette er også noko ein må ta omsyn til når ein er i ein prosess med angstbehandling. Dei reduserte kognitive evnene påverkar forståinga brukaren har noko som igjen vil føre til at ein som hjelpar må gjenta, nytte andre tilnærmingar og å ta små steg i arbeidet. I likheit med angstbehandling hjå neurotypiske menneske vil det å ha brukar i fokus og leggje til rette for innverknad i eiga behandling gi eit betre tilbod og behandlinga vil vere meir verksam.

Brukarmedverknad

Omgrepet brukarmedverknad handlar om brukar si rolle i si eiga sak og deira innflytelse over tenesta som blir utført (Ellingsen & Skjefstad, 2015, s. 106). Det inneber leggjer brukaren si rett til å uttale seg om si sak før det blir teke ei avgjersle. Brukaren skal vere ein deltakar i samarbeidet med helsevesenet og ikkje ein passiv mottakar av omsorg. Ein brukar er ein person som mottek tenester omfatta av Helse- og omsorgstenestelova, jf. Pbrl § 1-3 bokstav f (Lov om pasient- og brukerrettigheter, 1999). Brukarmedverknad er i tillegg blitt ei lovfesta rettigheit og ein må som tilsett i helsetenestene forhalde seg til det, jf. Pbrl § 3-1 (1999). Med andre ord har ein som tenesteytarar ei plikt til å involvere brukaren i tenestene. I tillegg vil brukaren sin medverknad gi innspel som tilføyer nye og gode idear, og vil gjere at vi ser situasjonen i eit anna lys enn det vi elles ville ha gjort.

For å kunne anvende brukarmedverknad i praksis i til dømes sosialt arbeid må ein vite kva det vil seie at ein brukar medverkar og kvifor det er viktig å ha fokus på brukaren si stemme. Det er lett å tenkje at ein som hjelpar sjølv veit kva som er best for brukar og deira situasjon, og ein har ein konkret plan for å gjere livet til vedkomande betre. Likevel skal ein alltid høyre på kvar brukaren meiner fokuset i arbeide skal vere og samarbeide om måtar å komme til ei løysing på. Dette er for at ein som hjelpar ikkje skal misbruke den makta ein har over tenesta og det er alltid viktig å vise at ein lyttar til brukaren si stemme for at vedkomande skal ønskje å fortsette samarbeidet vidare. Brukarmedverknad omhandlar at ein brukar har rett på definere kva som er riktig for han/ho i den enkelte sin situasjon samt ha innverknad på kva verkemiddel som blir teke i bruk (Ellingsen & Skjefstad, 2015, s. 109). Eg ønskjer å påpeike at reell brukarmedverknad ikkje berre handlar om å la brukaren få definere og komme med ønskjer om tenesta, men at akkurat dette blir lytta til og brukaren faktisk får oppleve å vere ein deltakar i prosessen.

Eit omgrep som har mykje til felles med brukarmedverknad er empowerment. Ein nyttar ofte brukarmedverknad for at brukaren skal bli «myndiggjort» og gjennom brukarmedverknad kan brukarane oppleve anerkjenning og resultatet kan vere auka tru på eiga meistring (Ellingsen & Skjefstad, 2015, s. 110). I likheit med empowerment blir brukarmedverknad nytta for at ein skal la brukaren ta styring over eige liv. I mange tilfelle er empowerment målet med å nytte brukarmedverknad, nemleg at brukaren skal oppleve å meistre og vere ein del av prosessen. Begge desse metodane har grunnsynet om at individa er dei fremste ekspertane i eige liv.

Empowerment

Empowerment er ei tilnærming som blir brukt med individ eller grupper som er i ein avmaktssituasjon. Grunnsynet handlar om korleis ein kan styrke dei til å komme seg ut av denne avmakta samt få meir makt, styring og kontroll over eige liv (Askheim, 2012, s. 12). Myndiggjering er det norske ordet for empowerment og er eit ord som også kjem til å bli brukt i denne oppgåva for empowerment-tilnærminga.

Ellingsen og Skjefstad forklarer myndiggjering som at ein brukar får hjelp til å mobilisere ressursar i både seg sjølv og omgjevnadane slik at ein kan oppleve meistring (2015, s. 104). For mange som er i ein vanskeleg situasjon vil det å finne strategiar for meistring og kontroll av den vere myndiggjerande. Som hjelpar i desse situasjonane vil det vere verksamt å motivere og vise vedkomande at dei sjølve innehar evnene til å meistre situasjonen sin.

Menneske med ei psykisk utviklingshindring er ofte i ei avmaktsposisjon til dømes ved at dei ikkje har verbalt språk og dermed har vanskar for å kommunisere sine ønskjer samt fortelje om sine grenser eller situasjonar som er utfordrande for dei. Mange bur i omsorgsbustadar der dei har personale som kontrollerer mykje av dagen deira og som dermed innehar mykje makt ovanfor dei busette. I tillegg kan andre utfordringar vere somatiske utfordringar, vanskar med å forstå og analysere sosialt samvær. Dette er ei gruppe menneske som er marginaliserte og diskriminerte i samfunnet og blir sett på som ei av dei «svake gruppene» i samfunnet (Askheim, 2012, s. 151). Som ei marginalisert gruppe vil dei vere i ei posisjon der det er vanskelegare å bli involvert og teke på alvor. Det har vore ei usikkerheit i om empowerment-tenkinga er like relevant ovanfor denne brukargruppa som andre. Denne debatten baserar seg på deira forståelse samt bevisstheit om sin egen posisjon. Empowerment-tenkinga leggjer vekt på at alle har rett til sjølvbestemmelse og å ha makt over eige liv og at det er opp til fagpersonane å leggje til rette for myndiggjering i arbeid med dei med kognitive nedsettingar (Askheim, 2012, s. 151). På grunn av alle desse faktorane understrekar Croft og Beresford (Sitert i Askheim, 2012, s. 152) at støtte frå hjelpeapparatet dermed er essensielt for at desse svake gruppene skal bli empowered.

For at brukaren skal føle seg «empowered» må det skje i daglegdagse situasjonar der dei kan føle at dei blir sett og ressursane deira blir teke i bruk. Dette kan handle om kva ein et eller kven ein er saman med eller kva aktivitet ein skal gjere den dagen. I desse tilfella handlar det ofte om dei profesjonelle sine forventingar og ønskjer enn om brukaren sine evner og ferdigheiter. Å oppretthalde desse små tinga vil gjere at ein fortsetter å undertrykke gruppene og ikkje lar dei vere ekspertar i eige liv. Empowerment-tilnærminga baserer seg på endringsarbeid og at gjennom arbeid med myndiggjering på individ og systemnivå kan ein ende opp med å vere i ein ny og betre posisjon.

Drøfting og refleksjonar

I dette kapittelet blir dei tre forskingsspørsmåla som blei introdusert i innleiinga diskutert. I første delkapittel blir dei ulike angstbehandlingane for dei med psykisk utviklingshindring presentert samt Bakken (2015, ss. 134-137) sine teoriar om angstlindrande teknikkar for denne brukargruppa. I andre delkapittel kjem det fram korleis ein kan nytte empowerment-tilnærminga i angstbehandling og korleis eksponeringsterapi gir grobotn for myndiggjering av brukaren. Siste delkapittel svarar på det tredje forskingsspørsmålet om korleis brukarmedverknad er eit reiskap for å meistre angsten hjå personar med psykisk utviklingshindring.

Ulike typar angstbehandling

Angst er ei psykisk liding som er både fysisk og mentalt krevjande. Ein lev med eit ubehag og ei frykt for å stå i situasjonar der angsten skal kome fram og dei kjenslene som oppstår då (Skårderud, Haugsgjerd, & Stänicke, 2018, s. 309). Det er mange ulike metodar å behandle angst på og det er nyttig at den er individuelt

tilpassa den enkelte og det er naudsynt med ei skikkeleg utredning av vedkomande før ein bestemmer seg for behandlingsopplegg. Grunnen til dette er at ei type behandling ikkje vil funke på alle dei med ei angstliding og ein må tilpasse behandlinga etter kva pasienten er komfortabel med, ønskjer samt kva diagnosen er. Dette gjeld både dei med og utan ei psykisk utviklingshindring. I dette delkapittelet blir det lagt fram fleire typar angstbehandling som blir brukt for dei med psykisk utviklingshindring for å få fram kor fokuset til behandlarane ligg i dag. I tillegg vil dei ulike behandlingane som blir nemnt nedanfor vere tiltak som ein kan setje i verk der brukaren er og vere relevant for sosialarbeidarar.

Biologiske behandlingar av angst inneber medikamentell behandling noko som gir rask lindring men har som regel langtids biverknadar slik som avhengigheit. Ifølgje Sørensen (2020, s. 251) har forbruket av psykofarmaka i denne brukargruppa auka frå 34% i 1984 til 44% i 2004. Dette talet har auka og med tanke på at det er vanskelegare å diagnostisere denne gruppa på grunn av den kognitive nedsettinga kan ein reflektere over om denne overmedisineringa av brukargruppa kan vere skadeleg for dei som er feildiagnostisert med ei angstliding. Derfor er det nyttig å ha fokus på psykososiale metodar innan angstbehandling. Nokre vanlege behandlingsmetodar som blir brukt med menneske med psykisk utviklingshindring er eksponeringsterapi som omhandlar trening i å utsette seg for det ein har angst for, psykoedukasjon og innsiktsterapi samt miljøbehandling (Bakken T. L., 2015, s. 131). Vidare i oppgåva vil hovudfokuset vere dei tiltaka som leggjar til rette for og baserer seg på tilnærmingar som har brukaren i fokus og leggjer til rette for meistring og myndiggjering.

I tillegg til desse behandlingane som kan føregå over lengre tid finns det mange tiltak ein kan nytte som skal funke stressreduserande og angstlindrande i situasjonane der ein opplever angstsymptom. Regulering av kjensler er noko menneske med ei psykisk utviklingshindring kan ha vanskar med og hjelp frå profesjonelle er viktig for å kunne setje ord på dei kjenslene brukarane opplever (Bakken T. , 2015, s. 100). I ein situasjon der ein person med ei psykisk utviklingshindring opplever angst vil det vere verksamt som hjelpar å vere der for å regulere deira kjensler slik at brukaren ikkje skal ha det så vondt. Forsking viser at avspenningsøvingar der ein går frå å vere på eit høgt nivå av stress til å oppnå ro og kvile reduserer angst også hjå personar med psykisk utviklingshindring (Bakken T. L., 2015, s. 136). Pusteteknikk er ein måte å få kontroll over kroppen der brukaren skal rette fokuset sitt på å puste riktig. Som hjelpar kan ein foreslå å ta djupe pust etterfølgt av utblåsingar til ein ser at brukaren kan slappe litt meir av. Dette er såpass oppmerksemdkrevjande at dei andre tankane om det som er skremmande forsvinner. Andre avspenningsøvingar kan vere massasje, fotbad eller musikk som dei har kjennskap til og som du veit dei nyttar til avslapping (Bakken T. L., 2015, s. 136). Naturlegvis er ikkje det sagt at brukaren er i stand til å utføre desse øvingane men dersom ein får kontroll på pusten og opplever meistring kan det ha fleire positive resultat. Menneskjer med lett- eller moderat psykisk utviklingshindring kan ha enklare med å utføre og oppnå kontroll over pusten enn dei med alvorleg- eller djup psykisk utviklingshindring på grunn av ei mildare kognitiv svikt samt dei har enklare for å forstå instruksar. Som hjelparar er det svært viktig at vi har brukar i fokus gjennom heile behandlingane og at ein tek omsyn til den reduserte kognitive fungeringen til brukaren. Å nytte pusteteknikk kan vere vanskeleg og ikkje verksamt dersom brukaren har ei djup psykisk utviklingsindring samt dersom brukaren er i full alarmberedskap. Å lære brukar å kjenne før ein går vidare i prosessen er viktig for å kunne få noko ut av behandlinga og ikkje påføre brukaren meir engstelegheit. Eit av

måla med denne avspenningsteknikken er å få brukaren til å lære korleis ein kan regulere seg sjølv og dei kjenslene som dukkar opp i angstsituasjonar.

Hos neurotypiske menneske vil vi oftast klare å roe ned pulsen og slappe av sjølve etter å ha stått i ein angstprega situasjon medan dei med ei kognitiv nedsetting ofte ikkje forstår korleis dei skal handtere eigne kjensler eller klarer å fortelje hjelparane kva dei føler. Ved nytte av desse teknikkane brukar ein empowerment-tilnærminga fordi ein hjelper brukaren å ta i bruk eigne ibuande ressursar for å meistre angsten (Ellingsen & Skjefstad, 2015, s. 104). Dette kan vidare føre til meir motivasjon for endring og meir trua på eigne ferdigheiter. Stressreduserande tiltak som dette kan også over tid verke som behandling av lidinga spesielt om ein koplar det til fleire behandlingsmåtar og dersom brukaren sjølv tek i bruk teknikkane utan hjelp. Grunnen til det er fordi ein får ei oppleving av kontroll og klarer å handtere dei kjenslene ein kjenner på kroppen når ein er i ein angstprega situasjon.

Fobisk angst, panikkangst, traumelidingar, tvangslidingar og generalisert angst er dei fem hovudgruppene innan angst (Skårderud, Haugsgjerd, & Stänicke, 2018, ss. 310-314). Behandling av desse ulike typane vil ofte vere ulike fordi kjenneteikna og bakgrunnen for angsten er forskjellig. Det vil likevel vere tilfelle der same type tilnærming funkar på ulike angstlidingar. Eksponeringsterapi kan vere like nyttig for dei som er redde for høgder som dei som har diverse ulike tvangshandlingar. For dei som er redde for høgder kan det vere verksamt å sakte men sikkert utsette seg for høgder på ein systematisk og naturleg måte. Eksponeringsterapi for tvangshandlingar kan gjerast ved at ein unngår å gjere desse handlingane for å teste ut og avkrefte dei tankane som gjer at ein ønskjer å utføre handlingane. Resten av oppgåva vil forgå utan å gå for langt inn på dei spesifikke typane angst men korleis ein kan nytte sosialfagleg tilnærmingar for behandling av angst og som sagt kan ein arbeide med den på ulike måtar. Behandlinga må uansett vere basert på brukar sine ønskjer og kva ein tenkjer er mest verksamt for det individet.

Oppsummert er det fleire måtar ein kan behandle angst hjå personar med ei psykisk utviklingshindring på. Døme på nokre tiltak kan vere eksponeringsterapi, psykoedukasjon og kognitiv terapi. Noko som er viktig å ha i bakhovudet er at ein som profesjonsytar må vere der for å regulere kjenslene som brukar føler på i dei angstprega situasjonane. Dette kan gjerast med avspenning og stressreduserande tiltak. Alle dei ulike tiltaka må tilretteleggjast den enkelte brukaren og deira evner samt ønskjer.

Myndiggjering som angstbehandling

Støtte frå hjelpeapparatet er svært viktig for at menneske med psykisk utviklingshindring skal kunne oppleve å bli myndiggjort (Askheim, 2012, s. 152). Innanfor denne brukargruppa vil det innebere blant anna at ein hjelper dei med å utvikle ferdigheiter og praktisk støtte. Verkemiddela for å realisere målet må tilpassast den enkelte men det er fullt mogleg samt nyttig å bruke empowerment-tenkinga for menneske med til dømes kommunikasjons- og åtferdsvanskar. Dette medfører at ein som hjelpar oppfattar dei signala som brukar sender der dei uttrykkar sine behov og synspunkt. Myndiggjering handlar om å få brukaren ut av ein avmaktsposisjon som dei ikkje har moglegheit til å komme seg ut av sjølv. Menneske med psykiske utviklingshindringar vil slite med å forstå og behandle angsten sjølve. Angst er ei liding som hindrar ein å leve optimalt samt reduserer livskvaliteten (Wigaard & Bakken, Kapittel 6: Angstlidelser, 2020, s. 78). Målet med å arbeide med angstbehandlingar som eksponeringsterapi og avspenningstiltak er for å gi brukaren

ei kjensle av meistring så dei kan få betre sjølvkjensle og komme seg ut av den posisjonen dei er i.

Bakken (2015, s. 133) meiner at oppleving av kontroll vil auke moglegheita for å meistre den situasjonen ein er i. Mangelen på kontroll over situasjonen eller seg sjølv kan utløyse enda meir stress og etterkvart kognitiv overbelasting. Vi veit at kognitiv overbelasting kjem av at hjernen er sliten og ein ikkje klarer å forstå eller handtere fleire oppgåver (Wigaard & Bakken, Kapittel 6: Angstlidelser, 2020, s. 82). Personar med psykisk utviklingshindring har ofte behov for rutinar og struktur for å ha kontroll over omgjevnadane rundt seg og gjeremål og dersom noko er utanfor det vanlege kan det gjere dei stressa eller forvirra. I tillegg kan kommunikasjonsvanskar gjere at det er vanskeleg å gi uttrykk for frustrasjon og at ein som hjelpar ikkje forstår at ein har fråtatt dei kontrollen som dei ønskjer å ha. Struktur og oversiktheit er difor ein måte å handtere angst og engstelegheit på og kanskje er brukar berre utrygg fordi dei ikkje forstår kva som skjer. Groundingteknikkar handlar om å ta kontroll over dei kjenslene ein kjenner og åtferda ein har i situasjonen (Bakken T. L., 2015, s. 136). Då opplever brukaren kontroll men på grunn av den kognitive nedsettinga må hjelpar vere aktivt med på og brukar kan lære dette og jobbe med det vidare sjølv. Døme på dette kan vere at brukar og hjelpar saman kan stå og kjenne at ein står stødig på golvet eller om ein fokusere på å bevege stortåa saman med hjelparen og dermed avleie seg frå det ubehagelege. Neste gong dei opplever angsten klarer å ha fokus på å få roe ned symptoma ved å bevege stortåa eller med pusteteknikk har dei meistra teknikken sjølve. Dette baserer seg på myndiggjerings-tenkinga og at brukaren tek i bruk eigne ressursar for å meistre hendinga. Sjølv om ein får hjelp frå profesjonsutøvaren til korleis ein skal ta i bruk puste- eller groundingteknikkar vil dei oppleve kontroll på angstsymptoma og ved at ein som hjelpar kanskje kan gi ros og anerkjenning kan dette føre til at dei opplever meistring over situasjonen sin. Ved å ha rutinar og struktur samt hindrar brukaren kognitiv overbelasting og å nytte groundingteknikkar får brukaren meir kontroll over kroppen når symptoma kjem. Det er verdt å reflektere om det å nytte seg av slike faste tidsplanar berre er positivt eller om det kan gjere det enda meir skremmande når desse planane først blir endra eller brote. Avslappings- og groundingteknikkar kan også verke negativt dersom brukaren ein gang ikkje klarer å nytte dei og deretter blir usikker på eiga evne til å handtere situasjonen.

For å hindre overbelasting kan det hjelpe å redusere og avgrense dei krava og forventingane ein har til brukaren. Dersom eit menneskje med ei psykisk utviklingshindring har ein fobisk angst (Skårderud, Haugsgjerd, & Stänicke, 2018, s. 310) for hundar er målet at dei ikkje skal oppleve angstsymptom når dei møter på hundar på tur. Alle dei som har kjent på angst vil forstå at dette er eit svært stort mål og kor vanskeleg vegen dit vil vere. Å setje mindre mål vil gjere det enklare å jobbe etter og ein vil føle meistring og motivasjon når ein har nådd desse. Gjennomføring av måla på ein tilfredsstillande måte kan verke terapeutisk (Wigaard & Bakken, Kapittel 6: Angstlidelser, 2020, s. 86). Dei fleste kan kjenne seg igjen i at det er motiverande når ein får krysse ut noko som skulle gjerast i kalenderen eller at ein endeleg fekk malt den veggen i gangen. Små målsetnadar som er realistiske og konkrete er nyttige for å oppleve meistring og for å føle seg betre. Som sosialarbeidar med nokon som har ei psykisk utviklingshindring må ein arbeide saman med brukaren for å komme fram til små mål som ein tenkjer er nyttige for å komme vidare i prosessen. Når brukaren ser ein hund under ein gåtur saman med eit personalet og bestemmer seg for å gå vidare men på andre sida av vegen har ein oppnådd eit lite mål og vunne en del av kampen mot angsten. I arbeid med angst og spesielt i denne brukargruppa burde små steg i riktig retning bli anerkjent og applaudert for å gi

brukaren håp for å kunne overvinne eller minske angsten. Dette er ei gruppe menneske som dessverre er vandt med å bli retta på eller kjefta på fordi dei ikkje utfører ting slik som andre eller dei ikkje forstår alt på same måte som andre menneske. Ved å presisere til brukaren at dei har moglegheit og ressursar til å overvinne desse måla blir empowerment brukt som eit verktøy for få brukaren motivert til endring.

Eksponeringsterapi går ut på at ein blir utsett for det ein har angst for på ein kontrollert og målretta måte og dette blir mykje brukt for dei men ei psykisk utviklingshindring (Wigaard & Bakken, Kapittel 6: Angstlidelser, 2020, s. 86). Denne typen kognitiv terapi blir ofte brukt for å klare å meistre det ein har angst for og for å kunne stå i situasjonen. Det handlar om at ein må stå i desse situasjonane og trene på å halde roa og møte det ein er redd til ein til ei viss grad er avslappa. Dei tre handlingmoglegheitene som oppstår når ein møter angst er å kjempe imot, flykte eller fryse (Skårderud, Haugsgjerd, & Stänicke, 2018, s. 309). Denne terapien har som eit mål å endre den naturlege responsen som til dømes er å flykte frå situasjonen til å stå i den. Når ein opplever å klare å stå i det og at panikken ikkje inntreffar vil det framkalle ei meistringskjensle. Behandlinga inneberer eit stort ubehag fordi ein vil måtte møte det ein har angst for og det er her hjelparar kan bistå brukaren med å setje ord på deira kjensler samt vere der å regulere deira kjensler (Bakken T. , 2015, s. 100). Menneske med ei nedsetting kan ha vanskar for å forstå kvifor dei må stå i den ubehagelege situasjonen og kvifor dei ikkje kan fjerne seg frå situasjonen. Det er her kommunikasjon og psykoedukasjon er viktig. Som hjelpar er det naudsynt å kommunisere med brukar gjennom heile øvinga og forklare alt som skjer slik brukaren forstår det.

For å nytte empowerment i angstbehandling må ein nytte tiltak som får brukaren til å føle på meistring og at dei har kontroll over situasjonen. Gjennom groundingteknikkar der ein med fysiske tiltak oppnår kontroll og får tankane over på noko anna har brukaren fått oppleve at dei kan regulere desse kjenslene sjølve og tek i bruk eigne ressursar for å kontrollere kjenslene. Å redusere krav og forventingar er ein måte å hindre kognitiv overbelasting på og ein kan heller setje små og konkrete mål som ein skal jobbe mot og som er realistiske å gjennomføre. Det er viktig å gi ros og anerkjenning når brukar får kontroll på angsten noko som også er ein måte å myndiggjere ein person i ei marginalisert gruppe. Eksponeringsterapi er ei behandling som blir brukt mot angst hjå personar med psykisk utviklingshindringar og bidreg til å redusere redselen for uvisse situasjonar ved å utsette seg for det i kontrollerte og naturlege situasjonar. Opplevinga av at ein har kontroll på situasjonen kan gjere ein brukar «empowered».

Brukaren sin medverknad i angstbehandling

Brukarmedverknad handlar om å la brukaren vere ein aktiv del av forminga og gjennomføringa av tenesta (Ellingsen & Skjefstad, 2015, s. 106). Som hjelpar skal ein gjere brukaren til ein deltakar i arbeidet for å komme til eit felles mål. Dette er som regel med enkelt å gjennomføre i tilbod for vaksne nevrotypiske individ som har enklare for å forstå rammene rundt situasjonen og reflektere meir over kva dei sjølv meiner er best for dei. Det som kan vere til hinder eller gjere brukarmedverknad vanskelegare for dei med ei utviklingshindring kan vere brukarane si kognitiv evne og forståing av sin situasjon, språk, kommunikative ferdigheiter, evne til å forstå sosialt samspel og til dømes utfordrande åtferd på grunn av frustrasjon. Sosialarbeidarar må likevel leggje like stor vekt på brukarmedverknad i arbeidet med personar med ei kognitiv nedsetting og korleis ein kan få brukaren til å ta del i si teneste. Det er

hjelparen sitt ansvar og plikt å leggje til rette for brukarmedverknad der dette gjer det vanskeleg.

